



# Prinsipp- og handlingsprogram 2017-2021

*– Vi tek heile Noreg i bruk*

# Innhald

Side	Kapittel
1	<b><u>Innhald</u></b>
4	<b><u>Innleiing: Ta heile Noreg i bruk!</u></b>
5	<u>1) Samfunnet blir bygd nedanfrå – stans sentraliseringa!</u>
6	<u>2) Fellesskapsløysingane er framtida</u>
6	<u>3) Konstruktiv medspelar i ei uroleg verd</u>
7	<u>4) Demokratisk fellesskap i nasjonalstaten</u>
7	<u>5) Næringsutvikling og vekst over heile landet gjennom aktiv bruk av norsk natur og norske ressursar</u>
7	<u>6) Rein og trygg mat frå eit landbruk som held landet i hevd</u>
8	<u>7) Noreg må gå føre i klimaarbeidet</u>
8	<u>8) Fleire må ta del i arbeidslivet</u>
9	<b><u>Økonomisk politikk: Langsiktig og ansvarleg</u></b>
9	<u>Innleiing</u>
10	<u>Skattar og avgifter</u>
11	<u>Statens pensjonsfond utland</u>
13	<b><u>Lokaldemokrati og kommunane: Nærleik i kvardagen</u></b>
13	<u>Innleiing</u>
14	<u>Noreg treng ei tillitsreform – stans byråkratiseringa</u>
15	<u>Sterkare kommunar og fylkeskommunar</u>
17	<b><u>Næringspolitikken: Verdiane blir skapte i heile landet</u></b>
17	<u>Innleiing</u>
18	<u>Krafttak for gründerar og små og mellomstore bedrifter (SMB)</u>
19	<u>Industri, sjøfart, mineralnæring, reiseliv og finans</u>
19	<u>Matlandet Noreg</u>
20	<u>Fiskeria – ei nøkkelnæring langs kysten</u>
21	<u>Sats på verdiskapinga i havbruksnæringa</u>
22	<u>Landbruk</u>
25	<u>Olje og gass</u>
27	<b><u>Klima og miljø: Berekraftig bruk</u></b>
27	<u>Innleiing</u>
27	<u>Klimapolitikken – vegen vidare frå Paris</u>
29	<u>Grøn vekst</u>
31	<u>Energipolitikk i fornybarsamfunnet</u>
32	<u>Ta vare på matjorda!</u>
32	<u>Aktiv forvaltning av natur og biologisk mangfald</u>
33	<u>Rovvilt</u>
35	<u>Friluftsliv</u>

<b>36</b>	<b><u><a href="#">Transport og kommunikasjon: Framtidsretta norsk infrastruktur</a></u></b>
36	<u><a href="#">Innleiing</a></u>
37	<u><a href="#">Vegar, bilar og sykklar</a></u>
38	<u><a href="#">Kollektivtilbod: Jernbane, buss, båt og taxi</a></u>
39	<u><a href="#">Luftfart</a></u>
40	<u><a href="#">Hamner og farleier</a></u>
40	<u><a href="#">Digital allemannsrett</a></u>
41	<u><a href="#">Post</a></u>
<b>42</b>	<b><u><a href="#">Arbeid og velferd: Gjer di plikt, krev din rett</a></u></b>
42	<u><a href="#">Innleiing</a></u>
44	<u><a href="#">Velferd</a></u>
45	<u><a href="#">Bustadpolitikk</a></u>
47	<u><a href="#">Personar med nedsett funksjonsevne</a></u>
<b>48</b>	<b><u><a href="#">Helse og omsorg: Førebygging framfor reparasjon</a></u></b>
48	<u><a href="#">Innleiing</a></u>
49	<u><a href="#">Folkehelse og førebygging</a></u>
49	<u><a href="#">Alkohol og tobakk</a></u>
50	<u><a href="#">Narkotika</a></u>
51	<u><a href="#">Kommunehelsetenesta</a></u>
52	<u><a href="#">Eldreomsorg</a></u>
53	<u><a href="#">Spesialisthelsetenesta</a></u>
55	<u><a href="#">Lokalsjukehusstilbodet og fødetilbod</a></u>
56	<u><a href="#">Akuttilbod utanfor sjukehus</a></u>
56	<u><a href="#">Psykiatri</a></u>
56	<u><a href="#">Kamp mot antibiotikaresistens</a></u>
57	<u><a href="#">Bioteknologi – etiske dilemma om liv</a></u>
<b>58</b>	<b><u><a href="#">Utdanning og forskning: Læring for alle</a></u></b>
58	<u><a href="#">Innleiing</a></u>
59	<u><a href="#">Retten til å bli sett – motivasjon, gjennomføring og rådgiving</a></u>
60	<u><a href="#">Læraren</a></u>
60	<u><a href="#">Grunnskulen</a></u>
61	<u><a href="#">Vidaregåande opplæring</a></u>
62	<u><a href="#">Sats på fagopplæring!</a></u>
63	<u><a href="#">Høgare utdanning</a></u>
64	<u><a href="#">Forsking</a></u>
64	<u><a href="#">Livslang læring</a></u>
<b>65</b>	<b><u><a href="#">Barn, familiar og likestilling: Tryggleik – og fridom til å velje</a></u></b>
65	<u><a href="#">Innleiing</a></u>
65	<u><a href="#">Barnetrygd og kontantstøtte</a></u>
66	<u><a href="#">Kvalitet i barnehagane</a></u>
66	<u><a href="#">Skulefritidsordninga (SFO)</a></u>
67	<u><a href="#">Barnevernet</a></u>
68	<u><a href="#">Likestilling</a></u>

- 70** [Innvandring og integrering: Ansvarleg og inkluderande](#)  
70 [Innleiing](#)  
71 [Flyktning- og asylpolitikk](#)  
72 [Integrering – tenkje globalt, integrere lokalt](#)
- 73** [Justispolitikken: Tryggleik i kvardagen](#)  
73 [Innleiing](#)  
74 [Politi- og lensmannsetaten](#)  
75 [Straff](#)  
76 [Kriminalomsorg](#)  
76 [Domstolane](#)  
77 [Grensekontroll](#)
- 78** [Kultur og idrett: Frivillig innsats er «limet» i samfunnet](#)  
78 [Innleiing](#)  
79 [Urfolk og nasjonale minoritetar](#)  
80 [Kulturminne og museum](#)  
80 [Frivillig sektor](#)  
81 [Idretten](#)  
82 [Kyrkje og livssyn](#)  
83 [Mediepolitikk](#)
- 84 [Utanrikspolitik og Forsvaret: Norske interesser og internasjonal stabilitet](#)  
84 [Innleiing](#)  
85 [Internasjonal handel](#)  
86 [Bistand og utviklingshjelp](#)  
87 [EU/EØS](#)  
88 [Forsvar og tryggingpolitikk](#)



# Ta heile Noreg i bruk!

*Kjære veljar!*

Noreg er eit godt land å bu i. Vi har ei offentleg finansiert utdanning og eit helsestell dei fleste i verda ikkje har tilgang til. I tillegg har dei aller fleste av oss eit fornuftig arbeid å gå til, og statsfinansane er gode. Vi skil oss dermed ut frå mange land i Europa. I Noreg er det små forskjellar mellom folk. Det er høg tillit og eit sterkt fellesskap. Ei langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursane våre har spela ei viktig rolle i norsk historie. Vi har mykje å forsvare og mykje å vere stolte av.

Men vi er heller ikkje ferdige. Vi kan stadig bli betre – og vi har som samfunn store og uløyste utfordringar. Blant anna er det for mange som er utanfor arbeidsmarknaden, dei sosiale skilja aukar, integreringa av nye nordmenn må gå raskare og betre, vi må redusere det offentlege byråkratiet, og vi må leggje til rette for vekst og verdiskaping over heile landet.

## Verdigrunnlaget til Senterpartiet

Senterpartiets formålsparagraf lyder:

***Senterpartiet har som mål å leggje vilkåra til rette for ei harmonisk samfunnsutvikling. Eit levende folkestyre, bygd på kristen og nasjonal grunn, er ein føresetnad for at folket skal trivast og landet ha framgang. Individet og menneskeverdet skal vere det sentrale i samfunnet og bli vist tillit i fellesskapet. Dei sosiale, kulturelle og økonomiske tiltaka samfunnet set i verk, må ta sikte på å skape vekstvilkår og trivsel for alle uansett kvar dei bur, eller kva yrke dei har.***

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil arbeide for eit samfunn der menneska kan utvikle seg fritt. Samfunnskontrakten skal oppfyllest av myndige menneske som tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og for naturen. Verdigrunnlaget til Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og menneskeverdet er ukrenkjeleg og overordna andre verdiar.

Jorda er ein arv som vi har plikt til å forvalte for etterkomarane våre. Senterpartiet vil at Noreg skal ta sin del av ansvaret for å løyse miljø- og klimaproblema. Senterpartiet vil gjere dei fornybare naturressursane – og bruken av dei i lange verdikjeder – til fundamentet for økonomien. Eit levande folkestyre og gode lokalsamfunn skal gi folk tryggleik, tilhøyrse og identitet. Den norske samfunnskontrakten – der vi yter etter evne, og der fellesskapet stiller opp for kvar enkelt – føreset at det er tillit mellom folk. Rettferdig fordeling, små forskjellar og sosial tillit heng tett saman. Senterpartiet arbeider for eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske forskjellar. Senterpartiet står for utjamning av ressursar og levekår mellom samfunnsgrupper, mellom landsdelar og mellom rike og fattige land.

Rettferdig fordeling oppnår vi best gjennom eit levande folkestyre og desentralisering av eigedomsrett, makt, kapital og busetnad. Senterpartiet vil sikre den private eigedomsretten. Retten til eigedom er viktig for tryggleiken til kvar enkelt – og for samfunnet som heilskap. Ein sunn balanse mellom offentleg og privat eigarskap har gjort Noreg til eit høgproduktivt land med ein velferdsstat som fungerer godt. Senterpartiet vil forvalte denne historiske arven vidare og slå ring om den norske velferdsmodellen. Senterpartiet er motstandar av ein uhemma marknadliberalisme, og løftar fram folkestyret og blandingsøkonomien som alternativ.

Fred mellom folk og nasjonar byggjer på gjensidig respekt og toleranse. Noreg må arbeide for ei verd der fleire konflikter blir løyste med politiske og diplomatiske middel. Senterpartiet vil styrkje den nasjonale sjølvrådetretten, og meiner at mellomstatleg samarbeid mellom sjølvstendige land best tek hand om behova til borgarane. Senterpartiet vil forsvare menneskerettane og den liberale rettsstaten.

Med utgangspunkt i verdiane våre peikar vi ut åtte særlege utfordringar som vi må finne ei klok, politisk løysing på:

### **1) Samfunnet blir bygd nedanfrå – stans sentraliseringa!**

Regjeringa Solberg er ei av dei mest sentraliserande regjeringane nokon gong. Uansett kva spørsmålet er, er svaret færre og større einingar og sentralisering. Senterpartiet meiner at dette er grunnleggjande feil. Det er kostbart, og det reduserer kvaliteten og effektiviteten på dei tenestene som samfunnet skal tilby.

Å ta hand om tryggleiken til eigne innbyggjarar er den mest grunnleggjande oppgåva til staten. Gjørv-kommisjonen slo fast at staten svikta då terroren ramma. Regjeringa har vurdert at beredskapen i Noreg er mangelfull, og har svart på det med å setje inn fleire byråkratar framfor meir operativ verksemd, etterforsking og nærvær. Det som no skjer innanfor politiet og med den nasjonale beredskapen vår, er berre nokre av fleire døme på at ord som «profesjonell» og «robust» i praksis betyr meir byråkrati, større einingar og uklar plassering av makt og ansvar. Det blir stadig fleire direktorat og kontrollmekanismer. For dei som jobbar direkte med tenesteyting, anten dei er politifolk, sjukepleiarar eller lærarar, går ein stadig større del av tida med til å rapportere og dokumentere. Utviklinga fører til at staten i praksis ikkje er til stades i store område av Noreg. Sjølv i folketette område opplever vi i dag nedlegging av arbeidsplassar og tenestetilbod og sterk sentralisering.

Senterpartiet meiner at ei anna utvikling er både mogleg og nødvendig: Meir ansvar og makt må plasserast lokalt der folk lever og der tenestene skal produserast. Ein mindre statsadministrasjon og meir ressursar til tenesteproduksjon vil auke både kvaliteten og omfanget på alt frå politi til helsetenester. I tillegg må kvar enkelt få større ansvar og makt over eige liv og eigen eigedom. Å sleppe å søkje eller melde frå til staten eller kommunen er desentralisering i praksis.

Senterpartiet vil vidareutvikle eit godt offentleg tenestetilbod i *heile* Noreg. Helse, skule og velferd skal vere godt utbygd over heile landet og sikre folk eit likeverdig tenestetilbod uavhengig av kvar dei bur. God finansiering av alle kommunane i landet er derfor avgjerande. Senterpartiet er oppteke av tilstrekkeleg finansiering av barnehage, skule, heimebaserte tenester og sjukeheim. Når dei fungerer godt, reduserer det også behovet for dei meir spesialiserte tenestene.

Offentlege tenester skal vere eit tilbod nær folk. Alle dei viktigaste tenestene skal vere tilgjengelege der folk bur. Tilgang på barnehage, skule, eldreomsorg og sjukeheim er ein føresetnad for at lokalmiljø skal kunne utvikle seg, og for at folk skal kunne busetje seg der dei ønskjer. At kvaliteten skal vere likeverdig over heile landet, burde vere ei sjølvfølge.

Gjennom å kutte i inntektene til dei mindre kommunane legg regjeringa opp til at kvaliteten på tenestene blir dårlegare. Senterpartiet vil utvikle og ta vare på gode, offentlege tenester over heile landet, uansett kor stor kommunen er.

## **2) Fellesskapsløysingane er framtida**

I ei tid der forskjellane aukar, vil Senterpartiet kjempe for fellesskapsløysingane. I eit samfunn med små økonomiske og sosiale forskjellar møtest vi borgarar på mange arenaer og dannar fellesskap. Dette skaper tillit og samhald i samfunnet. Dette vil Senterpartiet arbeide for å ta vare på og styrkje. Rettferdig fordeling er derfor ein av grunnpilarane i samfunnsmodellen vår. Vi kjempar for ei utjamning mellom sosiale grupper, mellom regionar og lokalsamfunn, og mellom fattige og rike land i verda.

Senterpartiet kjempar for ei meir rettferdig verd. Noregs internasjonale arbeid må ta utgangspunkt i at vi på brei front kjempar for menneskerettar og mot krig, fattigdom og miljøødelegging. Vi har lagt bak oss ein periode der nyliberalismen langt på veg har fått definere dei politiske løysingane i verda, og der samarbeidet mellom land er prega av storkapitalen og interessene til dei multinasjonale selskapa. Senterpartiet er kritisk til dette og byggjer det internasjonale argumentet sitt på prinsippa om folkestyre, utjamning og regulert marknadsøkonomi.

## **3) Konstruktiv medspelar i ei uroleg verd**

Ei uroleg verd prega av fattigdom, svolt, naturkatastrofar og krig har gitt rekordhøge flykntingtal. Dette har også ført til at mange kjem til Noreg. Noreg skal i god tradisjon gjere det vi kan for å forbetre ein håplaus livssituasjon for millionar av menneske. Men vi må ha kontroll på innreisene til Noreg og over våre eigne grenser dersom vi skal sikre velferdsstaten og ei god integrering. På den måten sikrar vi at det norske samfunnet på ein god måte er i stand til å inkludere dei som kjem. Vi meiner også at systemet i dag ikkje er rettferdig for dei som treng hjelpa vår mest. Vi vil derfor prioritere kvoteflyktingar gjennom FN. Vi vil også prioritere humanitær hjelp og langsiktig bistand i nærområda for å hjelpe så mange som råd.

Ekstremisme av alle slag og auka fare for terror er noko vi må ta på alvor. Det set det liberale Noreg på prøve. På den eine sida skal vi ta vare på personvernet i ei tid der dei tekniske moglegheitene for å overvake og kontrollere aukar kraftig. På den andre sida må vi så effektivt som mogleg overvake og hindre dei kreftene som kan tenkjast å slå til mot Noreg. Når det gjeld ekstremisme, terror og overgrep mot barn, er Senterpartiet villig til å tillate nødvendig overvaking, og vi vil ha eit omfattande samarbeid mellom land for å hindre slik alvorleg kriminalitet.

#### **4) Demokratisk fellesskap i nasjonalstaten**

Folkestyret må heile tida forsvarast og forbetrast. Det byggjer på at avgjerder skal takast nærast mogleg dei det gjeld, og det føreset ei desentralisering av makt. Folkestyret kan ikkje takast for gitt, og må stadig vitaliserast. Senterpartiet vil styrkje rolla til dei folkevalde og fyller dei demokratiske nivåa med nytt innhald gjennom å gi lokale og regionale folkevalde større mynde over – og ansvar for – eiga utvikling. Vi må avgrense byråkrati og offentleg forvaltning på alle nivå for å unngå at teknokratisk styring vinn plass på kostnad av politiske avgjerder.

Eit sterkt norsk folkestyre føreset at nasjonalstaten fungerer godt. Senterpartiet er imot å overføre makt til overnasjonale organ der norske veljarar ikkje lenger kan påverke kven dei er styrte av. Senterpartiet er derfor mot norsk medlemskap i EU og EØS. Medlemskap i EØS medfører ein trussel mot demokratiet og ei rettsleggjering og byråkratisering av det norske samfunnet som på sikt undergrev den velfungerande norske modellen.

#### **5) Næringsutvikling og vekst over heile landet gjennom aktiv bruk av norsk natur og norske ressursar**

Noreg har store fortrinn knytte til naturen, naturressursane og til at vi har ei befolkning med høg kompetanse som er busett over heile landet. Medan andre land har opplevd store problem fordi arbeidsplassar er blitt flytta til lågkostland, har vi i Noreg i stor grad klart å kompensere for dette gjennom å aktivt bruke rike naturressursar og å utvikle verdikjeder i tilknytning til dette. Dette krev kapital, kompetanse og teknologi. Vi trur det framleis er eit stort potensial for å vidareutvikle lønnsame verdikjeder med basis i norske naturressursar. Dette krev at vi bruker norsk natur offensivt og bevisst til verdiskaping.

Senterpartiet meiner at aktiv forvaltning og bruk – ikkje passivt vern – er den beste måten å ta vare på naturen på. Norsk natur har også ein verdi i seg sjølv, og vi må ta vare på han for framtidige generasjonar.

At vi ikkje er med i EU og valutaunionen, har vore og er svært viktig for oss. Eigen valuta har gjort auka konkurransekraft og omstilling mogleg utan høg arbeidsløyse og store kutt i offentlege budsjett. Fallande oljepris er i stor grad blitt kompensert med vekst i andre næringar, som landbasert industri og reiseliv.

#### **6) Rein og trygg mat frå eit landbruk som held landet i hevd**

Norsk matproduksjon må styrkjast slik at vi kan produsere meir mat i Noreg til ei veksande befolkning og kan halde kulturlandskap og arbeidsplassar ved lag over heile landet. Ein variert bruksstruktur, marknadsordningar som fungerer godt, og god utvikling i lønnsmda er nødvendig for å vidareutvikle eit av dei reinaste og mest miljøvennlege landbruka i verda. Havbruket er ein av dei matsektorane som veks raskast i verda, og norsk sjømatnæring har teke offensive posisjonar. Denne næringa må styrkjast ytterlegare i åra som kjem.

Det er stort behov for å auke matproduksjonen globalt. I Noreg produserer vi under halvparten av maten vi et, og folketalet aukar. Senterpartiet vil derfor følgje opp målsetjinga om auka matproduksjon på norske ressursar med sikte på auka sjølvforsyning. Heile landet må utnyttast, og det må leggjast til rette for best mogleg geografisk produksjonsfordeling. Reindrifta må sikrast rammevilkår som gir ei framleis berekraftig drift.



## **7) Noreg må gå føre i klimaarbeidet**

Verda har enorme klimautfordringar. Som eit rikt, oljeproduserande land har Noreg eit særleg ansvar for å gå føre i arbeidet med klimaomstilling. Senterpartiet vil at Noreg framleis skal liggje i tet internasjonalt.

All norsk produksjon skal vere så miljø- og klimavennleg som mogleg, og mange grep må takast for å utvikle det norske samfunnet til eit lågutsleppssamfunn. Ei omlegging i berekraftig retning opnar for store moglegheiter for å utvikle ny norsk industri, teknologi og kompetanse. Vi trur mykje kan og bør gjerast i Noreg. Vi er likevel skeptiske til å gjennomføre tiltak som i praksis berre flyttar problemet til ein annan stad med høgare utslepp og færre norske arbeidsplassar som resultat. Vi er heller ikkje med på å bruke klimasaka som argument for å fjerne skattane for dei som har mest, og erstatte dei med avgifter som rammar dei som har minst.

## **8) Fleire må ta del i arbeidslivet**

Vi kan ikkje slå oss til ro med at berre ein «relativt stor del» av den norske befolkninga tek del i arbeidslivet. Fleire eldre og stadig større etterspørsel etter offentlege tenester vil setje finansieringa av velferdsstaten under press. At så mange som mogleg er i jobb, er derfor heilt avgjerande. Det er i tillegg viktig for kvar enkelt å ha eit arbeid å gå til.

Å få fleire i arbeid og utnytte restarbeidsevna til kvar enkelt blir derfor svært sentralt i framtida. Dermed blir færre avhengige av ulike trygdeytningar. At norske trygde- og velferdsordningar ikkje blir eksporterte ut av landet, er også viktig. Dette er vesentlege tiltak for å sikre at vi framleis har likeverd og gode offentlege tenester i det norske samfunnet.

---

Senterpartiet er eit parti med både forankring og visjonar. Vi har lange tradisjonar for ansvarleg og pragmatisk styring av Noreg med praktiske løysingar vel tilpassa den tida vi lever i. I politikken ligg vegvala. Kva moglegheiter og verdiar ønskjer vi at dei som kjem etter oss skal ta del i? Kva plass skal Noreg ha i ei stadig meir globalisert verd? Dette er spørsmål vi prøver å gi svar på i dette programmet.



## Økonomisk politikk: Langsiktig og ansvarleg

- Velferdsstaten må finansierast, og alle må bidra.
- Skattesystemet må stimulere til vekst og sikre sysselsetjing og fordeling.
- Grøn skatteomlegging skal også bidra til økonomisk og geografisk utjamning.

Den økonomiske politikken til Senterpartiet byggjer på forvaltartankegangen. Vi er forplikta til å sikre at vi kan overlevere samfunnet i betre stand til neste generasjon. Den økonomiske politikken er ein sentral reiskap for å oppnå dette. Senterpartiet vil føre ein ansvarleg finanspolitikk som bidrar til stabil økonomisk utvikling og god sosial og geografisk fordeling. Den offentlege pengebruken skal vere nøktern og ansvarleg, samtidig som vi skal passe på at dei overordna oppgåvene blir løyste.

Den økonomiske situasjonen blir meir krevjande framover enn han har vore i det tiåret vi har lagt bak oss. Dette stiller større krav til oss som innbyggjarar og som samfunn. Gjennom strategiske og politiske val har vi bygd opp kunnskap og kompetanse om forvaltning og utvinning av dei rike naturressursane våre. Dette har gitt høg sysselsetjing og store inntekter – og ein alminneleg tillit i samfunnet som er svært høg. Vi må no byggje vidare på dei nasjonale fortrinna våre, slik at velferda kan sikrast gjennom vekst, verdiskaping og fordeling. Senterpartiet vil bruke den finansielle styrken til staten til å drive aktiv motkonjunkturpolitikk<sup>1</sup>, og sikre langsiktig økonomisk stabilitet.

Noreg skal vere eit godt land å drive næringsverksemd i. Noreg har gode føresetnader for vekst i næringslivet på grunn av dyktige fagfolk, moderne teknologi og naturressursane våre. Ein rettferdig og balansert skatte- og avgiftspolitik, store investeringar i infrastruktur og ei satsing på teknologi og kunnskap er nødvendig for at bedrifter i heile landet skal vekse.

<sup>1</sup> *Motkonjunkturpolitikk* inneber at vi ved hjelp av politiske strategiar prøver å motverke store svingingar i økonomien og leggje grunnlag for ei stabil økonomisk utvikling, tett knytt til dei økonomiske teoriane til John Maynard Keynes. New Deal frå USA i 1930-åra blir ofte løfta fram som eit eksempel på motkonjunkturpolitikk. Tenkinga har stått sterkt i Noreg etter andre verdskrigen.

Eigen valuta og pengepolitikk under nasjonal kontroll har vore avgjerande for å sikre tilpassingar til økonomiske svingingar. Denne råderetten skal vi også sikre for framtida. Senterpartiet er den sterkaste garantisten for ein sjølvstendig norsk valuta.

Ei av hovudoppgåvene for folkestyret er å sikre at alle gjennom eige arbeid får høve til å forsørgje seg sjølv og sine næraste. Det å kunne ha eiga inntekt sikrar personleg fridom, finansiering av felles velferd og inkludering. Alt dette gir grunnlag for økonomisk vekst.

Velfungerande og velregulerte finansmarknader er avgjerande for ein god økonomi. Reguleringar skal sikre finansiell stabilitet, godt forbrukarvern og eit trygt og sikkert betalingssystem. Norsk næringsliv, basert på små og mellomstore bedrifter, er i all hovudsak avhengig av bankfinansiering. Noreg har, med sine solide bankar og ein mangfaldig og desentralisert banksektor, eit godt utgangspunkt. Senterpartiet legg vekt på å føre ein politikk som gir rom for ein desentralisert banksektor med sterk vekt på sparebankar. Reguleringa av bankane må i større grad tilpassast storleiken på og risikobiletet til dei ulike bankane.

#### **Senterpartiet vil:**

- sikre ein stabil og føreseieleg økonomisk politikk som legg til rette for vekst og verdiskaping, sysselsetjing og god sosial og geografisk fordeling.
- sikre eigen valuta og pengepolitikk under nasjonal kontroll.
- grunnlovsfeste den norske krona.
- ha ein moderat bruk av oljepengar, godt innanfor dei rammene som handlingsregelen set.
- leggje vekt på at reguleringa av norsk banksektor ikkje påfører mindre bankar unødige regulatoriske krav.
- sikre at det norske Finanstilsynet har sjølvstende i verksemda si.
- sikre at kontantar framleis kan vere lovlege betalingsmiddel.

#### **Skattar og avgifter**

Skatt på arbeid, formue og næringsoverskot er viktige finansieringskjelder for fellesskapet. Skattepolitikken skal rettast inn effektivt, med breie skattegrunnlag og låge satsar. Skattebøra skal fordelast rettferdig og etter evne. Eit progressivt skattesystem er eit viktig verkemiddel i fordelingspolitikken.

Senterpartiet legg til grunn ein skattepolitikk som stimulerer til arbeid og innsats. Skattepolitikken skal medverke til auka entreprenørskap og nyskaping – og medverke til moglegheiter og utvikling i alle delar av landet. Derfor trengst det å styrkje dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla i skattesystemet. Skatteutjamning mellom skattesterke og skattesvake kommunar og den geografisk differensierte arbeidsgivaravgifta er sentrale verkemiddel i dette.

Skatte- og avgiftssystemet er eit viktig verkemiddel for å kutte klimautslepp. Skal vi forureine, skal vi betale. Men eit «grønt skatteskitte» må vere føreseieleg og kopla til andre tiltak som sikrar sosial og geografisk fordeling.

Det kommunale sjølvstyret føreset at vi har frie inntekter og høve til å forme utviklinga lokalt gjennom demokratiske prosessar. Senterpartiet vil styrkje dei moglegheitene lokaldemokratiet har til sjølv å påverke dei kommunale inntektene. Skatteinnkrevjinga skjer mest effektivt gjennom kommunale skattekontor, som vi må halde på.

Senterpartiet ser at den delingsøkonomien som veks fram, har eit potensial, men på det vilkåret at det blir etablert system der deltakarane betaler skattar og avgifter på linje med anna næringsverksemd. Kvaliteten på og kontrollen med dei varene og tenestene som blir tilbydde, må ikkje svekkjast. Det skal konkurrerast på like vilkår.

**Senterpartiet vil:**

- at skatte- og avgiftspolitikken skal sikre ei rettferdig og føreseieleg fordeling av kostnadene til fellesskapet mellom innbyggjarar og verksemder.
- redusere skatten på låge inntekter og auke skatten på høgare inntekter. Skattesystemet må bli meir progressivt.
- gi eit særskilt skattefrådrag til låglønte som er i arbeid.
- at skattesystemet skal fremje verdiskaping og framtidige investeringar i norsk næringsliv, effektivitet i økonomien, i tillegg til sosial og geografisk utjamning.
- at skattlegginga av bedriftene blir halden på eit nivå som medverkar til at bedriftene beheld verksemda si i Noreg, og at mest mogleg av overskotet blir att i bedriftene.
- gå gjennom og forbetre dei skattemessige avskrivingsreglane for å gjere norsk næringsliv meir konkurransedyktig.
- styrkje den differensierte arbeidsgivaravgifta som eit hovudverkemiddel i distriktspolitikken. Målet er at alle næringar og offentleg verksemder igjen skal kome inn i dette regelverket.
- sidestille reindrifta med landbruket når det gjeld avgifter på driftsmiddel.
- skjerme primærbustader med vanleg standard i skattesystemet og gå imot forslag om å innføre ein statleg eigedomsskatt.
- auke botnfrådraget i formueskatten og redusere vidare formuegrunnlaget for driftsmiddel og aksjar.
- trappe ned skattefrådraget for gjeldsrenter i hushalda i samsvar med skatteforliket i Stortinget 2016.
- intensivere innsatsen mot svart arbeid, sosial dumping og skatte- og avgiftsunndraging.
- sikre at internasjonale konsern med aktivitet i Noreg ikkje tilpassar verksemda si for å unngå å betale skatt i Noreg. Overskot som er generert i Noreg, skal skattleggjast her.
- arbeide for å innføre internasjonal skattlegging av multinasjonale selskap som er nullskatteytarar etter nasjonale skattetilpassingar.
- ha ein friare kommunal skatteprosent innanfor nasjonale rammer og halde på selskapskatten som ein fullt ut statleg skatt.
- styrkje og utvide skattefunnordninga.
- greie ut delingsøkonomien med tanke på skattlegging og regulering.
- styrkje skattefrådraget for pendlarane.
- overføre taxfree-salet av alkohol til Vinmonopolet.
- arbeide for å innføre internasjonal avgift på valutahandel (Tobin-skatt).
- styrkje arbeidet mot kapitalflukt og skatteparadis.
- greie ut innføring av ROT-frådrag.

**Statens pensjonsfond utland**

Pensjonsfondet forvaltar ein sentral del av den felles nasjonale formuen vår og skal sikre ei tryggast og høgast mogleg avkastning. Verdiane skal forvaltast mest mogleg effektivt, og på ein måte som sikrar evigvarande avkastning. Fondet er i dag plassert i obligasjonar, internasjonale aksjemarknader og næringsseigedom. Investeringshorisonten til fondet må gradvis utviklast for å sikre at midla er tilstrekkeleg spreidde og balanserte med omsyn til risikoen.

Pensjonsfondet skal styrkje arbeidet sitt med etikk i forvaltninga si, investeringane sine og i måten eigarskapen blir utøvd på. Fondet skal fremje ei utvikling i dei verksemdene det er investert i, som medverkar til å betre arbeidsmiljøet og dei sosiale rettane, og til å redusere negative helse- og miljøpåverknader.

Senterpartiet meiner at vi framover skal tenkje nasjonalt og industrielt rundt forvaltinga av ein stor og veksande finansformue. Det å flytte ein større del av forvaltinga heim til Noreg vil medverke til å utvikle viktige arbeidsplassar og miljø i Noreg. Det vil også medverke til å støtte opp under og utvikle dei finansmiljøa vi allereie har. På same viset som vi har tenkt langsiktig og industrielt rundt forvaltinga av naturressursane våre, bør vi tenkje langsiktig og industrielt rundt forvaltinga av kapitalformuen vår.

**Senterpartiet vil:**

- skilje forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (NBIM) ut frå Noregs Bank og etablere eit eige styre. Ei årleg stortingsmelding om verksemda og strategien til fondet skal leggjast fram og behandlast av Stortinget.
- at ein så stor del som mogleg av investeringsaktivitetane til fondet skal styrast frå Noreg.
- opne for at fondet kan investere i infrastruktur innanlands.
- flytte delar av administrasjonen av fondet ut av Oslo.
- greie ut om det er mogleg å bruke mindre delar av kapitalen til Statens pensjonsfond utland til å støtte at selskap som staten allereie er medeigar i, strategisk kan kjøpe opp verksemder for å sikre at kontrollen og hovudkontoret blir verande og utvikla i Noreg.



## Lokaldemokratiet og kommunane: Nærleik i kvardagen

- Like gode tenester i heile Noreg – sentraliseringa må stoppast
- Betre offentlege tenester – mindre byråkrati
- Ny styring basert på tillit, kvalitet og effektivitet

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå, og vil derfor desentralisere makt, busetjing, arbeidsplassar, kapital og kompetanse. Målet om desentralisering er ideologisk forankra i ideen om eit deltakande folkestyre. Behovet for å dele makt og innverknad mellom ulike delar av landet er grunnleggjande for eit aktivt folkestyre.

Senterpartiet meiner at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei ønskjer. Gode og effektive samferdselsløysingar og målretta distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel vil føre til vekst utanfor dei regionale sentra. Å utvikle lokalsamfunna i bygdene, tettstadene og byane er viktig for både næring og trivsel.

Det er viktig for heile landet å utvikle hovudstadsregionen, der mange innbyggjarar er busette, og der mange av dei nasjonale institusjonane er lokaliserte. Samtidig må vi utvikle betre verkemiddel for å dempe den einsidige veksten i Oslo-regionen, slik at vekstkrafta i samfunnet kjem heile landet til gode.

Det norske samfunnet er basert på at naturressursar og kompetanse i *heile landet* blir tekne i bruk. Dette skal utviklast vidare gjennom å styrkje rolla som dei små og mellomstore bedriftene spelar i verdiskapinga. Det er god samfunnsøkonomi å utnytte dei naturgitte og menneskelege ressursane i heile landet. Det er eit sjølvstendig mål at vi skal utnytte naturressursane slik at det medverkar til kompetanseutvikling og reinvestering lokalt og regionalt.

Senterpartiet ser det som ei viktig oppgåve å sikre lik tilgang til ny teknologi for å kunne ta i bruk ressursane og skape varierte arbeidsplassar i heile landet. Vi vil sørge for høghastighetsnett og mobildekning til alle.

Senterpartiet vil arbeide for regionspesifikke distriktpolitiske ordningar i tillegg til dei landsdekkjande institusjonane Innovasjon Noreg og Siva. Verkemiddelapparatet må tilpassast slik at det utløyser næringspotensialet i dei ulike distrikta og regionane. Senterpartiet vil gi Innovasjon Noreg eit langt meir omfattande og tydeleg distriktsoppdrag.

**Senterpartiet vil:**

- vidareutvikle bu- og arbeidsmarknadsregionar over heile landet og stimulere nærings- og kompetansekyngjer som ein strategi for regional balanse.
- flytte oppgåver frå statleg til kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
- stanse veksten i statlege arbeidsplassar og leggje særleg vekt på å desentralisere statlege kompetansearbeidsplassar.
- utvide bruken av personretta verkemiddel i distriktpolitikken, som til dømes nedskrivning av studielån.
- arbeide for at alle kommunar lagar ein offensiv strategi for busetjing og integrering.
- føre vidare ordninga med delt eigarskap mellom staten og fylka i Innovasjon Noreg. Innovasjon Noreg må ha regionkontor og regionale styre i alle fylka. Innovasjon Noreg må i større grad rettast inn mot små og mellomstore bedrifter.
- styrkje løyvingane til regional utvikling i statsbudsjettet.
- ha som mål å innføre på ny differensiert arbeidsgivaravgift for alle næringar og for offentleg verksemd i verkeområdet.
- at statlege verksemdar som flyttar hovudadministrasjonen ut av Oslo, skal styrast og drivast der dei er lagde. Arbeidet med å flytte funksjonar og avdelingar i offentlege etatar ut i distrikta må halde fram.

**Noreg treng ei tillitsreform – stans byråkratiseringa**

Statlege etatar og direktorat har i dag stadig større innverknad i saker som krev politisk skjønn. Dette undergrev tilliten til demokratiet, er ineffektivt og konsentrerer makt i hovudstaden og dei andre storbyane. Derfor vil Senterpartiet gjennomføre ein politikk som avbyråkratiserer og desentraliserer Noreg.

Det har gått inflasjon i talet på direktorat og måla som staten skal styrast etter. I tillegg er det ein ukritisk vekst i «målstyring» og bruken av «bestillar–utførar-modellen» i offentleg sektor. Dette skaper mykje ekstra arbeid og behov for mange nye stillingar. Senterpartiet vil ha ein kritisk gjennomgang av det statlege organisasjonskartet og redusere talet på direktorat. Somme kan leggjast ned, og andre kan slåast saman med departement eller andre direktorat.

Senterpartiet vil ha ei tillitsreform i offentleg sektor. Byråkratiet må temjast, og ressursane må leiast dit det faktisk går føre seg tenesteproduksjon. Kontroll- og rapporteringsrutinar må reduserast til eit minimum, slik at tilsette i offentleg sektor i størst mogleg grad kan prioritere kjerneoppgåver. Vi må ha ei tillitsbasert, stadleg leiing i heile den offentlege sektoren.

Offentleg sektor står framfor betydelege endringar som følge av digitaliseringa. Senterpartiet vil stå i front for å skape moderne og effektive offentlege tenester gjennom digitalisering, utan å miste nærleiken til innbyggjarane. Digitalisering vil også vere eit verkemiddel for å behalde ein spreidd busetnad over heile landet.

Offentleg sektor må ha høg effektivitet og god ressursutnytting, både i kommunar, fylkeskommunar og statleg sektor. Dette gir ei betre forvaltning.

Love og regelverk skal vere enkle å forstå, og mynde skal utøvast så nært innbyggjarane som mogleg. Ei satsing på ny teknologi – til dette høyrer digitalisering – skal medverke til dette. Overdriven byråkratisering skaper frustrasjon, ineffektivitet og stel ressursar frå viktige samfunnsoppgåver. Vi bør avgrense mengda av skjema som må fyllast ut for ulike kontroll- og registreringsformål, mengda av søknadsprosessar for å få ulike løyve og mengda av rapporteringar til styresmaktene.

Senterpartiet er motstandar av EØS-avtalen. Avtalen medfører at makt blir sentralisert og at byråkratiet styrkjer stillinga si på kostnad av dei folkevalde politikarane. Samtidig medfører EØS-avtalen at den dømmende makta – domstolane – styrkjer seg på kostnad av utøvande og lovgivande makt, regjering og storting. Rettsleggjinga av politikken fører til meir regelstyring og byråkratisering. Ideen bak EU-regelverka er harmonisering og standardisering. EU-retten er meir detaljregulert enn norsk rett, og har mindre rom for skjønn i forvaltninga. Resultatet blir byråkrati, stivbeint praksis og manglande lokal tilpassing.

#### **Senterpartiet vil:**

- redusere talet på tilsette i statsforvaltninga og greie ut om korleis vi kan medverke til omstilling, redusere talet på direktorat og leggje grunnlaget for ei vellykka utflytting av statlege arbeidsplassar.
- stanse veksten i statsbyråkratiet og føre ressursar og mynde til dei delane av offentleg sektor som yter tenester til befolkninga.
- at tilskot til kommunar og fylkeskommunar hovudsakleg blir gitt som frie midlar.
- redusere talet på direktorat og statlege tilsyn.
- stramme inn og endre retningslinjene for statleg lokalisering, og avskaffe unntaksreglar.
- redusere krava til internrevisjon i statlege etatar til eit fornuftig nivå.
- revidere mandatet til Riksrevisjonen med sikte på å få ein meir målretta forvaltingskontroll.
- arbeide for å forenkle lover, forskrifter og skjema – forenkle kontroll- og rapporteringssystema i det offentlege slik at fleire ressursar kan brukast til tenesteproduksjon.
- styrkje arbeidet med å samordne statlege motsegner og setje klare tidsfristar og avgrensingar for å unngå unødige forseinkingar i planprosessar.
- arbeide for at krava som blir stilte til næringslivet, er gjennomførlege også for små og mellomstore bedrifter.
- sikre at offentleg byråkrati og offentlege prosessar er opne og gir rom for innsyn.
- redusere veksten i støttefunksjonar i DIFI<sup>2</sup> og DSS<sup>3</sup>. Støttefunksjonar bør i større grad delegerast til kvar etat.
- skalere ned det nye regjeringsskartalet.
- greie ut om dei omfattande byråkratioppgåvene som følgjer av EØS-avtalen.

#### **Sterkere kommunar og fylkeskommunar**

Det lokale folkestyret må styrkjast, slik at fleire får ta del i utviklinga av samfunnet og det lokale tenestetilbodet. Norske kommunar og lokaldemokratiet har i dag stor makt og stort ansvar for viktige velferdstenester innanfor både oppvekst, omsorg, kultur og lokal stadutvikling. Det lokale folkestyret må utviklast gjennom å desentralisere statlege oppgåver til kommunar og fylke.

Senterpartiet ønskjer ein sjølvstendig og nyskapande kommunesektor som utviklar den lokale velferda og lokalsamfunnet. For å sikre eit livskraftig lokalt folkestyre må vi avgrense øyremerking, rettsfesting og bemanningsnormer. Alle nye oppgåver må fullfinansierast.

Kommunane er sentrale tenesteproducentar og samfunnsutviklarar og sjølve grunnmuren i folkestyret vårt. Senterpartiet er motstandar av den kommune- og regionreforma som skjer no, og meiner ho fører til sentralisering og svekt folkestyre. Vi meiner at eventuelle kommune- og fylkessamanslåingar skal vere frivillige, og at oppslutninga om dei skal vere avklarte i lokale folkerøystingar.

Senterpartiet går inn for å omfattande overføring av oppgåver til kommunar og fylke på område som vil tene på at lokal kompetanse og forvaltingskunnskap blir brukt når løysingane blir utforma. Vi vil føre vidare arbeidet med å overføre oppgåver til alle kommunar og fylkeskommunar.

<sup>2</sup> Direktoratet for forvaltning og IKT

<sup>3</sup> Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon



Senterpartiet er imot å bruke inntektssystemet til å tvinge fram kommunesamanslåingar, og tek avstand frå forsøk på å dele mindre kommunar inn i «frivillige små» og «ufrivillige små». Staten skal leggje til rette for at alle kommunar har likeverdige økonomiske føresetnader for å løyse oppgåvene sine.

**Senterpartiet vil:**

- at norsk folkestyre og forvaltning skal vere organisert i tre nivå: stat, fylke og kommune. Fylka skal vere felles grense for fylkeskommunane, fylkesmannsembeta og valdistrikta for Stortinget. Statleg regional forvaltning skal organiserast slik at ho har samanfallande grenser med fylka. I tilfelle der forvaltninga bør organiserast i større einingar enn det fylkestalet tilseier, skal etatsgrensene *ikkje* dele fylke.
- at ei eventuell samanslåing av kommunar og fylkeskommunar skal vere frivillig og basert på lokale prosessar og folkerøystingar. Samanslåingar som er vedtekne i stortingsperioden 2013–2017, kan opphevast dersom kommunar eller fylke sjølve ønskjer det.
- sikre kommunar og fylkeskommunar ein sterk økonomi som står i forhold til dei oppgåvene sektoren har.
- ha ei større inntektsutjamning mellom kommunane i landet.
- gjennomføre ei stor overføring av oppgåver frå statleg regional forvaltning, direktorata og fylkesmennene til kommunane og fylkeskommunane.
- stimulere til at dei største byane held ved lag bydelsråd/bydelsstyre for å styrkje lokaldemokratiet i dei største einingane.
- styrkje arbeidet med å forenkla og avbyråkratisere.
- utvikle saman med KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon) gode system for IKT, innovasjon, forskning og utvikling i kommunesektoren.
- forsterke digitaliseringa i offentleg sektor og vidareutvikle sentrale digitale register og felleskomponentar som Matrikkelen, Folkeregisteret, Einingsregisteret og Altinn. Dette vil styrkje tenestetilbodet, leggje betre til rette for næringslivet og skape meir effektiv drift.
- ha ei sterk samkøying av staten og kommunesektoren i digitaliseringsarbeidet.
- motverke så langt som tilknytingsforma opnar for det, at EØS-avtalen svekkjer det lokale folkestyret, og på sikt seie opp avtalen og inngå samarbeidsavtalar med EU som tek hand om dei lokale og nasjonale behova for sjølvstyre.
- styrkje høva veljarane har til å påverke personvalet ved val til Stortinget, fylkestinga og kommunestyra, men ikkje gjere det mogleg å stryke kandidatar.
- at mandatfordelinga mellom fylka ved stortingsval er basert på talet på norske statsborgarar, framfor talet på innbyggjarar.
- setje ned eit offentleg utval for å greie ut konsekvensane av endra valkrinsar til stortingsvalet.

Næringspolitikken:

# Verdiane blir skapte i *heile* landet



- Lange, norske verdikjeder baserte på naturressursane våre
- Lettare med ny bedrift – betre forhold for sjølvstendig næringsdrivande
- Verdas beste landbruk + verdas reinaste natur = verdas beste mat

*Programutkastet har fleire kapittel som handlar om næringspolitikken. Ikkje alle finst i denne hovudboka. Sjå særleg neste kapittel (Klima og miljø), der «grøn vekst» i næringslivet og skogsatsing (s. 36), energipolitikken (s. 41), jordvernet (s. 43) og rovviltpolitikken (s. 45) er omtalte. Sjå også hovudboka om økonomisk politikk/skattepolitikk (s. 12-16).*

Senterpartiet vil føre ein næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig næringsliv og for verdiskaping over heile landet. Det er eit offentleg ansvar å føre ein aktiv næringspolitikk, sikre nasjonal eigarskap til naturressursane, viktige selskap og kritisk infrastruktur, og å stå ansvarleg for å byggje ut, halde ved like og drifte infrastrukturen. God næringspolitikk og god klimapolitikk heng saman. Gjennom å satse på ny teknologi, bioøkonomi og meir krinsløpsøkonomi må vi forme verdiskapinga og arbeidsplassane for morgondagen.

Senterpartiet vil ha lange og vitale norske næringskjeder frå råvare til produkt, fordi dette utnyttar ressursane i landet best. Vidare sikrar det at verdiskapinga gir gevinst i form av overskot og arbeidsplassar. Senterpartiet meiner det er viktig å satse innanfor dei næringane der vi har fortrinn, og der vi har etablerte næringsklyngjer.

Privat eigarskap og privat initiativ er heilt sentralt for verdiskapinga i Noreg. Dei små og mellomstore bedriftene utgjer ein stor del av det totale norske næringslivet. Det er derfor spesielt nødvendig å gi desse bedriftene gode og føreseielege rammevilkår. Det må finnast eit breitt spekter av verkemiddel som støttar opp under gründerane, både i oppstartfasen og i vekstfasen.

Senterpartiet slår ring om norsk eigarskap i det private næringslivet fordi dette sikrar verdiskaping, kompetanse, arbeidsplassar og framtidige investeringar i Noreg. Vi vil arbeide for at statleg eigarskap sikrar hovudkontor i Noreg og forskings- og utviklingsaktivitet her i landet. Vi er for statleg eigarskap der dette er nødvendig for å sikre norsk eigarskap og viktige samfunnsinteresser. Folketrygdfondet må kunne kjøpe seg opp i strategisk viktige selskap for å sikre norsk eigarskap. Det må utarbeidast ei stortingsmelding om korleis Noreg kan sikre nasjonalt eigarskap i strategisk viktige bedrifter og teknologiar.

På fleire område har norsk næringsliv potensial til å bli verdsléiande. Dette krev at det blir satsa særskilt på kompetanse og innovasjon i eksisterande bedrifter. Senterpartiet vil leggje til rette for å vidareutvikle eksisterande næringsklyngjer, og for å etablere nye næringsmiljø for å styrkje konkurransekrafta vår internasjonalt. Innovasjonsevna til bedriftene – og tilgangen på kompetanse og kapital – er avgjerande. Senterpartiet vil innføre ordningar for å redusere risikoen for norsk næringsliv, for eksempel i form av statlege garantiordningar for norsk næringsliv. I samspelet mellom utdanning, forskning og næringsliv blir grunnlaget lagt for eit kunnskapsbasert og innovativt næringsliv. Senterpartiet vil satse på forskning og utvikling slik at Noreg kan styrkje konkurransekrafta si i verdsmarknaden.

### **Krafttak for gründerar og små og mellomstore bedrifter (SMB)**

90 prosent av norske verksemder har færre enn ti tilsette. Dei utgjer grunnfjellet i næringslivet og sørgjer for arbeidsplassar til tusenvis av nordmenn i heile landet. I Europa står slike verksemder for 85 prosent av jobbskapinga. Store idear begynner gjerne i det små, og det er også i dei små bedriftene at potensialet for innovasjon og nyskaping er størst.

Senterpartiet vil leggje til rette for ein mangfaldig og vekstkraftig SMB-sektor i framtida. Dette er ikkje berre mogleg, men heilt avgjerande for at Noreg skal klare å gjennomføre den nødvendige omstillinga. Vi vil føre ein skattepolitikk som stimulerer til investering, innovasjon og aktiv eigarskap. Personleg eigarskap i næringslivet inneber eit større ansvar og ein større risiko for eigaren, noko som skattesystemet må ta omsyn til. Senterpartiet meiner at vi må betre vilkåra for sjølvstendig næringsdrivande. Det må satsast på å forenkla regelverket, på færrast mogleg belastande rapporteringskrav og på betre sosiale ordningar.

Senterpartiet vil satse tungt på små og mellomstore bedrifter. Senterpartiet vil gjere det enklare å starte og drive si eiga bedrift. Potensialet for nyetableringar er stort. Dessverre vegrar mange seg for å starte for seg sjølv, blant anna fordi det er komplisert og risikabelt å etablere ei bedrift. Betre tilrettelegging er særleg viktig for å få fleire kvinner til å bli gründerar.

Varehandelen sysselset 370 000 personar fordelt på 70 000 verksemder i heile landet.

Handelsnæringa tek hand om mange oppgåver utover det å drive handel. At det finst butikkar, er avgjerande for å skape livskraftige lokalsamfunn og tilgang til arbeidsplassar der folk bur. Næringa gir effektive karrierevegar, kompetanseutvikling og leiarerfaring, som alternativ til lang og formell utdanning.

#### **Senterpartiet vil:**

- redusere byråkratiet særleg for små bedrifter.
- forenkla systemet for skattlegging av enkeltpersonsføretak.
- forenkla skattefunnordninga og tilpasse henne betre til enkeltpersonsføretak, slik at ho blir reelt nøytral når det gjeld selskapsform.
- leggje til rette for innovasjon og entreprenørskap gjennom heile skulegangen.
- betre dei sosiale ordningane for sjølvstendig næringsdrivande, særleg ved sjukdom og fødsel.
- styrkje ordningane som støttar gründerar gjennom den kritiske etableringsfasen.
- ikkje utvide ordninga med søndagsopne butikkar.
- leggje fram ei eiga stortingsmelding for varehandelen for å belyse dei utfordringane denne svært omfattande næringa står overfor.
- styrkje programmet for å sikre butikkar på små stader (Mercur-programmet).

## **Industri, sjøfart, mineralnæring, reiseliv og finans**

Noreg må jobbe aktivt for å halde på industrien sin del av verdiskapinga i samfunnet, både gjennom å styrkje eksisterande industri og gjennom å leggje til rette for nye etableringar.

Senterpartiet vil sikre gode rammevilkår for landbasert industri. Vi vil satse på forskning, utvikling og ny teknologi for å styrkje innovasjonsevna, høva til vekst og konkurransekrafta i industrien.

Det er vesentleg for vekstkrafta at vi styrkjer vidareutdanninga av fagarbeidarar slik at fleire får fagbrev, og at vi satsar på entreprenørskap.

Den maritime næringa har stor betydning i norsk industri og næringsliv. Ho omfattar eit breitt spekter av ulike store og mindre bedrifter som har eit mangfald av tenester og produkt. Senterpartiet vil jobbe for at Noreg framleis skal vere fremst i verda på område som miljø, teknologiutvikling og tryggleik. Senterpartiet meiner at sjøfolk skal vere sikra norske lønns- og arbeidsvilkår for arbeidet sitt til sjøs i norske farvatn og på norsk sokkel.

Ein reknar med at Noreg har mineralverdiar for ca. 2500 milliardar kroner, noko som kan gjere det feltet til ei vekstnæring. Bergverksnæringa må utviklast på ein slik måte at vi tek omsyn til lønnsemd, sysselsetjing, lokal verdiskaping, lokal kompetanseutvikling og miljø. Senterpartiet vil kartleggje mineralressursane i Noreg og jobbe strategisk for at mineralnæringa skal vekse. Det er viktig å sikre at verdiskapinga i mineralnæringa også kjem lokalsamfunna det vedkjem, til gode. Senterpartiet vil flytte ansvaret for mineralnæringa frå Nærings- og handelsdepartementet til Olje- og energidepartementet. Vi vil innføre ei kommunal utvinningsavgift for å gi kommunane ein del av verdiskapinga ved mineralutvinning og ved utvinning av sjeldne jordartar. Utvinningsavgifta blir gjeldande når det er overskot utover normalavkastning.

Senterpartiet vil arbeide for auka verdiskaping og auka lønnsemd i reiselivsnæringa. Reiseliv er ei stor næring i Noreg, men har potensial for ytterlegare vekst. Reiselivet er ei viktig næring og kan vere ein stor bidragsytar til å skape nye arbeidsplassar i heile landet. Private og offentlege aktørar må i fellesskap jobbe med å utvikle Noreg vidare som reisemål, både for utanlandske og norske turistar. Det naturbaserte reiselivet er i vekst. Dette opnar for nye store moglegheiter innanfor dei næringane som har grunnlaget sitt i forvaltinga av naturressursar. Samtidig gir satsinga på kultur i reiselivet oss høve til å vise fram både historia vår og tradisjonen vår – og Noreg i dag. Regionale reiselivsselskap med felles marknadsføring i utlandet gir betre gjennomslagskraft. Vi må prioritere auka internasjonal marknadsføring, og då særleg mot dei marknadene som er mest betalingsvillige, og vi må prioritere produktutvikling.

Kapitalforvalting og finanstenester er ei stor næring globalt. I tillegg er finansinstitusjonar som fungerer godt, og sunne bankar ein nødvendig infrastruktur i det norske samfunnet. Senterpartiet meiner vi skal tenkje nasjonalt og industrielt framover rundt forvaltinga av den store og veksande finansformuen til landet.

Romfartsindustrien er ei stor og viktig distriktsnæring som genererer industri- og høgkompetansearbeidsplassar i heile landet. Senterpartiet er oppteke av at Noreg tek del i dei internasjonale samarbeida som genererer prosjekt og forskingsmiddel til norske bedrifter innanfor dette området.

## **Matlandet Noreg**

Råvarene, det nordiske klimaet vårt, topografien og dei store sesongvariasjonane er utgangspunktet for den norske matkulturen og for produksjonen av trygg mat til den norske befolkninga. Maten er utgangspunktet for den største komplette verdikjeda i Fastlands-Noreg. Noreg har ei unik plante- og dyrehelse som er grunnlaget for produksjonen av trygg, rein mat. Det er viktig at vi tek nødvendige forholdsreglar for å sikre eit lågt smittepress også i framtida.

Matkulturen er i stadig utvikling. Han er eit uttrykk for den felles kulturarven og identiteten vår. I dag er det etterspørsel etter mat med historie og lokal tilknytning og eit mangfald i produktutvalet. Norsk matkultur er blitt eit utgangspunkt for innovasjon i matnæringane. Senterpartiet vil satse på dei norske mattradisjonane, den norske matproduksjonen og det store mangfaldet av verksemder som foredlar råvarene vidare. Slik vil vi styrkje og vidareutvikle Matlandet Noreg. Senterpartiet vil forenkle regelverket som regulerer «kortreist» mat og på denne måten støtte dei mange spennande matbedriftene som blir utvikla i heile Noreg.

I dag blir den norske daglegvarebransjen styrt av nokre få, sterke butikk-kjeder, og sterke privateigde leverandørar. Kjedene og dei privateigde leverandørane får stadig større makt over matproduksjonen, næringsmiddelindustrien og distribusjonen av mat. Det gir forbrukarane eit avgrensa vareutval, det hindrar næringsutvikling i dei norske matnæringane, og det reduserer dei høva norske matprodusentar har til å få betre betaling.

Senterpartiet vil styrkje den nasjonale matvaremarknaden samtidig som konkurranselovgevinga vår blir skjerpa, slik at kjedemakta i daglegvarebransjen blir svekt til fordel for dei mange daglegvareprodusentane. Senterpartiet vil arbeide for reglar som sikrar ei fordeling av makt mellom dei ulike ledda i verdikjeda og ein rettferdig handelspraksis.

Å kaste mat er å sløse med ein dyrebar ressurs. Senterpartiet vil motverke matsvinnet og går inn for ei lov mot matkasting av den typen Frankrike har innført. Dei estetiske krava til mat må forenklast, og datomerkingssystemet må endrast slik at forbrukarane får eit meir realistisk forhold til kor haldbar maten er.

Forbrukarane og styresmaktene må få innsyn i korleis prisane blir fastsette, og korleis konkurransen er i daglegvaremarknaden. All mat må forbruksmerkjast med informasjon om opphavlandet og foredlingsfirmaet til råvarene, og kva maten inneheld. Mattilsynet må setjast i stand til å kontrollere at varene samsvarer med forbruksmerkinga, også dette for å avgrense matkastinga.

Senterpartiet meiner at produksjonen av økologiske matvarer må tilpassast den aukande etterspurnaden.

## **Fiskeria – ei nøkkelnæring langs kysten**

Noreg har særeigne moglegheiter knytte til den lange kystlinja vår og den geografiske plasseringa vår i nord. Kyst- og havområda våre er viktige for å sikre mat og for å skape verdiar. Ressursane i havet og langs kysten er fellesskapet sin eigedom og skal sikrast for framtidige generasjonar gjennom ei berekraftig forvaltning og nasjonal råderett. Berekraftig ressursforvaltning er viktig for å sikre ei lønnsam fiskerinæring og ein lønnsam fiskeindustri.

Fiskeriressursane skal framleis vere eigde av det norske folket i fellesskap. Vi vil forvalte ressursane, rettane og kvotane på ein måte som ikkje fører til sentralisering verken i regionane eller mellom landsdelane. Senterpartiet vil at fiskeri- og havbrukspolitikken skal utformast slik at han kan medverke til å sikre at lønnsame bedrifter – både på hav og på land – er konkurransedyktige og har

større marknadsfokus, og dessutan til å ta vare på dei distriktpolitiske målsetjingane om arbeidsplassar og busetnad i kystsamfunn. Fiskerinæringa skal utviklast vidare ved å byggje på det fortrinnet vi har når det gjeld tilgangen på ferskt råstoff av høg kvalitet. Senterpartiet vil leggje til rette for auka vidareforedling i Noreg.

Senterpartiet vil sørge for at vi får ein variert fiskeflåte. Kystfisket har gjennom hundreåra vore ein grunnpilar i sysselsetjinga og verdiskapinga langs kysten.

Det fisket som skjer frå dei små fartøya, er etter det Senterpartiet meiner, ein viktig del av norsk fiskerinæring. Desse fartøya fiskar råvarer av svært høg kvalitet og landar dei langs heile kysten. Dette er strategisk viktig verdiskaping, sjølv om fisket utgjør ein liten del av totalfangsten i næringa. Også dei havgåande fiskefartøya er viktige. Dei sikrar verdiskaping, aktivitet hos underleverandørar og aktivitet i territorialfarvatna, og skal framleis spele ei sentral rolle.

Noreg har store fiskeressursar i ferskvasselvane og innsjøane. Senterpartiet ønskjer å leggje til rette for at desse blir utnytta på ein berekraftig måte ved å satse på forskning, ressurskartlegging og målretta innovasjonsmiddel.

#### **Senterpartiet vil:**

- styrkje fiskenæringa ved å sikre ein variert, lønnsam og framtidsretta fiskeflåte som gir grunnlag for å rekruttere og fornye flåten, nært knytt til anna verksemd langs kysten.
- prioritere og vidareutvikle kystflåten.
- føre vidare deltakarlova og fiskesalslagslova, og handheve aktivitetskravet i deltakarlova.
- ikkje gå inn for å strukturere kystflåten under elleve meter.
- føre vidare ein differensiert og fiskareigd flåte med spreidd eigarskap.
- la kriteria for fordeling av kvotar mellom dei enkelte fartøygruppene liggje fast.
- sikre ein desentralisert mottaksstruktur gjennom å setje av midlar over statsbudsjettet til føringsordningar og mottaksstasjonar utan andre alternativ for levering.
- leggje til rette for auka lokal vidareforedling av fisk i Noreg.
- auke fiskarfrådraget.
- innføre på ny ordninga med fiskerirettleiar.
- utbetre fiskerihamner langs kysten.
- styrkje Kystvakta og kystberedskapen, medrekna Redningsselskapet, for å betre tryggleiken og samordninga av han.
- føre vidare ein redusert sats på CO<sub>2</sub>-avgift for fiskenæringa.
- greie ut overgangen frå kjøp og sal av kvotar og til tildeling av kvotar og konsesjonar til unge rekruttar når den eldre generasjonen takkar av. Dei som har kjøpt deltakarrettar, konsesjonar eller kvotar, må ikkje lide noko tap ved ei eventuell endring.
- stimulere til auka utnytting av fiskeressursane i ferskvatn.

#### **Sats på verdiskapinga i havbruksnæringa**

Noreg skal vere den største sjømatnasjonen i verda. Vi vil styrkje den allereie sterke posisjonen til Noreg som sjømatnasjon på den globale marknaden, og på den måten bidra til og ta ansvar for å auke mattilførselen og styrkje mattryggleiken i ei verd med stor befolkningsvekst. For å klare dette må vi liggje kunnskapsmessig i front på område som berekraftig ressursbruk, havmiljø, klima, produktutvikling og marknad.

Senterpartiet vil leggje til rette for lokalt forankra selskap i havbruksnæringa, med mange små og mellomstore bedrifter.

Moglegheitene for havbruket i framtida er store, og Senterpartiet er oppteke av å leggje til rette for vidare vekst i havbruksnæringa samtidig som miljøet og livet i havet blir teke vare på. Senterpartiet meiner det er avgjerande å sikre ei utvikling i fiskeri- og havbruksnæringa gjennom føreseielege rammevilkår.

For å ha eit godt grunnlag for ei berekraftig havbruksnæring er det viktig å sikre tilgangen på gode sjølokalitetar for havbruksnæringa og det nødvendige landarealet for setjefiskproduksjon. Senterpartiet vil intensivere tiltak og verkemiddel for å hindre rømming og spreiding av lakselus. Reglane for næringa må byggje på nulltoleranse for rømming og spreiding av sjukdommar frå merdane. Dessutan må næringa og styresmaktene bidra med midlar til forskning og utvikling, slik at vi sikrar ei einskapleg og berekraftig forvaltning av havbruksnæringa. Senterpartiet vil framleis vere ein pådrivar for at skattar og avgifter frå havbruksnæringa i større grad skal førast tilbake til kommunar som set av areal til havbruksanlegg.

Marin bioprospektering<sup>4</sup> kan bli ei ny vekstnæring i Noreg. Noreg har enorme kystareal som kan brukast til produksjon av mat, fôringrediensar, bioenergi osv. Det er viktig at denne næringa, som enno er i startgropa, blir hjelpt fram til lønnsemd og vekst. Tang- og tareproduksjon er særleg interessant.

#### **Senterpartiet vil:**

- at det blir sett av tilstrekkeleg med areal langs kysten til sjømatproduksjon.
- føre vidare eigarskapsavgrensingar i oppdrettsnæringa.
- styrkje den offentlege FoU-innsatsen for ein berekraftig og aukande produksjon av oppdrettsartane vi har i dag, og initiere prosjekt for annan havbasert produksjon – til dette høyrer planter som kan binde CO<sub>2</sub> og vere ingrediensar for andre produksjonar.
- fjerne konsesjon for produksjonsmetodar i havbruksnæringa som ikkje påverkar det ytre miljøet negativt, som oppdrettsanlegg på land og lukka anlegg til sjøs.
- at kommunane skal få meir att for å setje av areal til havbruksnæringa. Dette bør skje gjennom å innføre ei nasjonal arealavgift.
- leggje til rette for ei satsing på innlandsfiskeoppdrett.

#### **Landbruk**

*Sjå også neste kapittel (Klima og miljø) der skogsatsing (s. 28), jordvernet (s. 31) og rovviltpolitikken (s. 33) er omtalte.*

Senterpartiet vil føre ein landbrukspolitikk som gir trygg og sikker mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og ei berekraftig næring. For å sikre dette vil Senterpartiet auke lønnsmda i bruken av jordbruksareala gjennom eit sterkt importvern, årlege forhandlingar mellom staten og faglagane i jordbruket, i tillegg til å sikre gardbrukarane ei sterk marknadsmakt gjennom omsetning av varene i samvirke.

Det må leggjast til rette for at næringsverksemda i landbruket blir endå viktigare framover for å halde oppe lokal sysselsetjing og busetjing. Ein variert bruksstruktur gir oss dei beste vilkåra for å produsere maten på ein berekraftig og klimavennleg måte.

Norsk kjøttproduksjon er ein viktig del av den norske matproduksjonen. Dei store gras- og beiteressursane våre er eit viktig fortrinn for ein miljøvennleg kjøttproduksjon frå storfe og småfe. Samtidig held beitedyra kulturlandskapet ope og fritt.

---

<sup>4</sup> Bioprospektering er å utforske mangfaldet i naturen (biodiversiteten) for å finne kommersielt verdifulle genetiske og biokjemiske ressursar.

Ein føresetnad for auka matproduksjon og rekruttering til landbruket er betre inntektsmoglegheiter og føreseielege vilkår for framtidige investeringar. Inntektsforskjellane mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet må jamnast ut – næringsutøvarane i landbruket må ha dei same moglegheitene til inntekt og velferdsordningar som andre grupper. Det har vore stor produktivitetutvikling i jordbruket. Senterpartiet meiner at det er viktig at produktivetsgevinsten skal kome næringa til gode. I jordbruket er det eit stort behov for oppgraderingar av og nyinvesteringar i blant anna driftsbygningar og jord.

For å sikre auka investeringar vil Senterpartiet ha ein eigen tiårig investeringspakke for landbruksnæringa. Investeringar må medverke til at ein utnyttar dei totale arealressursane og ressursgrunnlaget på det enkelte bruket, og gjere landbruket betre i stand til å møte klimautfordringane. Det er særleg behov for verkemiddel som sikrar lønnsemd i drift og investering i dei små og mellomstore bruka. Målretta reduksjonar av skatte- og avgiftsbelastningane til næringa vil styrkje den økonomiske stillinga til bonden, og dette er effektive verkemiddel for både nærings-, distrikts- og fordelingspolitikk.

Eigedomspolitikken i landbruket skal sikre at ressursane blir haldne i hevd og forvalta i eit langsiktig perspektiv, og må derfor finne balansepunktet mellom interessene for enkeltmennesket og interessene for samfunnet. Det at eigarskapen til ressursane er blitt fordelt på mange, har ført til verdiskaping og vekst i heile landet. Familiejordbruket med personleg eigarskap til jorda medverkar til livskraftige lokalsamfunn og meir livskraftige distrikt. Senterpartiet vil føre odelslova og grunnlovsvernet av lova vidare, halde på konsesjonslova med personleg buplikt og føre vidare priskontrollen av eigedommar, og sikre at det er driveplikt for all matjord.

Ressursane som er nødvendige for å auke matproduksjonen, er knappe og spreidde over heile landet. Ikkje minst gjeld dette kornareal som har ein nøkkelfunksjon i produksjonen av mat- og førkorn. For å sikre at vi får mest mogleg ut av dei nasjonale ressursane våre skal vi føre vidare regional arbeidsdeling for å halde heile det norske jordbruksarealet i drift. Denne politikken er også avgjerande for å sikre dei over 50 000 arbeidsplassane i næringsmiddelindustrien.

Produksjonen av mat, bioenergi og fiber krev at vi har ein berekraftig bruk av areala. I Noreg utgjer dyrka mark berre tre prosent av landarealet. Senterpartiet vil at matjorda skal ha eit sterkare juridisk vern. Matjorda er ein nasjonal ressurs som må forvaltast nasjonalt. Vi må bevare matjorda, sikre lokal eigarskap og redusere hindringane for ein aktiv bruk av areala. Aktiv bruk gir det beste vernet. Jordvern skal derfor vere overordna i all framtidig arealforvaltning.

Landbruket er avhengig av at naturen er i balanse. Næringa er avhengig av å minimere belastninga på natur og miljø. Skog i vekst tek opp CO<sub>2</sub>. Aktiv skogskjøtsel, med hogst, planting, gjødsling og ungsogspleie gir ein betydeleg klimagevinst.

Den som eig dyr, skal sikre at dyra har gode forhold. Senterpartiet vil føre vidare og utvikle eit godt og strengt regelverk for dyrevelferd, basert på kunnskap om behova som dyr har. Mattilsynet må ha tilstrekkeleg med ressursar til å drive god rådgiving, hyppig kontroll og ha eit målretta samarbeid med produksjonsnæringane, og i tillegg fokusere på ein tilsvarande høg standard for kjæledyra. Skal vi ha ein norsk jordbruksvaremarknad, er importvernet for jordbruksvarer avgjerande. Det høge norske lønns- og kostnadsnivået – saman med eit utfordrande klima og krevjande topografi – medverkar til at prisane for norske landbruksprodukt er høgare enn i nabolanda våre. Vi kan derfor ikkje gjere nye handelsavtalar som svekkjer importvernet og rammevilkåra for den nasjonale landbruksproduksjonen. Innanfor WTO-avtalen som gjeld i dag, må vi utnytte det handlingsrommet som seier at vi til kvar tid skal bruke den høgaste vernetollen, prosent- eller kronetoll.



Tilgangen på nok og kompetent arbeidskraft er ein grunnleggjande føresetnad for ei konkurransekraftig landbruksnæring. Derfor treng vi inntektsvekst og sterkare satsing på rekruttering. Det er spesielt viktig å ta hand om og utvikle utdanningssystemet. Landbruksutdanninga må i sterkare grad tilpassast behovet til dei som skal inn i næringa. Tilbod om etterutdanning for dei som er i næringa, er også viktig. Naturbruksskulane må styrkjast gjennom eit nasjonalt program som fokuserer på klimautfordringar, energi, drivstoff og krinsløpstenking.

Avløysartilskotet skal vere eit velferdsgode som gir bonden, på lik linje med andre yrkesgrupper, høve til å ta ut ein lengre periode med ferie. Gode velferdsordningar med rett formål er grunnleggjande for rekrutteringa, menneskeverdet, velferda for bonden og dyrevelferda. Reindrifta utnyttar utmarksressursane i fjellområda i store delar av landet og har gjennom dei særeigne produkta sine eit stort potensial for auka verdiskaping. Reindrifta er ei viktig samisk næring, og ein viktig kulturberar. Det er ein føresetnad for eksistensen og legitimiteten til næringa at ressursane blir utnyttta på ein økologisk berekraftig måte. Talet på rein må tilpassast ressursgrunnlaget i beiteområda. Det er også viktig at reindriftsnæringa er sikra føreseielege rammevilkår. Senterpartiet vil medverke til at næringa får utnyttta det store potensialet for verdiskaping som finst, ved å betre marknadsføringa og salet av foredla produkt av rein. Det vil skape eit næringspotensial både når det gjeld kulturformidling og turisme.

Rovviltpolitikken skal ta vare på både rovdyra og beitenæringa. Beitebruk i heile landet og utnytting av utmarksressursane føreset at rovdyrstammene blir haldne på eit avgrensa nivå. Produksjon og næringsverksemd basert på ressursane i landbruket er viktig – mange stader avgjerande – for å halde oppe befolkningsgrunnlaget og sysselsetjinga lokalt. Senterpartiet meiner at koplinga mellom landbrukspolitikk og distriktspolitikk må først vidare og styrkjast.

Partslandbruk er ei driftsform som har kome for å bli. Denne driftsforma skaper kunnskap om og interesse for jordbruk, matproduksjon og kosthald i bynære område. Senterpartiet meiner at partslandbruket spelar ei viktig og interessant rolle, og vi vil leggje til rette for at det blir tilgjengeleg for fleire.

#### **Senterpartiet vil:**

- ha et sterkt og velfungerande importvern som sikrar volum, volumvekst og prisuttak i norsk jordbruksproduksjon.
- utnytte handlingsrommet i internasjonalt avtaleverk for å sikre best mogleg tollvern. Noreg må i tillegg søkje samarbeid med andre land for å auke dette handlingsrommet, slik at tollvernet kan styrkjast ytterlegare.
- at framtidige WTO-avtalar og andre handelsavtalar må ta vare på retten til å ha eigen matvareproduksjon.
- ha ein tiårig investeringspakke og heve avskrivingsatsen på både driftsbygningar og husdyrbygningar. Investeringspakken må medverke til å sikre ein framleis variert bruksstruktur.
- sikre at beitemark er i bruk og stimulere til auka beiting som eit verkemiddel for å bevare kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet.
- sikre at vi har ei marknads- og produksjonsregulering som fungerer godt, og sikre samvirket si rolle som marknadsregulator og avtakar av norske råvarer frå heile landet.
- styrkje norsk matproduksjon basert på eige ressursgrunnlag slik at sjølvforsyningsgraden – korrigert for importerte fôrråvarer – kan styrkjast. Auke produksjonen av fôrmidlar som grunnlag for husdyrproduksjonen, med mål om å redusere importen av fôr. Norskdelen i kraftfôret må aukast.
- auke norsk kornproduksjon og betre kornøkonomien.
- auke jordbruksarealet i Noreg, blant anna gjennom å styrkje tilskotsordningane.
- innføre eit statleg nydyrkingstilskot.
- at norsk matproduksjon på norske areal skal aukast med 20 prosent gjennom dei neste 20 åra.

- innføre på nytt beredskapslagring av korn gjennom styrkt gardslagring og styrkt nasjonal silokapasitet. Det må på nytt innførast eitt års beredskapslagring av matkorn og fôrkorn, slik at matvareberedskapen blir sikra.
- bruke lovverket til å hindre at nokre få aktørar får uforholdsmessig mykje makt over matverdikjeda.
- føre vidare den norske pelsdyrnæringa og stille strenge krav til dyrevelferd i næringa.
- ta vare på det bynære landbruket.
- føre ein restriktiv politikk for import av husdyr, kjæledyr og planter for å bevare den gode dyre- og plantehelsa i Noreg.
- føre vidare ein redusert sats på CO<sub>2</sub>-avgift for landbruket.
- at råvareprisane må aukast. Løyvingane over statsbudsjettet må brukast målretta til dei jordbrukspolitiske måla som marknadsprisane ikkje greier å oppfylle.
- forbetre hovudavtalen for jordbruket for å styrkje forhandlingsretten til jordbruket.
- at kornprisane blir auka slik at kornimporten kan reduserast kraftig.
- auke grasproduksjonen og bruken av utmarka ved å styrkje beitetilskotet og auke husdyrtilskotet og styrkje profilen i dette.
- at den fordelan som jordbruket kan skaffe seg gjennom auka produksjon og rasjonalisering av gardsdrifta, omsetninga og foredlinga, så langt som råd med omsyn til norsk økonomi skal kome jordbruket til gode.
- støtte krava frå reindriftsnæringa om ein ny gjennomgang og ei revidering av reindriftslova.
- styrkje veterinærtilbodet med meir midlar til den kommunale vakttenesta og veterinære reiser, gjennom geografisk differensierte tilskot.
- framleis forby førebyggjande bruk av antibiotika og vekstfremjande middel i dyrefôr. Matvarer som inneheld antibiotika, må merkjast slik at dette kjem tydeleg fram.

### **Olje og gass**

Dei rike olje- og gassførekomstane på norsk kontinentalsokkel har vore og er grunnlaget for den største eksportnæringa i Noreg. Det gir Noreg ein økonomisk handlefridom som er eineståande i internasjonal samanheng. Senterpartiet sluttar opp om hovudlinjene i norsk petroleumspolitik, med særleg vekt på langsiktig forvaltning, næringsutvikling, inntektene næringa gir til fellesskapet, og klimaansvar.

Det er viktig for Senterpartiet å sørge for at petroleumsforvaltninga og utvinningstempoet på norsk sokkel kan foreinast med og bidra til at vi når dei vedtekne klimaambisjonane i Paris-avtalen. Petroleumsnæringa skal på lik linje med andre næringar ta sin del av norske klimaforpliktingar gjennom kvotesystemet og særleg høg CO<sub>2</sub>-avgift. Senterpartiet vil at Statnett skal ta eit koordinerande drifts- og eigaransvar for elnett på norsk sokkel.

Petroleumspolitikken må utformast slik at han i størst mogleg grad stimulerer den lokale verdiskapinga og gir positive ringverknader i området der aktiviteten går føre seg. Det er også viktig at olje- og gasspolitikken bidrar til industriell utvikling på miljøteknologifeltet, der norsk oljeindustri skal vere verdsléiande. Det er sentralt at norsk petroleumsnæring beheld denne posisjonen.

Olje- og gassressursane må utnyttast i eit tempo og på ein måte som gjer at gevinstane varer lenge, og som balanserer omsynet til olje- og gassnæringa med behova til næringslivet elles. Petroleumsnæringa må vere underlagd politisk styring for å sikre at vi tek dei nødvendige omsyna til miljø, klima og fornybare næringar.

Senterpartiet vil ha olje- og gassutvinning som ikkje går på kostnad av fiskeri og havbruk og sårbare naturressursar. I områda der det blir drive petroleumsværkemd, blir sameksistens lagd til grunn for forvaltninga. I område som er særleg verdifulle for fiskerinæringa, som ligg nært land eller har stor risiko for ulykker, skal det ikkje vere petroleumsværkemd.

Gjennom den statlege eigarskapen i Statoil, det statlege selskapet Petoro og gjennom skatte- og avgiftspolitikken skal det sikrast at verdiane kjem fellesskapet til gode. Norsk petroleumsaktivitet i utlandet skal medverke til positive ringverknader i samfunna det vedkjem.

**Senterpartiet vil:**

- at tildelinga av nye areal til petroleumsutvinning skal styrast slik at omsynet til miljø, klima og fornybare næringar veg tungt. Det skal ikkje opnast for olje- og gassverksemd på Møreblokkene, i Lofoten, Vesterålen eller utanfor Senja (Nordland 6, Nordland 7 og Troms 2).
- arbeide for større utnyttingsgrad av allereie opna oljefelt.
- auke bruken av gass til industrielle formål og i kollektivtrafikken.
- byggje ut oljevernberedskapen langs kysten.
- styrkje arbeidet med å elektrifisere installasjonane på sokkelen.



- Praktisk og jordnær forvaltning
- Aktiv bruk av naturen for auka verdiskaping og lågare klimautslepp
- Ny rovdyrpolitikk for beitebruk og busetjing

I miljøpolitikken til Senterpartiet står det ansvarlege mennesket i sentrum. I forvaltartenkinga vår har mennesket eit ansvar for å ta vare på naturen og miljøet. Vekst er ikkje å forbruke meir, men å forvalte betre. Framtida til mennesket er avhengig av at produksjonsevna og mangfaldet i naturen blir haldne ved lag. Ressursane skal brukast på ein slik måte at dei varer.

Senterpartiet står i ein tradisjon som meiner at ressursane blir best nytta gjennom berekraftig bruk. Vi kan ikkje «frede oss fram» til ei berekraftig utvikling – vi må ha fornuftig bruk av naturen. Folkelege deltaking og engasjement er ein av berebjelkane i miljøpolitikken vår.

Den utstrekke, private eigedomsretten i Noreg er eit sentralt samfunnsgode, rotfesta i norsk kultur, historie og politikk. Eit breitt lag av eigarar som haustar ressursane lokalt og har dette som sitt levebrød, gir den beste, mest effektive og mest langsiktige forvaltninga av naturressursane. «Vern gjennom bruk» er det beste vernet, langt betre enn byråkratiske verneregime som statsapparatet har sett i verk.

### **Klimapolitikken – vegen vidare frå Paris**

Senterpartiet går inn for ambisiøse målsetjingar og ambisiøse omstillingstiltak på klimafeltet. Den sentrale målsetjinga er å kome raskt i gang med klimaomstillinga og redusere norske utslepp i 2030 med 40 prosent samanlikna med 1990-nivået. I 2050 må Noreg vere eit lågutsleppssamfunn. Vi må førebu det norske samfunnet på klimaendringar og tilpasse det til dei utfordringane vi kjem til å møte.

Senterpartiet vil vere ein pådrivar for både *internasjonale avtalar* som effektivt reduserer utsleppa, og for *nasjonale tiltak* som inneber at Noreg tek sin del av klimaansvaret. Det er viktig at Noreg ikkje berre overlèt kvotepliktig sektor til kvotemarknaden, men at vi frå norsk side aktivt førebur oss på lågutsleppssamfunnet. Senterpartiet vil bruke eit breitt spekter av verkemiddel for å stimulere teknologiutviklinga i næringslivet.

Skogen skal reknast med i den norske klimarekneskapan. Høgare avverking til optimalt tidspunkt, kombinert med aktiv skogskjøtsel, er ein nøkkelfaktor for å utnytte klimapotensialet som ligg i skogbruket. I skjeringspunktet mellom klimapolitikken og næringspolitikken ligg det eit potensial for ei sterk, norsk satsing på «lange verdikjeder» med utgangspunkt i biomasse.

Måten vi byggjer på, er også klimapolitikk. Trebygningar inneheld store mengder bunden karbon, og er viktige karbonlager.

Senterpartiet vil jobbe for å styrkje norsk matproduksjon og samtidig gjere matproduksjonen meir klimateffektiv. Dette er i tråd med Paris-avtalen, som slår fast at omsynet til mattryggleik blir prioritert høgt, og at klimatiltaka må utformast på ein slik måte at dei ikkje trugar matproduksjonen.

#### **Senterpartiet vil:**

- at Noreg tek eit leiaransvar i arbeidet med å nå måla i Paris-avtalen, både gjennom internasjonalt samarbeid og ved å redusere dei nasjonale utsleppa av klimagassar.
- at klimapolitikken må utformast slik at han byggjer opp under andre viktige samfunnsomsyn, som industriell utvikling, matproduksjon, sosial utjamning og busetjing over heile landet.
- arbeide for ein krinsløpsøkonomi i Noreg som tek hand om dei globale måla for berekraft.
- få ned klimautsleppa frå næringstransport/tungtransport, blant anna ved å etablere eit CO<sub>2</sub>-fond for næringstransporten.
- satse tungt på klimaomstilling i ikkje-kvotepliktig sektor (transport, jordbruk, bygg, nokre industriutslepp og noko energiforsyning).
- ha som mål at all offentleg transport skal vere fossilfri innan 2025.
- sikre ei storstilt satsing på bioenergi og avansert biodrivstoff i transportsektoren. Det er viktig å gi avgiftslette og auke den delen det er påbode å omsetje. Det må satsast særleg på biodrivstoff i luftfarten. Biodrivstoffproduksjonen må ikkje skje på kostnad av matproduksjonen, verken nasjonalt eller internasjonalt.
- satse kraftig på biogass som energiberar i transportsamheng.
- satse på produksjonen av biogass basert på husdyrgjødsel, som er eit viktig klimatiltak. Det må setjast inn auka økonomiske verkemiddel gjennom Enova for å etablere ytterlegare produksjon på enkeltgardar og på større industrielle anlegg.
- bruke skogplanting og uttak av skog offensivt som eit CO<sub>2</sub>-reducerande tiltak. Vi må kunne sjå jordbruket og skogbruket i samheng i klimarekneskapa.
- ha ei særleg norsk satsing på krinsløpsøkonomi og ha ambisiøse målsetjingar for gjenvinning og gjenbruk. Avfall til deponi skal reduserast til maksimalt ti prosent innan 2030, og matsvinnet reduserast til eit minimum.
- erstatte grunnavgifta på eingongsemballasje med ei insentivavgift basert på materialbruk som blir gradert etter ikkje-fornybart innhald.
- auke panten vesentleg på flasker og boksar for å auke den mengda som blir gjenvunnen.
- styrkje arbeidet mot marin forsøpling og plastforureining.
- innføre krav om at bereposar som blir brukte i Noreg, skal vere biologisk nedbrytbare.
- forby kosmetikk som inneheld mikroplast.
- støtte tiltak som bidrar til at bustader blir varma opp på ein berekraftig måte. I byar og tettstader må vi prioritere fjernvarmeanlegg. Utanfor bykjernen i storbyane er fyring med ved positivt. Senterpartiet vil støtte tiltak som gjer vedfyringa mest mogleg effektiv og miljøvennleg.
- oppmuntre til å spare straum i bustader, næringsbygg og offentlege bygg.
- forsterke innsatsen mot klimaskadar ved å styrkje løyvingane til flaum-, erosjons- og rassikring og sikring av infrastruktur.

## Grøn vekst

Ein sentral del av det komande grønne skiftet i Noreg er å skape fleire lønnsame, grønne arbeidsplassar. Det er ei sentral målsetjing å medverke til at verdikjedene og teknologiutviklinga skjer i Noreg – og at dei innanlandske verdikjedene blir mest mogleg komplette. Senterpartiet meiner det er ei viktig nasjonal oppgåve å medverke til at norsk næringsliv i åra som kjem, rykkjer fram nasjonalt og internasjonalt som ein leverandør av klimasmarte varer og tenester. Vi må arbeide strategisk med å korleis skjerpa miljøkrav kan medverke til å utvikle ny kompetanse, teknologi, industri og arbeidsplassar i Noreg.

Noreg har naturressursar, kompetanse og økonomisk handlefridom som med dei rette strategiske avgjerdene kan gi Noreg ei leiande rolle i det grønne skiftet. Vi vil satse på å utvikle klimateknologi som grunnlag for ein meir miljøvennleg politikk og for konkurransekrafta til næringslivet. Vi vil særleg satse på teknologiutvikling der vi reduserer behovet for fossil energi i industrielle prosessar.

Noreg må bidra til å styrkje den fornybare energiforsyninga, og energiresursane må utnyttast meir effektivt. Eit kraftsystem som fungerer godt, sikrar industrien ein føreseieleg tilgang på rimeleg, fornybar kraft og er eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling.

Industribedriftene arbeider i fellesskap med omstilling på vegen mot lågutsleppssamfunnet. Senterpartiet meiner at staten må støtte dette arbeidet gjennom ordningar som reduserer risikoen for bedriftene, og som gjer Noreg til eit attraktivt land å investere i.

Fangst og lagring av CO<sub>2</sub> (CCS, karbonfangst) er viktig for at vi skal nå klimamåla – både her heime og globalt. Norsk forskning og fullskala utbygging av CO<sub>2</sub>-handtering vil kunne medverke til å redusere kostnadene ved denne teknologien – og dermed til å spreie teknologien raskare internasjonalt.

For å oppfylle klimaforpliktingane i Paris-avtalen må verkemidla utformast slik at dei fremjar, ikkje hemmar, aktiviteten i næringar som skal produsere meir av desse løysingane. Grøn omstilling må formast slik at norske produkt og teknologiar vinn nye posisjonar. Lovverket og skatte- og avgiftssystemet må leggje til rette for ein aktiv bruk av fornybare ressursar i Noreg.

Skogen er ein viktig del av løysinga i klimapolitikken. Skogen i Noreg tek netto opp ei mengd CO<sub>2</sub> som svarer til halvparten av dei norske klimautsleppa. Aktiv skogpolitikk er ein jordnær, konkret og billig måte å nå klimamåla på. Han medverkar også til sysselsetjing og verdiskaping. Tilhøva ligg godt til rette for å gjere ein offensiv klimainnsats dersom vi på dette feltet legg opp til auka avverking til optimalt tidspunkt, kombinert med aktiv skogskjøtsel og planting av skog på nye areal. Treforedlingsindustrien må få nye økonomiske rammevilkår ved at staten legg til rette med nødvendige investeringstilskot, risikolånekapital og eigarkapital i private bedrifter.

Skogvern etter naturmangfaldlova inneber at skogen blir teken ut av produksjon. For at dette skal vere rett, må verneformålet definerast tydeleg. Det må skje på grunnlag av vitskapelege kriterium. Det vitskapelege verneformålet må deretter følgjast opp så lenge vernet gjeld. Vern av sjeldne artar og naturtypar må skje gjennom ei streng prioritering for å sikre at det vi vernar, kan følgjast opp gjennom langsiktig verneforvaltning.

Å bruke tre som byggjemateriale er viktig for karbonlagring og for at skognæringa skal vere lønnsam. Senterpartiet vil leggje til rette for at bruken av tre i bygg skal vere lønnsam, og vil bruke offentlege anbod for å auke bruken av tre som byggjemateriale. Ein skal alltid vurdere å setje opp nye offentlege bygg i massivt tre eller reisverk av trematerialar.

**Senterpartiet vil:**

- at det offentlege må bruke rolla si som innkjøpar til å skape ein marknad for norskproduserte miljøvennlege, biobaserte produkt og tenester.
- arbeide for føreseielege avgifter med lang tidshorisont og eit miljøregelverk som fremjar norsk produksjon og verdiskaping.
- føre vidare CO<sub>2</sub>-kompensasjon og sikre norsk industri konkurransedyktige vilkår i klimapolitikken.
- sikre at Enova har rammer som medverkar til å realisere lågutsleppsteknologi / rein produksjonsteknologi innanfor alle dei viktigaste industrigreinene, medrekna nye produksjonsprosessar, hydrogen og biokarbon som reduksjonsmiddel, i tillegg til eit skifte frå fossilt til fornybart råstoff.
- føre vidare ordningar for pilotering/uttesting av ny teknologi når det gjeld karbonfangst, inkludert demonstrasjonsanlegg der også driftsdeltaking er medrekna. Målet om minst eitt fullskala norsk CCS-anlegg ligg fast.
- avklare rammevilkåra for næringslivet, slik at det blir lagt til rette for ytterlegare investeringsavgjerder om fullskala CCS.
- at Noreg utnyttar handlingsrommet i EØS-avtalen for å sikre konkurransedyktige rammevilkår for nye, store investeringar i klimavennleg industri i Noreg.
- auke støtta til bruk av trekol i ferrolegeringsindustrien gjennom risikoavlasting og støtte til industriskala demonstrasjonsanlegg og fullskala pilotprosjekt for norsk produksjon av trekol.
- sørgje for at investeringsselskapet Fornybar AS er retta inn slik at selskapet lettar overgangen frå teknologiutvikling til kommersialisering, der risikoen i hovudsak er knytt til introduksjonen på marknaden. Selskapa det blir investert i, skal ha ei sterk tilknytning til teknologimiljø i Noreg.
- opprette eit statleg, grønt investeringsselskap med ein startkapital på ti milliardar kroner. Investeringssselskapet skal investere i selskap som tek ei leiande og strategisk rolle i utviklinga av nye løysingar og teknologiar som er baserte på grønt karbon.
- arbeide for å etablere ein ny treforedlingsindustri i Noreg.
- sikre grøne datasenter kraft på dei same vilkåra som annan kraftkrevjande industri.
- sørgje for nasjonal kontroll med ressursane til beste for lokalsamfunna og landet.
- ha ei eigedomsforvaltning som gjer at eigarskapen til jorda, skogen og råvareresursane blir fordelt på mange og styrkjer rettane og moglegheitene til grunneigarane. Arronderingssalet i Statskog må fullførast.
- gjere det meir lønnsamt å bruke fornybart råstoff som materiale, i plast og i kjemisk industri.
- auke avskrivingsatsen på klimainvesteringar i industrien.
- styrkje samarbeidet mellom treindustrien og FoU-miljøa om forskning, innovasjon og kompetanseutvikling.
- auke verdiskapinga gjennom industrialisering i byggsektoren basert på spekteret av norske tre-ressursar.
- setje i verk eit nasjonalt investeringsprogram for å utvikle eit solid nettverk av pilot- og demonstrasjonsanlegg innanfor den skogbaserte industrien. Det er eit sentralt mål å etablere lange verdikjeder innanlands knytte til skogressursane våre.
- leggje til rette for auka eksport av norsk kompetanse om fornybar energi.
- satse stort på å byggje ut skogsvegnettet og auke investeringane i den delen av samferdselsnettet som tømmertransporten er avhengig av (jernbane, hamneutbygging, fjerning av flaskehalsar på både riks-, fylkes- og kommunevegar).
- styrkje moglegheitene til «aktive eigarar» gjennom blant anna å fjerne skattlegginga av gevinst ved sal av skog
- medverke til ei fossilfri plattform for landbruket gjennom bioressursar frå skog og jordbruk.
- ha offentleg tilskot til å plante skog og intensivere arbeidet med ungskogpleie, tynning, skogplanteforedling og skoggjødsling.

## **Energipolitikk i fornybarsamfunnet**

Den norske energipolitikken, med heimfallsrett og nasjonal og lokal eigarskap til naturressursane, har gjort at inntektene frå naturressursane har kome fellesskapet til gode. Senterpartiet vil sikre og utvikle denne modellen.

Trygg og stabil energiforsyning er ein føresetnad for at folk skal kunne leve gode liv og drive næringsverksemd i heile landet. Utbygging, drift og vedlikehald av eit effektivt elnett er ei prioritert oppgåve for Senterpartiet og ein føresetnad for forsyningstryggleik, utbygging av fornybar energi og ny næringsutvikling. Det er viktig at konsesjonsprosessen for elnett er effektiv, og at han skjer i ein god dialog med lokale styresmakter.

Den fornybare elektrisiteten må takast i bruk der han kan erstatte fossil energi, som for eksempel i samferdselssektoren og gjennom meir elektrifisering av petroleumssektoren. Store mengder ny fornybar elektrisitet gir også grunnlag for auka industrisatsing. Gjennom ei balansert utvikling av energiproduksjonen og overføringskapasiteten til nabolanda våre kan Noreg spele ei viktig rolle som leverandør av fornybar energi til resten av Europa. Det er eit mål at den norske energieksporten skal vere lønnsam, og at behova innanlands skal ha prioritet. Statnett skal ha monopol på eigarskap og drift av kablar til utlandet.

Energiforbruket må og skal reduserast i hushalda, industrien og i transportsektoren. Senterpartiet vil jobbe for at så mykje som mogleg av oppvarminga skjer ved bruk av miljøvennleg varme som avfallsforbrenning og kostnadseffektiv bioenergi, inkludert ved.

Det er eit mål at mest mogleg av energien vi bruker, er fornybar. Ei satsing på produksjon av fornybar energi og teknologiutvikling gir grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i Noreg. Vindkraftproduksjonen til havs har stort potensial. At det er mogleg med flytande anlegg, er særleg interessant. Det kjem til å krevje målretta arbeid, klare strategiar og betydeleg kapital for å få utvikla havvindteknologien, men mykje er mogleg for Noreg på teknologi- og leverandørsida. Vi må utnytte moglegheitene som denne grønne marknaden gir.

Dei fornybare energiressursane skal utvinnast og brukast så skånsam måte som råd for naturen og for samfunnet. Senterpartiet vil arbeide for ei rask og enkel konsesjonsbehandling for utbygging av fornybar energi. Grunneigarar og lokalsamfunn skal få ein rettmessig del av verdiskapinga. Ei offentleg satsing på bioenergi vil føre til lokal verdiskaping og medverke til at vi når dei nasjonale miljø- og klimamåla.

### **Senterpartiet vil:**

- sikre utjamning av nettleige til forbrukarar i heile landet.
- stå vakt om ordninga med konsesjonskraft og konsesjonsavgifter og innføre ordningar som sikrar at kommunar blir kompenserte ved utbygging av nye fornybare energikjelder.
- auke skjermingsfrådraget i grunnrenteskatten, slik at samfunnsøkonomisk lønnsame vasskraftprosjekt også blir bedriftsøkonomisk lønnsame.
- opne for bygging av småkraftverk i verna vassdrag i dei tilfella der det ikkje er i konflikt med verneverdiane og eksisterande næringar. Førebygging av flaumskadar må prioriterast også i verna vassdrag, men det er viktig å stå vakt om verneverdiane.
- oppheve kravet om selskapsmessig og funksjonelt skilje for mindre energiselskap som driv nettverksemd.
- fjerne minimums- og maksimumsverdien ved berekning av eigeomsskatt for kraftverk.
- gå imot produksjon av atomkraft i Noreg.



### **Ta vare på matjorda!**

Dyrkbar jord er ein knapp ressurs både i verdssamfunnet og her heime. Matjorda er under så stort press at ho treng eit strengare lovvern. Omsynet til utbygging av industri, infrastruktur og bustader må balanserast betre mot det langsiktige omsynet til matproduksjon. Meir matjord må derfor *dyrkast opp*, og mindre matjord må *byggjast ned*.

Landbruksareal som går ut av drift, er ei stor utfordring. For å hindre tap av matjord må landbrukspolitikken styrkjast, slik at vi held ved lag landbruket over heile landet.

Senterpartiet vil ha ein samferdselspolitikk som tek omsyn til dyrka mark, og går derfor inn for at omsynet til jordvernet skal avklarast så tidleg som råd i planprosessane og vektast høgt ved val av trasé. Når ein vel vegstandard og trasé, må alternativa til nedbygging av landbruksjord gjerast synleg.

#### **Senterpartiet vil:**

- ha eit strengt jordvern som oppfyller jordvernforliket i Stortinget. Det slår fast målsetjinga om at nedbygginga av matjord skal liggje under 4000 mål årleg før 2020. På sikt må talet reduserast ytterlegare til 2000 mål – eit nytt nasjonalt halveringsmål.
- gå inn for ein samla nasjonal jordvernsplan.
- grunnlovsfeste at matjord skal disponerast langsiktig og takast vare på for komande generasjonar.
- lovfeste høvet til varig vern av matjord.
- sikre matjorda eit sterkare vern enn utmarka.
- at jord som blir bygt ned, skal gjenbrukast som matjord.
- at jordvernet skal vektast tyngre i planprosessar, og at det skal nydyrkast like mykje jord som det blir omdisponert.
- endre dagens nasjonale retningslinjer for samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga, slik at jordvern blir prioritert høgare ved utbygging i pressområda. Reglane i jordlova må få forrang framfor desse retningslinjene.
- ha full openheit om opsjonsavtalar som vedkjem jordvernet.

### **Aktiv forvaltning av natur og biologisk mangfald**

Utryddinga av dyre- og planteartar fører til uopprettelege skadar og set matvaretryggleiken i verda i fare. Biologisk mangfald og sårbare økosystem må sikrast gjennom ein kombinasjon av eit godt nasjonalt regelverk og god lokal forvaltning.

Senterpartiet vil ta vare på naturressursane og det biologiske mangfaldet gjennom berekraftig bruk. Den gode naturforvaltninga veks først og fremst fram gjennom klok og langsiktig bruk. Gode forvaltartradisjonar gir som regel eit betre og meir langsiktig vern enn det meir formaliserte vernet, som freding.

Mykje av det biologiske mangfaldet i Noreg er avhengig av menneskeleg bruk. Om lag ein tredel av dei norske artane som er utryddingstruga, høyrer heime i jordbrukskulturlandskapet, og då særleg i beiteområda. Derfor er det viktig med framleis bruk av norsk natur til matproduksjon for å ta vare på naturmangfaldet – og det er særleg viktig å føre vidare beitepraksisen.

Di betre naturen blir forvalta, di mindre er behovet for vern. I somme tilfelle er vern av naturtypar og dyre- eller planteartar likevel nødvendig. Vern er eit *middel* for å bevare naturen, ikkje eit *mål* i seg sjølv. Frivillig skogvern er den mest effektive og minst konfliktskapande ordninga på dette feltet. Senterpartiet er motstandar av eit prosentmål for verna skog i Noreg.

Aktiv og fornuftig bruk av naturen har gitt oss dei naturressursane vi nyt godt av i dag. Vernepolitikken må leggje til rette for at lokalbefolkninga skal få høve til å bruke området og utvikle næringsverksemd, så lenge det ikkje er i strid med verneverdiane.

Senterpartiet vil vidareutvikle og styrkje dagens modell med regional og lokal forvaltning. I område der vern er aktuelt, må verneprosessane gå føre seg på ein slik måte at lokalbefolkninga og grunneigarane får reell innverknad. Alt vern skal vere fagleg grunnlagt og forankra i opne prosessar som sikrar rettane til lokalsamfunna. Verneformålet må definerast tydeleg ved alle vernevedtak etter naturmangfaldslova. Korleis verneområdet kan brukast, må vere klarlagt når vern blir vedteke, slik at det er føreseieleg for lokalbefolkninga.

Sidan omfanget av formalisert vern i Noreg tek til å bli stort, må nytt vern vere frivillig. Grunneigarar, lokalsamfunn, kommunar og regionar som er omfatta av strengt vern og tek på seg ansvaret for å bevare naturen på vegner av heile samfunnet, må få kompensasjon for dette. Senterpartiet vil kompensere gjennom tiltak som oppretting av næringsfond og tilrettelegging for næringsliv.

#### **Senterpartiet vil:**

- at det skal leggjast vekt på lokale interesser i tilfelle der vern av naturområde er eit alternativ.
- at frivillig vern blir føretrekt i skogvernet, og at makeskifte blir nytta i størst mogleg grad.
- at grunneigarar må sikrast full økonomisk kompensasjon når verneområde blir etablert.
- ha full erstatning ved ekspropriasjon av areal.
- føre ein aktiv politikk for å hindre at svartelisteartar kjem inn i Noreg.
- føre vidare ei restriktiv haldning til å godkjenne genmodifiserte organismar.
- intensivere innsatsen med å førebyggje og rydde opp i forureina jord, sjø og sjøbotn. Støtte nye teknologiar for å få dette til. Initiere eit internasjonalt arbeid med plastfangst.
- arbeide for meir lokal forvaltning av statsgrunn i Nordland og Troms. Også her må fjellova gjelde.
- jobbe for at bruksrettane knytte til jordbruket og rettane til jakt og fiske blir sikra og tekne vare på i ein lovrevisjon. For arbeidet sitt med å leggje til rette for at allmenta kan ha eit allsidig friluftsliv i statsallmenningane, skal fjellstyra sikrast ei statleg grunnfinansiering. Då kan dei halde på den nødvendige kompetansen og kapasiteten for å føre vidare og auke dette arbeidet. I oppfølginga av arbeidet til fjellov-utvalet må inntektene frå naturressursane i statsallmenningane – unnateke skogsdrifta – sikrast med ei 50/50-fordeling mellom grunneigarfondet og fjellkassa.
- ikkje at forvaltingsansvaret som fjellstyra har for statsallmenningane, blir svekt gjennom forslag i fjellovutvalet, men at det lokale sjølvstyret gjennom fjellstyra bør kome styrkt ut.

#### **Rovvilt**

Senterpartiet vil ha eigne bestandsmål for jerv, gaupe og bjørn. Desse artane må forvaltast på ein slik måte at vi held ved lag ein utstrekt beitebruk i Noreg. Skal dette bli røyndom, må Noreg få ein rovdyrpolitikk som byggjer på prinsippa om regional/lokal forvaltning, effektivt uttak av skadedyr og full erstatning for rovdyrskadar. Dei som lever nært på rovdyra, må ha høve til å påverke forvaltninga av bestanden, og erfaringane som lokalbefolkninga har med å ha rovdyr i nærleiken, skal vektast tungt. Dei som blir påførte tap som følgje av rovdyrangrep, skal kompensast for det. Denne kompensasjonen er eit statleg ansvar.

Senterpartiet arbeider for reduserte bestandsmål for alle dei store rovdyra. Det er nødvendig å etablere ei betre forvaltning for bestandane av ørn, jerv, ulv, gaupe og bjørn. Det er naturleg å sjå forvaltninga av dei store rovdyra i eit heilskapleg, nordisk perspektiv. Dette vil seie at rovdyr ikkje skal vere i prioriterte beiteområde eller tettbygde strøk. Senterpartiet er i utgangspunktet skeptisk til at bestandsmåla skal fastsetjast som intervallmål – og avviser dette når det gjeld ulv.

Erfaringar viser at rovviltforliket frå 2011 ikkje blir følgt opp i praksis. Det er også eit problem at stortingsfleirtalet konsekvent trekkjer Bern-konvensjonen lenger enn det er grunnlag for. Alt dette skaper uro og konflikhtar rundt norsk rovviltpolitikk.

Det er avgjerande for næringsverksemd og livskvalitet at rovdyrforliket frå 2011 blir følgt opp i tråd med intensjonane til Stortinget og på grunnlag av god kartlegging av bestandane. Dette er ikkje tilfellet i dag. Lisensjakta må effektiviserast og forenklast, og kvotane som er bestemte, må takast ut. Det er staten som har ansvaret for å ta ut rovviltet, og det må skje på ein effektiv måte når fellingsløyve er gitt.

Noreg treng utmarksnæringane for å halde på eit aktivt landbruk i heile landet, og for å utnytte naturressursane best mogleg. Det er nødvendig både for å auke sjølvforsyningsgraden av mat basert på norske fôrressursar og for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Svært mange artar av karplantar, insekt og sopp er avhengige av aktiv beitebruk og slått av marginale engareal. Desse artane har tilpassa seg opne areal som er blitt påverka av beite- og landbruksaktiviteten gjennom tusenvis av år. No er desse artane truga av attgroing. Noreg har eit spesielt ansvar for desse artane sidan vi har aktiv beitebruk i utmarka. Når det gjeld dei store rovdyra, er situasjonen motsett. Rovdyra lever i store tal i andre delar av verda, og sjølv om dei står høgt oppe på den norske raudlista, er ingen av dei oppførte som truga på den globale. Derfor må omsynet til beitenæringane og kulturlandskapet prioriterast høgare enn omsynet til dei store rovdyra. Den samiske reindrifta opplever no eit rovdyrpress som trugar heile denne næringskulturen. Det er avgjerande at det raskt bli sett i verk tiltak som sikrar den sørsamiske tamreindrifta.

#### **Senterpartiet vil:**

- ha ei heilskapleg områdeforvaltning over fylkesgrensene og eit betre samarbeid mellom forvaltingsorgana og rovviltnemndene, også på tvers av regionane.
- ikkje ha finsk-russisk ulv i Noreg, og vil med det fjerne ulvesona.
- la grensebestandar av store rovdyr telje som norske dyr.
- vurdere å ta ut ørn i område med tette bestandar, og der tap og skadar på bufe og reinsdyr er dokumenterte.
- samordne betre rovviltforvaltinga i Noreg, Sverige og Finland.
- at dei som lir tap som følgje av rovdyrangrep, skal få fullgod erstatning.
- at landbruksmeldinga (2011/2012) skal liggje til grunn for forvaltingsplanane i alle rovviltregionane.
- sørgje for auka kunnskap om kva konsekvensar rovdyrpolitikken har for reindriftsnæringa, og setje i verk tiltak som reduserer rovviltkonfliktane i denne næringa.
- i større grad inkludere fagkompetanse til beitenæringa i kunnskapsgrunlaget for rovdyrforvaltinga.
- effektivisere skadefelling og lisensfelling og prioritere slik jakt i nærleiken av beiteområde.
- skilje klart mellom lisensjakt og uttak av skadedyr i prioriterte beiteområde. Kommunale jaktlag som tek ut skadedyr, må ha dei same vilkåra og følgje det same regelverket som SNO når dei skal utføre den same oppgåva. Ved uttak av skadedyr må det vere mogleg å bruke dei nødvendige ressursane, særleg hund og tekniske hjelpemiddel som drone, skuter, heilopter osv. Det må også vere lov å bruke laus på drevet halsande hund.
- løyve meir midlar til skadebyggjande tiltak, og ha uttak som førebyggjande tiltak.
- at det i beitesesongen skal vere ståande fellingsløyve på rovdyr innanfor rovdyrsikre beitegjerde og på innmarksbeite.
- at rovdyrproblematikken ikkje skal innskrenke beiteretten. Rovviltpolitikken må vere utforma slik at han ikkje tek beiteretten frå folk.

## **Friluftsliv**

Senterpartiet vil at flest mogleg skal ha høve til eit friluftsliv. Uteaktivitetar skaper trivsel, god folkehelse og ei betre forståing for økologien. Det er særleg viktig at barn og unge så tidleg som mogleg får ta del i friluftaktivitetar.

Naturen er truga frå mange hald. Privatisering og sterke utbyggingsinteresser trugar landbruks- og friluftsområde. Utmarksareal er ein del av produksjonsgrunnlaget i bygdene. Eigedommsretten og forvaltaransvaret til grunneigarane skal liggje fast. Der staten er grunneigar, må lokalsamfunnet har førsteretten til bruk. Friluftsløva må sikre allmenta rett til fri ferdsel i utmark og høve til å plukke sopp og bær. Organisert kommersiell verksemd på grunn eigd av ein annan person, er derimot ikkje ein del av allemannsretten.

Statsallmenningane er viktige friluftsområde for betydelege befolkningsgrupper. Statsallmenningane har også tilbod til andre enn jegerar og fiskarar, og den tilrettelegginga som fjellstyra gjer, kjem mange grupper innanfor friluftslivet til gode. Fjellstyra si forvalting av områda er viktig for folkehelse og friluftsliv, og denne betydninga kan og bør vi verdsetje.

### **Senterpartiet vil:**

- verne om allemannsretten.
- støtte frivillige aktørar som legg til rette for friluftsliv og merking av turløyper og stigar nær folk.
- arbeide for at personar med funksjonsvanskar skal få betre tilgang til utmark.
- lage ein nasjonal strategi for å utvikle grønne lungar, friluftsområde, kolonihagar og landbruk i folketette område.
- halde fram arbeidet med offentleg støtte til å sikre og kjøpe opp populære friluftsområde der dette betrar tilgangen for allmenta. Offentlege friområde må i større grad oppgraderast og gjerast tilgjengelege for alle.
- satse særleg på kulturminne i samband med friluftsliv.
- sikre interessene til grunneigarane opp mot det organiserte og kommersialiserte friluftslivet.



## Transport og kommunikasjon: Framtidsretta norsk infrastruktur

- God infrastruktur i heile landet = ein føresetnad for vekst og busetjing
- Trafikkveksten i by = gange, sykkel og kollektiv
- Vegsatsing i distrikta

Noreg har stort areal, krevjande klima, utfordrande topografi og spreidd busetnad. Infrastruktur som vegar, jernbane, hamner, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett knyter landet saman og er ein uunnverleg del av kvardagslivet for folk og bedrifter i heile landet. Det er ei grunnleggjande målsetjing å føre vidare satsinga på samferdselstiltak slik at Noreg får sikker, effektiv og miljøvennleg infrastruktur.

Hovudmålet er å utvikle og ta hand om transport- og kommunikasjonstilbodet på ein måte som gir gode ringverknader for næringslivet og i kvardagslivet til folk. I ei tid med behov for store omstillingar i norsk økonomi er god infrastruktur ein nøkkelfaktor for at næringslivet og verdiskapinga skal lykkast – i heile landet.

Samtidig som vi skal satse stort på moderne infrastruktur, er det viktig å omstille norsk transport slik at Noreg lever opp til klimaforpliktingane sine, med svært låge klimagassutslepp, slik at lokale forureiningsproblem blir løyste. På same måten må det jobbast systematisk for å kome nærare målet om at ingen skal miste livet eller bli hardt skadd i trafikken.

Utbygging og vedlikehald av vegar, kollektivtrafikk, hamner og flyplassar er eit offentleg ansvar, der staten må ta det største finansielle ansvaret. Utbygging av breiband- og mobilløysingar i Noreg skal skje innanfor eit regime der vi tek i bruk både offentlege og private krefter. Det er likevel særleg eit offentleg ansvar å sikre heilskapen i tilbodet, og då spesielt å sørgje for utbygging og drift i område der det kommersielle grunnlaget er svakt. Heile landet skal ha likeverdige infrastruktur.

Effektiv gjennomføring og kortast mogleg byggeperiode for store veg- og baneprosjekt krev ei meir føreseieleg finansiering utover dei årlege budsjettløyvingane. Senterpartiet vil at store prosjekt skal få ein eigen prosjektorganisasjon etter prinsippa i modellen «Særskilt prioriterte veiprosjekt» frå Nasjonal transportplan 2014–2023. Senterpartiet vil ha ein integrert, offentleg jernbanesektor i Noreg.

Senterpartiet går inn for kontraktstrategiar som gjer det praktisk mogleg for mindre, norske leverandørar i alle delar av landet å delta i anbodskonkurransar, og ønskjer at staten saman med anleggsbransjen utviklar modellar for dette.

#### **Senterpartiet vil:**

- la Nye Veier AS fullføre dei planlagde investeringane og deretter evaluere den vidare organiseringa.
- reversere oppsplittinga og konkurranseutsetjinga av jernbanetilbodet i Noreg.
- gjeninnføre Postens monopol på brev under 50 g og laurdagsombering.

#### **Vegar, bilar og sykklar**

Det meste av trafikken vil også i framtida gå på vegnettet. Opprusting av dei gjennomgåande stamvegane nord–sør og aust–vest prioriterast høgt. Senterpartiet vil i tillegg satse stort på å fase inn nye, effektive og miljøvennlege ferjer og fjerne flaskehalsar på alle tre vegklassar: riksvegar, fylkesvegar og kommunevegar.

Fylke og kommunar har stort ansvar på transportområdet, men dei statlege overføringane står ikkje i forhold til oppgåvene som skal løysast. Senterpartiet går inn for å styrkje desse løyvingane kraftig, slik at særleg fylkesvegnettet – men også kommunevegnettet – kan få eit auka vedlikehald.

Senterpartiet vil gjeninnføre ordninga med statleg støtte til store fylkesvegprosjekt.

Senterpartiet vil ha reformer som reduserer innkrevjings- og administrasjonskostnadene ved bompengeneinnkrevjing, slik at bompengane i størst mogleg grad går til faktiske samferdselsformål.

Staten må stille finansiell garanti for bompengeprojekt der staten er vegeigar.

For å få til ei meir effektiv gjennomføring av vegprosjekt må vi sikre at lengre samanhengande vegstrekningar blir planlagde og utbygde. Statens vegvesen må gjerast til ein meir smidig og effektiv aktør for å byggje ut, halde ved like og drifte vegnettet.

For å styrkje trafikktryggleiken på vegane er vi avhengige av ei blanding av tiltak, både fysiske, haldningsskapande og åtferdsregulerande. Automatisk trafikk kontroll er ein del av denne miksen, og den må særleg brukast på strekningar belasta med mange ulykker. Skredsikringa må styrkjast på heile vegnettet, og det må innførast ein differensiert standard på gang- og sykkelvegar som er tilpassa trafikkbiletet elles.

Norsk næringstransport har i dag urimelege konkurransevilkår fordi utanlandske konkurrentar driv med ulovleg kabotasjekøyring og ikkje lever opp til norske lønns- og tryggleiksstandardar.

Regelverket på dette feltet må derfor strammast ytterlegare inn, og sanksjonane må bli meir effektive. Det er særleg viktig å auke kontrollaktiviteten.

Noreg har for mange gamle privatbilar. Dette er eit miljøproblem, eit tryggleiksproblem og i lengda ei ekstra økonomisk belastning for dei bileigarane det gjeld. Senterpartiet meiner det hastar med å fornye bilparken, og vil ta initiativ til ein strategi for å oppnå dette. Verkemidla må innrettast slik at dei mest klimavennlege bilane (el-, hydrogen- og hybridbilar) får fordelar i samsvar med miljøeffekten. Infrastrukturen som skal betene ein meir klimavennleg bilpark, må byggjast kraftig ut. Det må også leggjast opp til ei sterkare satsing på biodrivstoff. Denne satsinga må skje parallelt med at det blir utvikla norske løysingar for fornybart drivstoff og sett opp fleire ladestasjonar.

Auken i talet på elbilar i Noreg har medverka til å skape ein marknad for neste generasjons køyretøy, og dermed reduserte klimautslepp. Det er viktig at Noreg framleis legg til rette for utviklinga av nullutslepps bilar. Senterpartiet vil ha ei gradvis utfasing av bruksfordelane for nullutslepps bilar fram mot 2030, men behalde kjøpsfordelane.

**Senterpartiet vil:**

- satse kraftig på å redusere vedlikeholdsetterslepet på riks- og fylkesvegar i NTP-perioden 2018–2029.
- ha eit forpliktande fylkesvegløft, der staten også bidrar med ekstra midlar til store fylkesvegprosjekt.
- styrkje satsinga på rassikring på riks- og fylkesvegane.
- gå inn for at fossil energibruk frå person- og varebilar gradvis blir fasa ut. Avgiftssystemet skal rettast inn slik at tilnærma 100 prosent av nybilsalet i 2025 er basert på nullutsleppsteknologi.
- greie ut såkalla avansert vegprising i område der det finst gode alternativ til privatbil.
- satse sterkt på norsk produksjon av biodrivstoff og spesielt avansert biodrivstoff. Stortinget må klarleggje rammevilkåra for produsentane i åra fram mot 2030.
- medverke til å stimulere norsk teknologi og eigarskap for å byggje lade- og påfyllingsinfrastruktur for nye energiberarar i heile landet.
- styrkje ordningane Enova har for transportsektoren ved å etablere nye støtteordningar for låg- og nullutsleppsteknologi for lastebilar og bussar, og ved å styrkje støtteordningane for ferjer og hurtigbåtar.
- at staten intensiverer arbeidet med å byggje ut infrastrukturen for el- og hydrogenbilar. Det må byggjast fleire energistasjonar i alle delar av landet for å møte behova til dei nye miljøvennlege transportmidla.
- ha sterke støtteordningar for å fase inn hydrogen som energiberar i transportsektoren.
- fjerne den statlege godkjenningssystemet for bompengeprojekt på fylkesvegprosjekt.
- auke satsinga på Nasjonale turistvegar.

**Kollektivtilbod: Jernbane, buss, båt og taxi**

Senterpartiet vil ha eit godt utbygd kollektivnett i heile landet som gjer det enkelt og rimeleg både å reise til og frå jobb og å reise raskt og klimasmart mellom landsdelar. Veg er ikkje løysinga på transportutfordringane i og rundt storbyane. Transportveksten her må løysast med kollektivtransport, sykkel og gange.

God flyt i kollektivtrafikken i og rundt dei store byane er positivt også for framkomsttilhøva mellom landsdelane. Senterpartiet vil føre vidare og utvide dei strategisk viktige bymiljøavtalane og påskjøningsordningane som stimulerer byane til å vri transporten frå privatbilisme til kollektivtrafikk, sykling og gange. Større statlege bidrag føreset at byområda sjølve sørgjer for ei samfunnsplanlegging der ein fortettar og byggjer ut rundt kollektivknutepunkt. Senterpartiet går inn for at staten går inn med minst 50 prosent av finansieringa i store kollektivinvesteringar i dei ni byområda som i dag har høve til å gjere bymiljøavtalar. Senterpartiet vil at også mellomstore byar og byområde kan ta del i bymiljøavtaleordningane.

Jernbane er ei effektiv og miljøvennleg transportform. Senterpartiet vil skape eit attraktivt og moderne togtilbod for passasjerar og gods, og arbeider ut frå ei langsiktig målsetjing om at toget skal vere det mest attraktive transporttilbodet mellom landsdelane.

Vi vil arbeide for moderne intercity-løysingar rundt og mellom dei store byane, og vil leggje betre til rette for jernbane også i nærleiken av andre byar og tettstader. Jernbanestrekningane må rustast opp slik at dei på sikt kan knyte regionane saman i eit driftssikkert og raskare togtilbod. For å styrkje godstrafikken på jernbana vil Senterpartiet arbeide for å byggje fleire kryssingsspor og nye signalsystem. Vi vil også halde banestrekningane ved like slik at regulariteten på jernbanenettet kan bli betre. Dei banestrekningane som står att, må elektrifiserast. Eit alternativ kan vere hydrogen på nokre banestrekningar, og på kort sikt naturgass.

Ferjer og hurtigbåtar er mange stader ein uunnverleg del av samferdselsnettet. Senterpartiet går inn for å fornye ferje- og hurtigbåtflåten for å møte krava til klimatilpassing og universell utforming. For kystfylka er hurtigbåtsamband og ferjer avgjerande, og Senterpartiet vil leggje til rette for å styrkje denne delen av transporttilbodet. Dette skal skje i samarbeid med norsk industri og sikre omstilling langs kysten, særleg på Sørlandet og Vestlandet. Noreg har ein spesiell føresetnad for å kunne ta ei verdsleiane rolle innanfor null- og lågutsleppsteknologien på dette feltet, og dermed også innanfor skipsfarten generelt. Staten har eit ansvar for å medverke til låg- og nullutsleppsteknologi og må sikre finansiering både for riks- og fylkesvegsamband.

Taxinæringa er ein uunnverleg del av kollektivtrafikken i Noreg. Denne næringa skal vere regulert og ha gode utviklingsvilkår. Ny teknologi har endra konkurransesituasjonen, og Senterpartiet meiner dette krev at staten tek offensive grep for å leggje nye tenester inn under dei reguleringane som taxinæringa arbeider innanfor – slik at det blir like konkurransevilkår. Det er viktig å styre løyvepolitikken, slik at bilflåten i taxinæringa blir betre utnytta. Den såkalla «helsekøyninga» i Noreg bør vere reservert for taxiaktørane.

#### **Senterpartiet vil:**

- auke satsinga på gang- og sykkelveg både i byar, tettstader og langs skulevegane.
- leggje betre til rette for transportsyklistane ved å byggje fleire sykkelfelt / egne trasear, slik at fleire kan bruke sykkel til rask transport over lengre strekningar.
- byggje ut sykkelhotell/sykkelparkering ved kollektivknutepunkt.
- byggje fleire pendlarparkeringar rundt regionsentra, slik at bilpendlarar kan veksle over til jernbane eller buss på eit naturleg knutepunkt.
- forenkle og samordne billettsystema for kollektivtransport på tvers av fylkesgrenser.
- inngå bymiljøavtalar også for mellomstore byar og byområde.
- bruke offentlege anbod til å fremje nullutsleppsløysingar i kollektivtransporten.
- sikre fylkeskommunane finansiering for fleksible og brukartilpassa bestillingstransport.
- reversere oppsplittinga og privatiseringa som er gjennomført i jernbanesektoren.
- styrkje TT-ordninga og fleksible kollektivtransport-ordningar (FLEXX) .
- satse på ordninga for Kollektivtransport i distrikta (KID-ordninga) som gjer det mogleg for fylka å teste nye modellar for kollektivtrafikk i spreiddbygde strøk, for eksempel med modellar der ein tek i bruk taxi for å frakte folk til buss og tog.
- redusere støyplager i byar og tettstader.
- styrkje dagens løyveordning til det beste for næringa og kundegruppa.
- at det framleis skal vere døgnberedskap på drosjar i heile landet.
- greie ut om jernbaneinfrastrukturen for framtida i og ut av Nord-Noreg, særleg med bakgrunn i den sterke veksten i sjømattransporten ut av landsdelen, som er forventa å auke endå meir.
- styrkje fylkeskommunens økonomiske krefter til å gi eit framtidsretta ferjetilbod langs kysten, særleg med bakgrunn i at fleire kystfylke har kome dårlegare ut av seinare endringar i inntektssystemet, knytt til båt og ferjedrift.
- ha null- og lågutslepp som hovudregel ved utlysing av nye anbod på ferjer og hurtigbåtar, samtidig som talet på avgangar blir halde oppe eller forbetra.

#### **Luftfart**

Senterpartiet vil leggje til rette for eit styrkt flyrutetilbod på Vestlandet og i Nord-Noreg. Desse landsdelane har ikkje eit tidseffektivt togtilbod. Det er eit mål for Senterpartiet å få ned utsleppa frå luftfarten ved å bruke avgifter til å stimulere til bruk av dei mest miljøvennlege fly- og drivstofftypane. Det må også kome ytterlegare statlege insentiv som driv fram ein meir miljøvennleg luftfart.



Senterpartiet vil halde på det store nettet av lufthamner i Noreg og finansieringa av desse gjennom flyplassavgifter/kryss-subsidiering, og meiner at det er Avinor som hovudregel skal drive lufthamner i Noreg.

**Senterpartiet vil:**

- sikre finansieringa av kortbanenettet.
- styrkje rutetilbodet til flyplassar i distrikta og halde fast ved ordninga med statlege rutekjøp i luftfarten.
- bidra til betre rammevilkår for regionale flyplassar som ikkje er ein del av Avinor-systemet.
- vidareutvikle biodrivstoffsatsinga som Avinor har starta.
- gå mot ei tredje rullebane på Oslo Lufthamn Gardermoen.

**Hamner og farleier**

Nettet av farleier og hamner i Noreg må utnyttast til fulle, særleg i næringsssamanheng. Senterpartiet vil at staten skal medverke til å utvikle hamner og halde hamner og farleier ved like.

Senterpartiet vil leggje til rette for å flytte meir av godstransporten frå land til sjø. Dette er ein viktig del av omlegginga til ein meir miljøvennleg samferdselssektor. I tillegg må det opprettast knutepunkt for å flytte gods mellom veg, jernbane og sjø.

Senterpartiet vil leggje til rette for å byggje ut hamner i nord for å møte dei moglegheitene ei framtidig opning av Nordaustpassasjen vil gi. Staten skal framleis medfinansiere kommunale fiskerihamner. Dette er viktig for å sikre framleis god utvikling i fiskerinæringa og for næringsmiddelindustrien på land.

**Senterpartiet vil:**

- styrkje innsatsen for at alle hamner skal tilby straum innan 2030 og greie ut om påkoplingsplikt.
- sørge for rask utbygging av Stad skipstunnel.
- ha kraftigare verkemiddel for å få meir gods over frå veg til sjø.
- arbeide for forpliktande utsleppsreduksjonar i internasjonal skipsfart.
- sikre at staten framleis medfinansierer fiskerihamner.
- leggje til rette for hamneutvikling i nord ut frå eit strategisk nordområdeperspektiv.
- forsterke innsatsen for å gjere kystflåten utsleppsfri.

**Digital allemannsrett**

Senterpartiet meiner at næringsliv og privatpersonar i alle delar av landet må sikrast tilgang til fullverdig høghastigheitsbreiband. Vi vil arbeide for å halde fram utbygginga av mobildekninga i Noreg.

For å styrkje mobildekninga på kort sikt vil vi opne for såkalla nasjonal roaming; at kundar skal ha tilgang til mobilnettet der det finst, uavhengig av om dette nettet høyrer til det selskapet ein har abonnement hos eller ikkje.

Senterpartiet går inn for ei statleg støtteordning for investeringar for å leggje fiberkablur til utlandet. Dette vil bety mykje for datasenterindustrien i Noreg og sikre norsk beredskap.

**Senterpartiet vil**

- sikre heile befolkninga i landet tilgang til raskt breiband (minimum 100mbit/s symmetrisk breibandskapasitet) og innføre offentleg leveringsplikt for breiband i dei områda der det ikkje er grunnlag for kommersiell utbygging

- gi fylkeskommunane som regionale utviklingsaktørar hovudansvaret for å sikre full breibandsdekning, med sterk statleg finansiering for å nå måla
- innføre ei tilskotsordning for utbygging av eit godt mobilnett der marknaden ikkje stiller opp
- satse på ei kraftig utbygging av mobildekninga langs hovudferdselsårene
- at det blir etablert klare nasjonale tryggingreglar og kontrollrutinar for outkontraktering av norske datatenester.

### **Post**

Senterpartiet støttar eit system med einingsporto og fem dagars postombering i alle delar av landet. Det er viktig å stå vakt om distribusjonsløyisingar som sikrar avisombering på laurdag. Landpostbodordninga må ta i bruk moderne løyisingar og kommunisere med brukarane slik at dei som bur langt unna eit postkontor, er sikra lik tilgang på posttenester.

#### **Senterpartiet vil:**

- sikre lik brevporto over heile landet.
- sikre avisombering på laurdagar.
- forbetre landpostbodordninga.
- sikre ordningar som gjer at laboratorieprøver kan bli sende og mottekne laurdagar i alle delar av landet.



- Ta vare på den norske arbeidslivsmodellen
- Fleire må i jobb
- Nei til passiviserande trygdeytingar og sosial dumping

Norsk arbeidsliv må utviklast vidare i samarbeid mellom styresmakter, arbeidsgivarar og arbeidstakarar. Samarbeidet byggjer på målsetjingar om høg verdiskaping, full sysselsetjing, jamn fordeling av inntektene og reallønnsvekst for alle grupper. Samarbeidet skal bidra til godt arbeidsmiljø, ubyråkratisk kommunikasjon og tillit mellom leiarar, tillitsvalde og arbeidstakarar. Det stimulerer til ansvar for eigen arbeidsplass, felles arbeidsinnsats og tiltak som fremjar produktivitet.

Framtida til den norske arbeidslivsmodellen er avhengig av at partane står saman om å byggje opp og forsvare eit godt organisert arbeidsliv. Nedgangen i talet på fagorganiserte og mindre bruk av tariffavtalar undergrev denne plattformen. Fordi kollektiv lønnsfastsetjing er avgjerande for framtida til arbeidslivsmodellen, må ei slik utvikling motverkast. Fleire arbeidstakarar i privatsektor må omfattast av tariffavtale, og tariffavtalane må opne for lokale forhandlingar.

Internasjonalisering, arbeidsinnvandring, endringar i næringsliv og utvikling av teknologi påverkar maktforholda mellom partane i arbeidslivet. Ei offentlig maktutgreiing bør setjast i gang for å kaste lys over denne utviklinga, og for å peike på vegar å gå for at partane skal kunne føre samarbeidet vidare på grunnlag av likeverdig styrke. Det er også viktig å undersøkje og dokumentere dei konsekvensane uregulert arbeidsinnvandring har på den norske arbeidsmarknaden. Viktige aspekt er sysselsetjing, lønnsdanning, produktivitetsutvikling og langsiktig finansiering av velferdsstaten, til dette høyrer eksport av norske trygdeytingar.

Noreg har opplevd stor arbeidsinnvandring frå EØS-områda dei siste åra. Det har tilført nødvendig arbeidskraft til eit Noreg i høgkonjunktur. Næringar som bygg og anlegg, reiseliv og landbruk har vore avhengige av denne arbeidskrafta.

Det er likevel knytt utfordringar til høg arbeidsinnvandring. Lågare produktivitetsutvikling, lønnsvekst og status innanfor fleire tradisjonelle handverkyrke er negativt for heile samfunnet. Det same gjeld eksport av trygdeytingar og lågare yrkesdeltaking blant nordmenn. Vi veit heller ikkje korleis dette vil utvikle seg i ein lågkonjunktur.

Det overordna omsynet vårt er å ta hand om den norske arbeidsmarknaden og vårt eige behov for sysselsetjing. Det viktigaste verkemiddelet vårt er ordna forhold, trepartssamarbeidet og effektive kontrollmekanismer for å sørje for at norske lønns- og arbeidsvilkår gjeld i Noreg. Men det kan også bli aktuelt å gjeninnføre nasjonale reguleringar av arbeidsinnvandringa frå EØS-området utanom Norden. Dette skal i så fall skje i samarbeid med fagrørsla. Dei ordningane Storbritannia og EU blir samde om, kan også bli relevante for Noreg.

Gjennom utvidinga av EU i 2004 og 2008 har forskjellane i arbeidslivet EU og EØS-området auka kraftig. Fleire av landa som arbeidsinnvandarane kjem frå, har svært høg arbeidsløyse, langt dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn i Noreg, og det sosiale tryggingssystemet er dårlegare utbygd. Framleis stor arbeidsinnvandring gir ein stor tilgang på arbeidskraft, som igjen pressar norske lønns- og arbeidsvilkår nedover. Det gir press nedover for norske lønns- og arbeidsvilkår. Presset er ulikt fordelt mellom yrkesgrupper, aldersgrupper og arbeidsevne. Taparane er dei faga som har dårlegast vern gjennom språk, kvalifikasjonar og fagorganisering, og dei blir hengande etter. Dette står i kontrast til Senterpartiets mål om jambyrdige forhold mellom folk i Noreg. Det er vanskeleg å oppnå full sysselsetjing og ein velorganisert arbeidsmarknad samtidig som det er fri arbeidsinnvandring frå EØS-området.

Styresmaktene må motarbeide arbeidslivskriminalitet med langt kraftigare lut. Senterpartiet vil arbeide for ei kraftig styrking av arbeidet til styresmaktene for å avdekkje og forhindre arbeidslivskriminalitet i samarbeid med arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane. Det store omfanget av arbeidslivskriminalitet undergrev levevilkåra for seriøse føretak så vel som arbeidsforholda for arbeidstakarar i delar av det norske arbeidslivet. Statens skatteinntekter blir også reduserte, samtidig som trygdeytningar blir urett utbetalte.

Senterpartiet arbeider for eit arbeidsliv med ordna forhold og plass til alle med heil eller delvis arbeidsevne. For å underbyggje dette støttar vi opp om trepartssamarbeidet, avtalen om inkluderande arbeidsliv og reformer som gjer det lettare å kombinere arbeid med pensjon og andre velferdsytningar.

Senterpartiet står for balanserte løysingar som tek vare på behova til både arbeidsgivarane og arbeidstakarane. For å gjennomføre dette må det vere eit overordna lovverk som støttar opp under faste tilsetjingar og ein heiltidskultur i arbeidslivet. Det gir tryggare forhold for dei tilsette, betre høve for fagutdanning, og det gir bedriftseigarar betre høve til å planleggje på lang sikt. Mellombelse tilsetjingar er nødvendige og viktige for å dekkje opp arbeid som er mellombels. Men Senterpartiet meiner at omfanget av mellombelse tilsetjingar er langt større enn behovet for å dekkje opp for mellombels arbeid. Denne utviklinga må reverserast ved å innskrenke høva for mellombelse tilsetjingar i arbeidsmiljølova.

Teknologi legg forholda til rette for ein fleksibel bruk av arbeidstida. Ved at skiljet mellom arbeid og fritid til dels har blitt utviska, kan mange arbeidsoppgåver utførast andre stader enn på sjølve arbeidsstaden. Det bør vere eit mål for partane i arbeidslivet å stimulere til individuelle ordningar og minske problema med lang pendlarveg til jobben.

#### **Senterpartiet vil:**

- vidareutvikle den norske arbeidslivsmodellen mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet, som er kjenneteikna ved maktfordeling basert på medverknad, medråderett og medansvar.
- verne om frontfagmodellen som basis for lønnsforhandlingane.
- at norsk arbeidslivslovgiving, norske tariffavtalar og ILO-konvensjonar som Noreg har implementert, skal ha forrang framfor EU-retten.
- reversere endringane i arbeidsmiljølova som er gjennomført i perioden 2013–2017. Flexibiliteten til kommunane når det gjeld turnusordningar, må takast vare på.

- at spørsmål om helse, miljø og tryggleik (HMS) knytte til aktiviteten på norsk sokkel skal liggje under nasjonal kontroll og styring.
- at tryggingsklausulen i EØS-avtalen (art. 112) blir teken i bruk dersom fri flyt av arbeidskraft i EØS trugar den norske arbeidsmarknaden.
- arbeide for eit godt regulert arbeidsliv utan sosial dumping, og tilføre Arbeidstilsynet, NAV, Politiet, Skatteetaten, UDI og Petroleumstilsynet ressursar til å følgje opp kampen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.
- innskrenke høva til å bruke bemanningsbyrå, tilsettkontraktar utan lønn mellom oppdrag og mellombelse tilsetjingar.
- at omgrepet «fast tilsett» og omgrepet «mellombels tilsett» må definerast i arbeidsmiljølova, slik at tilsette får føreseielege vilkår for arbeidstid, lønn og stillingsvern.
- gå mot lovfesta minstelønn, men bruke ordninga med allmenngjering av tariffavtalar på fleire fagområde.
- styrkje varslarvernet i det norske arbeidslivet.
- over tid fase ut særaldersgrenser.
- at Senter for distriktsutvikling også skal vere eit kunnskapssenter for å utvikle og modernisere kommunesektoren, basert på trepartssamarbeidet.

## Velferd

Senterpartiet vil at samfunnet skal ha eit sterkt tryggingsnett i form av velferdsytingar for dei som treng det permanent eller i fasar av livet. Vi vil slå ring om viktige velferdsytingar som sjukelønn, alderspensjon og uføretrygd.

Skal velferdstenestene vere gode nok for dei som treng det, må vi sørgje for at dei er økonomisk berekraftige på sikt. Derfor må vi både hindre vekst i talet på stønadsmottakarar og avgrense omfanget av talet på velferdsordningar. Når ei gruppe får tilbod om ein rett, får ei anna gruppe ei plikt til å oppfylle denne retten. I praksis består denne plikta ofte i å betale meir skatt for å finansiere nye eller betre velferdsordningar. Fordi alle må betale skatt, meiner Senterpartiet det er rett og viktig at alle også får tilgang til velferdsgoda. Derfor bør universelle velferdsordningar vere hovudregelen. Velferdsytingane må vere utforma på ein slik måte at dei byggjer opp under arbeidslinja. Vi støttar måla i pensjonsreforma, som stimulerer til arbeid og samtidig gir fridom til å velje tidspunkt når ein vil gå av med pensjon.

Godt over 300 000 lever på uføretrygd. Dette er eit høgt tal, og statens kostnader på dette feltet er urovekkjande høge både på kort og lang sikt. Det gir særleg grunn til uro at talet på unge uføre stig kraftig. Det er viktig å leggje til rette for at fleire uføre med restarbeidsevne heilt eller delvis kan vende tilbake til arbeidslivet. Det er særleg viktig med tiltak som følgjer opp unge med psykiske lidningar.

Senterpartiet støttar uførereforma, som gir meir fleksibilitet for dei som har restarbeidsevne. Det er eit hovudprinsipp for å føre vidare arbeidslinja at ingen skal kunne få meir i velferdsytingar enn det ein kunne ha rekna med å tene som lønsmottakarar. Unntaket frå dette kan vere uføretrygda med omsorg for fleire barn som får behovsprøvd barnetillegg. Permanente ytingar, som uføretrygda, skal ikkje givast til personar som har lidningar ein kan forvente skal gå over eller kan kurerast.

**Senterpartiet vil:**

- at sjukelønnsordninga blir ført vidare på dagens nivå og blir forbetra for sjølvstendig næringsdrivande.
- at IA-avtalen blir intensivert med større vektlegging på helsefremjande tiltak på arbeidsplassen.
- greie ut om det er mogleg å gi personar med alvorlege diagnosar som er under aktiv behandling, den fleksibiliteten dei treng når det gjeld lengda på og graderinga av sjukemeldinga, betre høve for arbeidsnærvar og økonomisk tryggleik i behandlingsperioden utover eitt år.
- at det blir innført aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år kombinert med ein aktivitetsrett for mottakaren. Kommunane må få statstilskot til å organisere denne aktiviteten.
- som hovudregel fjerne høvet til å bli varig uføretrygda for dei som er under 30 år.
- auke barnetrygda for å styrkje økonomien til barnefamiliane, og motarbeide forslag om å skattleggje desse målretta ordningane.
- at barnetrygda blir halden utanfor når ein bereknar sosialhjelp.
- utvide omfanget av ordningane med varige og mellombelse lønnsstilskot til arbeidsgivarar.
- arbeide for å endre reglane for trygderettane som EØS-borgarane har til den norske staten.
- arbeide for universelle velferdsrettar for norske borgarar.
- setje i verk tiltak som avgrensar «trygdeeksport» frå Noreg. Dei som har arbeidsforhold i Noreg, skal ha plikter og rettar på linje med norske arbeidstakarar.
- ha eit desentralisert Nav med kompetanse, tenester og auka avgjerdsmynde på det enkelte lokalkontoret. Regelverket må opne for fornuftige, lokale tilpassingar.
- sørgje for eit meir fleksibelt Nav-regelverk og betre samhandling mellom Nav, kommunar og fylkeskommunar for å hindre at brukarar fell mellom fleire stolar.
- endre anbudspraksisen i Nav slik at også mindre attføringsbedrifter kan levere tilbod.
- fullføre pensjonsreforma i offentleg sektor i samarbeid med organisasjonane i arbeidslivet.

**Bustadpolitikk**

Ein bustad er eit velferdsgode på linje med arbeid, helse og utdanning. Ein trygg og stabil busituasjon er ei nødvendig ramme for livet til alle menneske. Vi må løfte fram kor viktig bustadpolitikken er for velferda og utviklinga, og styrkje han. Det er eit mål i bustadpolitikken til Senterpartiet at alle skal ha høve til å eige sin eigen bustad. Vi må også sikre velfungerande leigemarknader for dei som i kortare eller lengre periodar er best tente med å leige bustad. Situasjonen for ungdom som skal inn på bustadmarknaden, er også blitt vanskelegare. Senterpartiet meiner at vi må intensivere tiltak for å forbetre situasjonen for førstegongsetablerarar. Det er også ei stor utfordring at mange vanskelegstilte – og personar med særlege behov – manglar bustadtilbod, og at gruppa av bustadlause ikkje minkar. Senterpartiet meiner det trengst eit bustadsosialt løft i Noreg som sikrar alle retten til eigen bustad.

Senterpartiet vil motarbeide ubalansar i bustadmarknaden. Sterkt prispress i enkelte byområde og manglande samsvar mellom byggjekostnader og panteverdiar i mange distriktsområde viser at det er behov for ein politikk som på brei basis motarbeider sentralisering og sikrar ei meir balansert fordeling av befolkningsveksten.

Senterpartiet meiner kommunane må bidra til å utvikle ein variert bustadmarknad, tilpassa innbyggjarar i ulike livsfasar og skiftande økonomisk situasjon. Det er viktig at det også utanfor dei mest sentrale strøka er ein leigemarknad som fungerer. Kommunane må ta ansvar for å regulere eit tilstrekkeleg tal tomter. I pressområda må kommunane samarbeide om dette. Senterpartiet meiner lokale og sentrale styresmakter saman må bidra til samferdselsløyser som utviklar større bu- og arbeidsområde. Senterpartiet meiner det er nødvendig med særskilde tiltak som sikrar bustadforsyninga i utkantområde som har behov for meir bustadbygging. For å få ned tomteprisane i pressområde bør det etablerast kommunale tomteselskap.

Det har blitt for komplisert og kostbart å byggje bustad i Noreg, og det er øydeleggjande for ein velfungerande bustadmarknad både i by og bygd. Kombinert med lågare produktivitet i byggjebransjen er dette alvorleg for ein av dei viktigaste marknadene i Noreg. Det er viktig at alle er sikra tilgang på bustad til ein akseptabel pris.

Staten har gått for langt i å stille krav som skal gjelde alle bustader i Noreg. Det må vere færre statlege krav og meir fleksibilitet slik at bustadene kan tilpassast det lokale klimaet og utnytte marknaden slik at prisane kan pressast ned.

Senterpartiet vil også at den enkelte i større grad skal kunne realisere eigen bustad med hjelp av eigeninnsats, og på den måten redusere kostnadene. Meir konkurranse og innovasjon skal sikrast ved hjelp av funksjonskrav. Det vil for eksempel bety at i staden for å krevje balansert ventilasjon og ein viss tjukkeleik på isolasjonen i veggene, vil vi stille krav om effektiv ekstern energiforsyning. Senterpartiet vil også at det skal bli lettare å utnytte eksisterande bygningsmasse til bustadformål og vil gjere det lettare for kommunane å tillate omregulering der det er tenleg. Spreidd bustadbygging skal tillast.

Senterpartiet meiner at universell utforming er eit viktig prinsipp som sørgjer for at bustader og uteområde skal kunne brukast av alle menneske. Særleg viktig er det at nye bustader som blir bygde, medverkar til at eldre og funksjonshemma kan leve fullverdige liv i eigen bustad så lenge som råd. Unntaket frå kravet om universell utforming må berre skje i tilfelle der det elles finst eit godt tilbod av liknande bustader som dekkjer formålet.

Senterpartiet vil forenkle og avbyråkratisere plan- og byggjesaksprosessane slik at kommunane lettare og raskare kan leggje til rette tomter og behandle byggjesaker. Full elektronisk saksbehandling i byggjesaker er eit viktig forenklingstiltak. Motsegnsinstituttet utgjer ein viktig funksjon i demokratiet, men det må avgrensast slik at staten ikkje unødig blandar seg i det lokale sjølvstyret. Motsegnspraksisen må strengt avgrensast til å gjelde tunge regionale og nasjonale interesser. Staten må samordne motsegnene sine på eit så tidleg tidspunkt som mogleg i prosessen, etter klare tidsfristar.

Senterpartiet meiner at forsøksordninga med at fylkesmannen kan oppheve motsegner, må gjerast permanent.

#### **Senterpartiet vil:**

- gjennomføre ein sosial bustadpolitikk som gir alle høve til å eige sin eigen bustad, eller leige bustad til ein overkomeleg pris.
- halde fram med å styrkje dei bustadpolitiske verkemidla i Husbanken, slik at kommunane blir i best mogleg stand til å gjennomføre ein aktiv bustadpolitikk tilpassa lokale behov.
- føre vidare gunstige skattleggingsreglar for primærbustaden.
- forenkle plan- og bygningslova slik at planprosessane går raskare og færre byggjetiltak blir søknadspliktige.
- auke midlane til tilpassingstilskot gjennom Husbanken slik at blant anna eldre og funksjonshemma kan tilretteleggje sine egne bustader.
- betre situasjonen for førstegongsetablerarar på bustadmarknaden.
- styrkje dei verkemidla Husbanken kan bruke som medverkar til at fleire vanskelegstilte kan eige sin eigen bustad.
- sikre dei økonomiske rammene kommunane har til å gi oppfølgingstenester til personar som har vanskar med å ha ein stabil busituasjon.
- styrkje bustøtteordninga for barnefamiljar, blant anna ved å vurdere inntektsgrensene.
- bruke meir aktivt trekkordningane frå trygd og stønader til husleige/bukostnader for å sikre at fleire vanskelegstilte kan få ein stabil busituasjon i leigd eller eigd bustad.

- samordne statlege motsegner på eit så tidleg tidspunkt som råd etter klare fristar, og avgrense motsegner til tunge regionale og nasjonale interesser.
- leggje til rette for full elektronisk saksbehandling av byggjesaker i alle kommunar.
- tilpasse ordningane i Husbanken slik at det blir gitt støtte til lån og utbetring og tilpassing av eksisterande bygningar til bustadformål.
- styrkje støtta til ombygging av eigen bustad med tanke på universell utforming.
- ha sterkare geografisk differensiering av byggjeforbodet i 100-metersbeltet.

### **Personar med nedsett funksjonsevne**

Senterpartiet meiner at situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne må betrast, slik at dei kan delta i samfunnet på lik linje med andre. For barn med nedsett funksjonsevne er det viktig at skular er lagde til rette, og at undervisningstilbodet er godt og blir kvalitetssikra. Heimetenestene til personar med nedsett funksjonsevne må utformast slik at dei sikrar brukarane valfridom og høve til å styre sin eigen kvardag.

Personar med nedsett funksjonsevne har i dag liten tilgang til arbeidslivet. Berre 25 prosent av dei i denne gruppa som er i yrkesaktiv alder, er i arbeid. Personar med nedsett funksjonsevne har heller ikkje så god tilgang til helsetenester av god kvalitet som resten av befolkninga. Det gjeld også for barn med nedsett funksjonsevne. Det er stor mangel på eigna bustader til alle som har nedsett funksjonsevne, og det er lange ventetider på kommunale bustader.

#### **Senterpartiet vil:**

- styrkje høvet kommunane har til å tilby koordinerte kommunale tenester til personar med samansette og langvarige behov for velferdstenester.
- auke kompetansen i helse- og omsorgstenestene som arbeider med personar med nedsett funksjonsevne.
- sørge for meir tilrettelagt arbeid, og gi dei som har nedsett funksjonsevne, høve til varig oppfølging i ordinært arbeid.
- intensivere arbeidet med universell utforming av eksisterande skulebygg.
- føre vidare BPA-ordninga og pleiepengeordninga.
- sikre at eldre og andre med nedsett funksjonsevne får transport- og følgeordningar slik at dei kan delta på kulturtilbod i nærmiljøet sitt.
- at det skal jobbast for å etablere statlege finansieringsordningar som set kommunane i stand til å gi eit tilbod om bustad til alle som har nedsett funksjonsevne.





## Helse og omsorg: Førebygging framfor reparasjon

- Ny styringsmodell for sjukehusa – nærleik, effektivitet og kvalitet
- Gode tenester nær folk
- Betre folkehelse

Målet med Senterpartiets helse- og velferdspolitik er å skape helsefremjande samfunn, førebyggje sjukdom og jamne ut geografiske og sosiale helseforskjellar. Alle skal sikrast tilgang til nødvendige helse- og velferdstenester uavhengig av kvar dei høyrer til sosialt, kulturelt, språkleg og geografisk.

Senterpartiet vil ha eit sterkt offentleg helsevesen som garanterer likeverdige tenestetilbod i heile landet. Ideelle aktørar må vere ein integrert del av dette, mens private kommersielle tilbydarar skal vere eit supplement. Helsetenestene våre skal vere offentleg finansierte, og eigendelar skal haldast låge. Marknadstenking og privatisering av helsetenester svekkjer det offentlege tilbodet og aukar sentraliseringa av tenester. Senterpartiet meiner at anbod og stykkprisfinansiering er lite eigna i helse- og omsorgssektoren.

Senterpartiet vil arbeide for ei ny, tillitsbasert leiing i helsesektoren der dei som arbeider nærast pasientane, får meir ansvar og tillit. Leiinga må vere lojal og på staden. Rapportering og byråkratisering må reduserst.

Frivillige/ideelle tilbydarar på helse- og omsorgsfeltet må sikrast gode rammevilkår og føreseieleg drift. Dagens anbodsystem bør avviklast til fordel for langsiktige avtalar baserte på kvalitet. Utvida eigenregi kan vere ein annan måte å sikre ideell sektor på. Senterpartiet vil arbeide for ein vekst i ideell sektor innanfor omsorgs- og velferdsområdet, på kostnad av ein aukande privat kommersiell sektor.

Det må prioriterast tydelegare i helsevesenet. Senterpartiet vil ha eit nytt balansepunkt i forholdet mellom førebygging og behandling, betre prioritering av kronikargrupper og ei sterkare kommunehelseteneste. Senterpartiet vil på alle område ha ei meir tydeleg avgrensing av dei tilboda det offentlege skal ha ansvaret for og ikkje. Undersøkingar og behandlingar som ikkje gir helsegevinst, kan ikkje vere eit offentleg ansvar.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og velferdsteknologi gir helse- og omsorgssektoren nye moglegheiter. Senterpartiet vil ha eit løft for velferdsteknologi slik at dette blir ein naturleg del av sektoren. Målet er å gi pasientar og brukarar betre meistring og tryggleik i kvardagen. Senterpartiet meiner et er nødvendig at meir av verksemda i helsesektoren, for eksempel journalsystema og reseptane, i større grad blir digitalisert. Det forenkler kommunikasjonen for befolkninga og kan gi effektiviseringsgevinstar i form av betre systematikk. IKT-infrastrukturen i det norske helsevesenet skal haldast i offentleg eige og drift og ikkje flyttast ut av landet. Pasientopplysningar skal vere under norsk offentleg kontroll.

### **Folkehelse og førebygging**

God folkehelse lønner seg. Det påverkar alle samfunnsområde og dreier seg om fordelingspolitikk i stort format. Alle må ha like høve til å ta vare på si eiga helse. Derfor må vi prioritere helsefremjande tiltak på alle samfunnsområda. Senterpartiet vil gjere folkehelse til ein naturleg del av samfunnsplanlegginga der folk bur og møtest.

Vi har aukande sosiale helseforskjellar i Noreg, noko som gjer at sjukdom og leveutsikter følgjer skilja i utdanning og inntekt. Helsetilstand er eit fellesskapsansvar som krev politisk vilje til å ta i bruk strukturelle verkemiddel på befolkningsnivå.

Noreg har slutta seg til målsetjinga til Verdsheleorganisasjonen om å redusere livsstilssjukdommar (som diabetes, kols, kreft og hjarte- og karsjukdommar) med 25 prosent innan 2025. Dette krev konkrete tiltak som reduserer risikofaktorar for sjukdom, som fysisk inaktivitet, usunt kosthald, rus- og tobakksbruk og usunn stråling.

Senterpartiet vil prioritere barn og unge og starte satsinga tidleg. Gode førebyggjande helsetenester er viktig folkehelsepolitikk. Vi vil ta i bruk skulen som førebyggingsarena. Å oppleve mobbing og einsemd er også betydelege risikofaktorar for dårleg helse og tapte leveår, og dette må førebyggjast.

Usunt kosthald er ei helseutfordring. Senterpartiet vil arbeide for auka bruk av godkjend sunnleiksmarkering av matvarer, og av reguleringar som sikrar redusert salt- og sukkerinnhald i matvarer. Amming er viktig for å fremje helse og førebyggje sjukdom hos spedbarnet.

Deltaking i kulturlivet gir betre helse og eit lengre liv. Det frivillige kulturlivet er ofte viktige samarbeidspartnarar for kommunane når ein skal utvikle lokale kultur- og helseaktivitetar. Vi må satse meir på å utvikle nye typar tilbod som tek i bruk ressursar i lokalsamfunnet og har ei større tverrfagleg tilnærming. Døme på dette er velferdstenester med utgangspunkt i landbruket, som blant anna «Inn på tunet». Slikt arbeid er strategisk viktig om vi skal nå målet om betre folkehelse.

#### **Senterpartiet vil:**

- ha ei nasjonal satsing på auka fysisk aktivitet.
- gi frivillig sektor ei viktigare rolle i gjennomføringa av folkehelseiltak.
- at kultur- og fritidstiltak skal vere eit viktig satsingsområde for dei som har psykiske lidningar.
- styrkje ordningar for tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgstenesta, blant anna gjennom «Den kulturelle spaserstokken».
- halde fram med å bruke mva-systemet og andre avgifter for å stimulere til eit sunnare kosthald.

### **Alkohol og tobakk**

Skadeleg bruk av alkohol fører til dårleg helse og er årsaka til mange innleggingar på sjukehus. Dette har store samfunnsmessige konsekvensar og rammar svært mange familiar og andre pårørande.

Senterpartiet vil føre ein restriktiv alkoholpolitikk og ta i bruk avgiftspolitikken for å regulere tilgangen til alkohol. Vi vil halde på Vinmonopol-ordninga.

Kommunane må styrkje stillinga si som alkoholpolitisk styringsorgan. Det må bli strengare nasjonale reglar for reaksjonar ved alvorlege brot på alkohollova. Vi vil auke oppslutninga om alkoholfrie soner, og sikre meir informasjon om skadeverknadene av alkoholbruk under svangerskapet.

Tobakksbruk er ifølgje Nasjonalt folkehelseinstitutt den enkeltfaktoren som har medverka til mest helseskade i befolkninga dei siste ti åra, og er den viktigaste årsaksfaktoren til kreft. Dette krev at vi set i verk ein omfattande tiltakspakke med verkemiddel for å hindre nyrekruttering og for å få fleire til å slutte med røyking raskare, i tillegg til å redusere snusbruken blant dei unge.

#### **Senterpartiet vil:**

- at skjenking til mindreårige og til overstadig rusa personar automatisk må føre til tap av skjenkeløyve for ein periode.
- behalde aldersgrensene for kjøp av alkohol og styrkje handhevinga av dei.
- arbeide for ein ny nasjonal alkoholpolitisk strategi for å sikre at Noreg når den vedtekne målsetjinga om å redusere det skadelege alkoholkonsumet med minst 10 prosent innan 2025.
- støtte målsetjinga om at maksimalt fem prosent av befolkninga røykjer dagleg i 2025.
- satse sterkt på røykje- og snuseslutt, høge tobakksavgifter og reklamefrie tobakkspakkar.
- styrkje behandlingstilbodet for alkoholavhengige.

#### **Narkotika**

Narkotika er eit stort samfunnsproblem som rammar både brukarar, pårørande og lokalsamfunn hardt. Rusmisbrukarar er menneske med ein avhengnadssjukdom som treng eit meir heilskapleg og effektivt behandlingssopplegg enn dei får i dag. Målet med behandlinga av stoffavhengnad i Noreg bør framleis vere at brukaren skal bli stofffri, mens legemiddelassistert rehabilitering (LAR) skal vere eit supplement. All behandlingssinnsats innanfor spesialisthelsetenesta må følgjast opp av ettervern og tilbod om bustad, sysselsetjing, skulegang og nettverksbyggjande tiltak.

Senterpartiet konstaterer at Noreg er blant dei landa i Europa med lågast narkotikabruk, men norsk narkotikapolitikk har likevel ikkje nådd måla sine. Samfunnet har i for stor grad sett på narkomane som kriminelle som først og fremst er blitt møtte med straff. Senterpartiet vil jobbe for auka bruk av reaksjonar som skal hjelpe menneske ut av byrjande narkotikaproblem, og reaksjonar som sikrar alle tyngre brukarar oppfølging og helsehjelp. Rusomsorga må styrkjast, og tiltak mot overdosar må intensiverast.

Portugal har oppretta ei nemndordning som følgjer opp personar som blir pågripne av politiet for innehav av narkotika til eige bruk. Nemndene er tverrfaglege og vurderer rusproblematikken til den enkelte og kva form for hjelp eller oppfølging kvar og ein har behov for. Ved gjentekne pågripingar har nemnda høve til å bruke ulike sanksjonar, som bøter, meldeplikt eller samfunnsstraff. Personar som blir tekne vare på gjennom nemndordninga, slepp påtale og vidare straffeforfølgging dersom dei følgjer tilrådingane frå og avgjerdene i nemnda. Denne forma for «ruskontraktar» som reaksjonsform bør vere eit tilbod til rusbrukarar over heile landet som alternativ til påtale og merknad i strafferegisteret. Dei som blir tekne for kjøp og sal av narkotika, blir ikkje sende til nemndene, men blir straffeforfølgde av politiet og rettsapparatet.

Senterpartiet vil vidareføre lovforbodet mot innehav og bruk av narkotika som ein instrument for å kunne gripe inn tidleg. Innsatsen må rettast inn mot å hindre produksjon, innførsel og omsetning. Tilgangen på ulovlege narkotiske stoff må reduserast for å hindre nyrekruttering og auka bruk. Innsatsen til tollvesenet og politiet i det narkotikaførebyggjande arbeidet må styrkjast. Når det gjeld dei rusavhengige, er det viktig å sjå på korleis samfunnet kan leggje til rette for helsehjelp framfor fengselsopphald. Dette gjeld særleg ungdom.

**Senterpartiet vil:**

- flytte oppfølginga av narkomane frå straffesystemet og inn i helsevesenet. Det må etablerast tverrfaglege nemnder etter portugisisk modell som vurderer tiltak for personar som blir pågripne for innehav av narkotika til eige bruk.
- at alternative reaksjonar skal vere den føretrekte reaksjonsforma overfor ungdom i narkotikasaker som dreier seg om bruk og innehav.
- innføre fritak for eigendelar i helsetenesta for personar med tung rusavhengnad.
- sikre behandlingstilbodet for rusavhengige med særleg vekt på ettervern.
- betre helsa til dei rusavhengige ved å satse nasjonalt på førebygging og behandling av leverbetennelse, hepatitt C, med mål om å utrydde sjukdommen.

**Kommunehelsetenesta**

Det er i kommunane vi må ha dei gode, nære helse- og omsorgstenestene. Senterpartiet vil følge opp målet i samhandlingsreforma om at den største veksten i helsebudsjetta no må skje i kommunane. God kommuneøkonomi er viktig for å skape gode lokale tenester. Senterpartiet vil ha sterk satsing på folkehelseiltak for å førebyggje sjukdom. Vi meiner at rus og psykiatri er område som må løftast spesielt. Det same gjeld tilbodet til personar med ulike kroniske sjukdommar, som for eksempel revmatiske lidingar, hjarte- og karsjukdommar, diabetes og kroniske lungesjukdommar.

Evalueringar av samhandlingsreforma har vist at kommunane ikkje har fått tilstrekkeleg med ressursar og kompetanseoverføring sjølv om fleire pasientar er skrivne ut tidlegare frå sjukehus. Intensjonane i samhandlingsreforma er gode, men verkemidla må bli betre. Det må setjast tydelegare krav til samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunesektoren. Det må stimulerast økonomisk til oppretting av fleire distriktsmedisinske senter og intermediære avdelingar.

I åra som kjem, må veksten i årsverk for legar, sjukepleiarar og anna helsepersonell i all hovudsak kome i kommunane, blant anna i heimebaserte tenester og på sjukeheimar. Ved akutt sjukdom er legevakttenesta den næraste nødetaten. Senterpartiet meiner at beredskapsansvaret i kommunane må styrkjast slik at befolkninga kan kjenne seg trygge for liv og helse ved akutte tilstandar.

Det er behov for å satse sterkare på tilbodet for dei med rusproblem og psykiske vanskar. Dette krev at kommunane har eit betre tilbod. Det trengst ei konkret satsing på utbygging av helsestasjonane og skulehelsetenesta.

Stortinget har vedteke at ansvaret for tannhelse skal overførast til kommunane. Senterpartiet vil at tannhelse framleis skal vere eit fylkeskommunalt ansvar.

**Senterpartiet vil:**

- forbetre fastlegeordninga slik at ein sikrar rekruttering og stabil legedekning same kvar ein bur i landet.
- styrkje rus- og psykiatritenestene i kommunane gjennom ein opptrappingsplan med øyremerkte midlar i opptrappingsperioden.
- byggje ut helsestasjons- og skulehelsetenesta.
- rekruttere fleire kommunepsykologar og skulepsykologar.
- styrkje legevaktenesta og stoppe sentraliseringa av tilbodet.
- sikre fleire legetimar ved sjukeheimane.
- styrkje det kommunale fysioterapi- og ergoterapitilbodet.
- styrkje ordninga der særskilde grupper får støtte til tannbehandling etter lov om folketrygd, slik at dekninga av utgifter står i forhold til dei faktiske utgiftene.
- styrkje og kvalitetssikre ernæringstilbodet i kommunane.
- sikre frivilligsentralane i kommunane.
- sikre utvikling og finansiering av eit godt kommunalt rehabiliterings- og habiliteringstilbod for alle pasientgrupper.
- sikre at fastlegar ikkje får reservere seg mot å vise vidare til abort, eller mot å setje inn spiral. Ein skal heller ikkje kunne reservere seg mot å skrive ut hormonell prevensjon.
- integrere kommune- og spesialisthelsetenesta i eit felles IKT-system gjennom arbeidet med «Éin pasient – éin journal».

**Eldreomsorg**

Mange eldre har god helse og klarer seg godt utan hjelp. Men alle skal vere trygge på at dei får nødvendig hjelp dersom helsa sviktar. Eldreomsorga må vere eit kommunalt ansvar som blir finansiert over kommunale budsjett. Oppgåvene må løysast i samarbeid med pårørande, frivillige og ideelle aktørar.

Norsk eldreomsorg treng avbyråkratisering og ei ny, tillitsbasert leing der tilbodet er styrt etter behova og må følgje bestemte kvalitetskrav.

Lokaldemokratiet spelar ei viktig rolle i helse- og omsorgssektoren og ei spesielt viktig rolle i eldreomsorga. Det er viktig å sørge for at det lokale omsorgstilbodet blir styrt lokalt, og ikkje blir detaljstyrt av staten gjennom nasjonale retningslinjer.

Senterpartiet meiner det er behov for ein ny pårørande- og frivilligpolitikk som styrkjer oppfølginga av alle dei som yter ein ekstra innsats for dei eldre.

Eldre må få bu i eigen bustad lengst mogleg. Velferdsteknologiske løysingar kan styrkje dei føresetnadene kvar enkelt har for å klare seg sjølv i kvardagen og meistre sin eigen livssituasjon. Dette gjer også brukarane og deira pårørande tryggare. Velferdsteknologi kan også føre til innovasjon i helse- og omsorgstenestene. Senterpartiet meiner at alle kommunar må integrere velferdsteknologi i satsinga si på eldreomsorg.

Senterpartiet vil ha ei reform for meir aktivitet og innhald i eldreomsorga og sikre dei eldre eit omsorgstilbod som inneber meiningsfulle dagar og tilbod om dagleg aktivitet. Det kan vere fysisk aktivitet, men også kulturell og sosial aktivitet. Som ein del av eit løft for meir aktivitet og innhald i eldreomsorga vil vi også ha ei mykje større satsing på kvardagsrehabilitering. Eldre som får tilbod om heime-rehabilitering, får eit skreddarsydd rehabiliteringstilbod i staden for passiviserande tiltak. Eit tverrfagleg team rettleier og legg til rette for aktivitetar som er sette ut frå ressursane til brukarane og ut frå målet om kva som er viktig å meistre for den eldre sjølv. Senterpartiet meiner at kvardagsrehabilitering på sikt må innførast som tilbod i alle kommunar.

Kvaliteten og kapasiteten i eldreomsorga må betrast, og det må sikrast eit betre samsvar mellom tenestansvar og tenestetilbod. Den demografiske utviklinga og det at det er fleire eldre sjuke, krev auka kapasitet både i heimetenestene, på sjukeheim og i andre tilbod til denne gruppa. Det er framleis for dårleg samhandling mellom sjukehusa og kommunehelsetenesta, og det er for mange forflyttingar og gjeninnleggingar av pasientar. Det er viktig å sikre auka rekruttering av helsearbeidarar, sjukepleiarar og legar. Det er eit stort behov for å auke talet på legetimar ved sjukeheimar. Det trengs også styrkt kompetanse i tenestene når det gjeld ernæring og handtering av legemiddel. Fagfeltet palliativ pleie<sup>5</sup> er i utvikling, og har fått større merksemd dei siste åra. Senterpartiet vil styrkje dette tilbodet for alle pasientar som ikkje kan lækjast, slik at dei får best mogleg livskvalitet.

#### **Senterpartiet vil:**

- at all eldreomsorg skal vere prega av respekt for brukarane og vere forma slik at ho hegnar om verdigheita til dei gamle.
- prioritere «open omsorg» (tenester til pleietrengande som bur heime) .
- styrkje ordninga med omsorgslønn.
- auke støtta som heimebuande eldre kan få til tilrettelegging av eigen bustad.
- byggje ut fleire sjukeheimplassar, omsorgsbustader og andre tilbod retta mot eldre.
- betre tilbodet for personar med demens og deira pårørande.
- leggje til rette for stabil bemanning i heimesjukepleia slik at brukarane sjeldnare opplever byte av pleiepersonale.
- sikre eit dagaktivitetstilbod for alle som treng det, og stimulere til eit mangfald i tilbodet.
- innføre krav om tilgang til kompetanse om ergoterapi, fysioterapi og ernæring ved alle sjukeheimar.
- rekruttere fleire aktivitørar, musikkterapeutar og frivilligkoordinatorar til eldreomsorga.
- krevje betre samhandling mellom sjukehus og kommune/sjukeheim.
- ha eit løft for velferdsteknologi.
- auke tilskotet til møteplassar mellom unge og eldre.
- styrkje omsorgstilbodet ved livets slutt, og betre tilbodet om palliativ pleie.

#### **Spesialisthelsetenesta**

Spesialisthelsetenesta skal yte gode og likeverdige sjukehustenester til alle som treng det, når dei treng det, og i tillegg ha ansvar for forskning og undervisning. Noreg skal ha ein desentralisert sjukehusstruktur med både små og store sjukehus (lokalsjukehus, sentralsjukehus og universitetssjukehus). Senterpartiet vil styrkje dei offentlege sjukehusa og vil motarbeide sentralisering og privatisering av tilbodet. Sjukehusfusjonar lønner seg ikkje, og medverkar til å sentralisere tenestene.

Innbyggjarane i Noreg skal sikrast forsvarleg, moderne og trygg sjukehusbehandling når sjukdom råkar. Det gjeld både når dei har behov for akutt hjelp, og det gjeld ved annan sjukdom. Pasientar må møtast med respekt og skal kunne forvente å få fagleg forsvarleg utgreiing og behandling, med kvalitet i alle ledd. Pasientar ved norske sjukehus skal oppleve eit helsevesen som samarbeider til beste for pasienten, utan unødvendig ventetid. Pasientar skal oppleve ein god og saumlaus overgang til kommunehelsetenesta når dei blir skrivne ut frå sjukehus. Pasientar skal oppleve eit helsevesen som ikkje gjer forskjell, men som gir same gode helsehjelpa uansett kva bakgrunn pasienten har. Senterpartiet meiner at Noreg har alle høve til å tilby gode helsetenester basert på kunnskap og utvikling av gode fagmiljø.

---

<sup>5</sup> Palliasjon er behandling, pleie og omsorg for pasientar med ein ulækjeleg sjukdom.

Senterpartiet meiner at situasjonen med utvikling av livsstilssjukdommar krev at norske sjukehus må vere i front når det gjeld å førebyggje, utgreie og behandle dei store folkesjukdommane: hjarte- og karsjukdommar, diabetes, kroniske lungesjukdommar og kreft. I tillegg vil Senterpartiet styrkje sjukehusstilbodet til pasientar med rusliding og psykisk liding, og sikre tilbod om spesialisert rehabilitering.

Det står til kvar tid over 400 menneske i kø i påvente av organdonasjon. Fleire dør i denne køen på grunn av mangel på donorar. Senterpartiet vil jobbe for å få fleire til å bli organdonorar.

Norske sjukehus må organiserast slik at legar og sjukepleiarar får meir tid til pasientkontakt. Ressursane må brukast på pasientane, ikkje på byråkrati og rapportering. Vi må styrkje kvaliteten på akuttmottaka og organiseringa av dei, og innlagde pasientar må sikrast effektive sjukehusforløp utan unødvendig forlenging av opphalda. Pasientar med kroniske lidingar og hyppige sjukehusinnleggingar må sikrast rett til ein kontaktperson/kontaktlege.

Senterpartiet vil at vesentlege endringar i oppgåvene og verksemda til sjukehusa – og i tilboda dei gir – må avgjerast av Stortinget i ein nasjonal helse- og sjukehusplan som blir lagd fram kvart fjerde år etter modell av Nasjonal transportplan. Planen må sikre ei politisk styring av sjukehussektoren, og ei ansvarleggjing av Stortinget i sjukehuspolitikken.

Senterpartiet vil sørge for ei ny finansiering, organisering og leiding av norske sjukehus. Senterpartiet vil avvikle helseføretaksmodellen og ta sjukehusa tilbake til folkevald styring og offentleg forvaltning. Vi vil føre vidare statleg eigarskap, men vil overføre dagens regionale ansvar til folkevalde sjukehusstyre, valde av og blant medlemmene på fylkestinget. Dei skal styre innanfor dei rammene som Stortinget har nedfelt i nasjonal helse- og sjukehusplan.

Alle sjukehusa må ha ein leiar på staden som får eit heilskapleg leiaransvar for verksemda. I tillegg må sjukehus ha eit verksemdsstyre, der kommunehelsetenesta og lokale folkevalde er representerte. Slik sikrar vi ei effektiv og demokratisk leidd spesialisthelseteneste som har tillit i befolkninga.

Finansieringa av sjukehusa må leggje til rette for behova sektoren har for auka investeringar i bygg og utstyr, og for å sikre beredskapen i heile landet. Senterpartiet meiner at sjukehus må finansierast på same måten som andre velferdsområde, som eldreomsorg og skule, altså gjennom rammefinansiering ut frå behov.

Regjeringsreforma «fritt behandlingsval» pålegg i dag sjukehusa å auke bruken av private, kommersielle sjukehusstilbydarar gjennom anbod og ved å gi pasientar rett til å velje fritt mellom offentlege og godkjende private sjukehusstilbydarar. Senterpartiet meiner at norske sjukehus ikkje treng meir konkurranse, men meir samarbeid om pasientane, og at bruken av private må regulerast gjennom avtalar som sikrar offentleg styring. Vi vil la pasientane fritt velje behandlingsstad på offentlege sjukehus eller private sjukehus som har avtale med det offentlege.

I dag blir mange norske sjukehus drivne med stort overbelegg og problem med korridorpasientar. Gjennomsnittsbelegget i norske sjukehus var 93 prosent i 2013, noko som er langt over snittet i OECD-landa. Det er ein tydeleg samanheng mellom overbelegg og redusert pasienttryggleik.

#### **Senterpartiet vil:**

- ha god beredskap i heile landet for å gi tryggleik ved akutt sjukdom og hendingar.
- sikre geriatrisk kompetanse på alle sjukehus og eigne geriatriske avdelingar på større sjukehus, og slik styrkje tilbodet for personar med demenssjukdom.
- framleis prioritere utbygging av tilbodet til personar med rusliding og/eller psykisk liding.
- stille større krav til tilbodet og organiseringa av akuttmottaka i landet.

- sikre alle pasientar med kroniske lidingar rett til eigen kontaktlege/kontaktperson på sjukehus.
- innføre tiltak som hindrar unødvendig flytting av pasientar mellom sjukeheim og sjukehus i sluttfasen av livet.
- auke kapasiteten, redusere ventelistene på nødvendig behandling og sikre investeringsbehovet til sektoren.
- innføre ein forvaltingsmodell for folkevald styring av norske sjukehus.
- innføre ei øvre forsvarleggrense for pasientbelegg på 85 prosent.
- at samarbeidet med private aktørar skal skje gjennom langsiktige avtalar baserte på kvalitet, og som er utarbeidde slik at det private, ideelle innslaget kan auke.
- styrkje det desentraliserte tilbodet innanfor barne- og ungdomspsykiatrien.
- utnytte ny teknologi som medverkar til at pasientar i distrikta slepp unødvendig reisetid.
- støtte det aktive informasjonsarbeidet rundt organdonasjon for å medverke til meir kunnskap og til at fleire melder seg som donorar.
- at norske statsborgarar, når dei fyller 18 år, må ta eit aktivt val om å registrere seg som organdonor eller ikkje.

### **Lokalsjukehusstilbodet og fødetilbodet**

Lokalsjukehusa er vårt nære sjukehusstilbod. Dei er ein grunnmur i helsetenesta og avgjerande for å sikre kvalitet, nærleik og tryggleik. I dag utgjer lokalsjukehuspasientane 60–75 prosent av alle pasientane i norske sjukehus. Når dei blir spurde, meiner befolkninga at nærleik til sjukehus og lege er avgjerande for at dei skal ha eit helsetilbod av god kvalitet. Likevel har det vore eit stort politisk press og ein aksept for ei sentralisering av lokalsjukehusstilbodet i Noreg.

Senterpartiet vil styrkje rolla til lokalsjukehusa i spesialisthelsetenesta. Lokalsjukehus må utviklast gjennom ein nettverksmodell for auka samarbeid og tydeleg oppgåvefordeling mellom store og små sjukehus i regionen.

Tryggleik ved fødsel og eit desentralisert fødetilbod er viktige mål i helsepolitikken. Jordmortilbodet i kommunane som er viktig både under graviditeten og i samband med fødselen, må styrkjast. Kortare liggjetid ved sjukehus etter fødsel må føre til ei sterk satsing på fleire jordmødrer i kommunane.

Helsedirektoratet gav i 2010 ut nasjonale kvalitetskrav for fødselsomsorga. Her blei det slått fast at alle fødande skal ha ei jordmor til stades i den aktive fasen av fødselen, og at fødeavdelingane må ha ei bemanning som sørgjer for ei forsvarleg overvaking og oppfølging ved fødsel. Senterpartiet meiner det hastar med å implementere kvalitetskrava. Kapasiteten og kvaliteten ved fødeavdelingane og fødeklinikkane må sikrast.

### **Senterpartiet vil:**

- halde oppe ein desentralisert sjukehusstruktur i Noreg.
- at lokalsjukehus som eit minimum skal ha døgnberedskap innan kirurgi, indremedisin, anestesi, røntgen og laboratorietenester, i tillegg kjem fødetilbodet.
- innføre ein nettverksmodell for utvikling av lokalsjukehusa.
- sikre kvaliteten på og styrkje bemanningssituasjonen ved kvinneklinikkane.
- ha ei god svangerskapsomsorg og eit styrkt jordmortilbod i kommunane.
- byggje ut barselstilbodet og gi alle gravide ret til å gå til jordmor. Alle fødande skal sikrast jordmor til stades i den aktive fasen av fødselen.
- gi alle fødande tilbod om jordmor heim ved tidleg utskriving frå sjukehus.
- rammefinansiere fødselsomsorga.
- styrkje følgjetenesta for gravide som har lang reiseavstand til fødetilbod.



### **Akuttilbod utanfor sjukehus**

Mange stader har det skjedd ei samtidig sentralisering av både legevakt, ambulanse og akuttmottak. Senterpartiet meiner at denne utviklinga trugar retten befolkninga har til god beredskap for liv og helse i heile landet. Ambulanse- og legevakttenesta må styrkjast. Senterpartiet vil ha forskriftsfesta krav til responstid for ambulansane, og at avstand/reisetid til legevakt må bli eit kvalitetskrav. Vi vil også påleggje kommunar og helseføretak å leggje samordna planar for dimensjonering av akuttmedisinsk beredskap utanfor sjukehus. Ambulansetenesta (bil, båt, fly/helikopter), legevakta og akuttmottaka på sjukehusa skal vere ei samanhengande kjede som har god kommunikasjon med andre nødetatar.

Luftambulansen må i periodar setjast på bakken på grunn av vêrforholda, og er ikkje sjeldan utilgjengeleg på grunn av andre oppdrag. Senterpartiet meiner at ei vidareutvikling av ambulanse- og luftambulansetenester derfor må kome i tillegg til, og ikkje i staden for, ei utvikling av fullverdige akuttmottak i lokalsjukehus.

#### **Senterpartiet vil:**

- styrkje ambulansetenesta og hindre sentralisering av tilbodet.
- styrkje basestrukturen for luftambulansane.
- stille tydelegare krav til at samarbeidsavtalane mellom kommunar og helseføretak skal handle om akuttilbod utanfor sjukehus, medrekna ambulanse og legevakt.
- at sjukehus ikkje endrar ambulansetilbodet utan at kommunane det vedkjem, får styrkt akuttilbodet sitt (legevakt m.m.) i forkant.
- leggje til rette for regelmessig samtrening av akuttetatar utanfor sjukehus (legevakt, ambulanse, politi, brann, luftambulanse).

### **Psykiatri**

Pasientar med psykisk sjukdom må få betre behandling og oppfølging. Tilbodet til pasientar med psykiske lidingar må styrkjast. Det gjeld både tilbodet på sjukehus og i det distriktpsikiatriske tilbodet, og ikkje minst ei betre samhandling og oppfølging i kommunehelsetenesta. Senterpartiet vil prioritere opp tilbodet til pasientar med ruslidingar og psykiske lidingar i norske sjukehus og kommunar. Tvangsbruken i psykiatrien er omfattande og kritikkverdig, og Senterpartiet vil arbeide for å redusere bruken av tvang, sikre medråderetten og rettsvernet for pasientane og styrkje kontrollen med tvangsbruken.

Senterpartiet vil:

- styrkje det psykiatriske tilbodet i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, og betre samhandlinga mellom nivåa.
- medverke i arbeidet for å redusere talet på sjølvmod i landet, og auke løyvingane til å gjennomføre nasjonal handlingsplan for å førebyggje sjølvmod og sjølvskading.

### **Kamp mot antibiotikaresistens**

Verdshelseorganisasjonen (WHO) har definert antibiotikaresistens som eit globalt helseproblem. Situasjonen blir oppfatta som ein trussel på linje med terror og klimaendringar. Noreg og Norden har hatt låg førekomst, men utbreiinga av antibiotikaresistente bakteriar er aukande også i Noreg. Det er bruk og feilbruk av antibiotika som er den viktigaste drivkrafta bak utviklinga. Senterpartiet vil styrkje innsatsen mot antibiotikaresistens. Problemet må løysast gjennom ein samla, sektorovergripande nasjonal innsats. Det er viktig å stanse overforbruket av antibiotika i helsesektoren og dessutan redusere bruken av antibiotika i mat og dyr mest mogleg. Vi må nå målsetjinga om å redusere antibiotikabruken med 30 prosent innan 2020.

**Senterpartiet vil:**

- stille krav til sjukehusa om å ha fagleg oppdaterte planar og tiltak for å redusere unødvendig bruk av breispektra legemiddel.
- få betre og raskare diagnostiske metodar for å redusere unødvendig antibiotikabruk.
- gjennomføre ei konsekvensutgreiing om spreiring av antibiotikaresistens ved grensekryssande verksemd når det gjeld mat og levande dyr (f.eks. handel med matvarer, rekruttering av veterinærer og anna arbeidskraft i matproduksjon og næringsmiddelindustri) .
- styrkje forskings- og utgreiingsarbeid for å stoppe spreiringa av antibiotikaresistente bakteriar.
- i samarbeid med relevante sektorar og helsestyresmaktene stille krav om testing av arbeidadarar for å hindre grensekryssande smitte.
- innføre eigen reseptklasse med strengare regulering for antibiotika etter mønster av ordninga med eigen reseptklasse for vanedannande medisinar.
- avslutte ordninga med offentleg finansierte helsereiser til utlandet der tilsvarande behandling kan givast innan fristen og på forsvarleg vis i Noreg.
- setje i verk tiltak for å avgrense at nordmenn bruker tannbehandling i land med høg risiko for å spreie resistente bakteriar.
- intensivere arbeidet med å finne nye typar antibiotika.
- gi full kompensasjon til besetningar med påvist MRSA.

**Bioteknologi – etiske dilemma om liv**

Bioteknologi og genteknologi opnar for viktige spørsmål som vi må sjå i ein etisk og verdimelessig samanheng. Senterpartiet meiner at bioteknologi og genteknologi må møtast med ei haldning om at alle menneske har rett til liv, uavhengig av kva evner dei har og kva moglegheiter dei har for å utvikle seg.

Lovverket må ta hand om dei positive moglegheitene som ligg innanfor feltet, samtidig som det blir sett tydelege grenser for kva som er etisk, medisinsk og ressursmessig akseptabelt. Senterpartiet vil understreke at det ikkje må vere den tekniske utviklinga åleine som skal bestemme dette.

I saker om bioteknologi som handlar om barn, skal det beste for barnet kome først. Det må leggast vekt på at barn så sant det er mogleg, bør få kjennskap til kven dei biologiske foreldra er. Med den raske utviklinga som skjer innanfor bioteknologisk forskning, er det viktig at nye problemstillingar og ny kunnskap blir gjorde tilgjengelege og lagde fram for open debatt.

**Senterpartiet vil:**

- gå imot bruk av og forskning på befrukta egg, fostervev og aborterte foster.
- ha ein restriktiv politikk når det gjeld bruk av stamceller og genteknologi, men vere ope for unntak når det gjeld diagnostikk og behandling av alvorlege, arvelege og livstrugande sjukdommar.
- ha ein restriktiv bruk av DNA-opplysningar i offentleg verksemd og forbod mot å bruke slike opplysningar i kommersiell verksemd.
- støtte tiltak for å få ned talet på uønskte graviditetar.
- føre vidare dagens abortlovgiving.
- ikkje tillate fosterreduksjon av friske foster.
- halde på regelen om at fostervassdiagnostikk berre skal tilbydast risikogrupper.
- ikkje innføre rutinetilbod om tidleg ultralyd til alle friske gravide, men sikre at dagens retningslinjer for tilgang til tidleg ultralyd blir praktisert likt over heile landet.
- innskrenke høva til å bruke surrogati-tenester i utlandet, og føre vidare det nasjonale forbodet mot surrogati.
- at assistert befruktning berre skal vere for par.
- ikkje opne for eggdonasjon og embryodonasjon i Noreg.
- ikkje opne for aktiv dødshjelp i Noreg,

# Utdanning og forskning

## Læring for alle



- Mindre testing, meir læring
- Ferdigheitene til elevane skal løftast, både praktisk og teoretisk
- Skulemat til alle

Kunnskap og kompetanse er grunnleggjande viktig i livet til enkeltmennesket, for gode velferdstenester og for utviklinga av nærings- og samfunnsliv. Fleire utviklingstrekk peikar mot eit samfunn prega av kompleksitet, større mangfald og raskare endringar. For å sikre nødvendig, samansett kompetanse for framtida må vi leggje til rette for fleksible utdanningsløp.

Utdanningsystema må derfor møte og svare på endringane i samfunnet, i vitskaplege disiplinar, i teknologi, i framveksande kunnskapsområde og for det framtidige arbeidslivet. Krav til omstilling og nytanking aukar behovet for kreativitet og kritisk refleksjon.

Senterpartiet vil ha ein sterk og gratis offentleg skule som er i stadig utvikling for å vere best mogleg. Kvaliteten på utdanninga skal ikkje vere styrt av geografi eller sosial bakgrunn. Senterpartiet ønskjer ein desentralisert skulestruktur både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen, der skulane utnyttar lokale og regionale fortrinn – og spelar på lag med nærmiljøet.

Skulen skal ikkje vere verdinøytral, men ta utgangspunkt i verdiar som likeverd, likestilling, yringsfridom, demokrati og den kristne og humanistiske kulturarven år. Hovudmålet til skulen er å fremje kunnskap og kritisk tenking – og han er ein uunnverleg arena for danning og kulturformidling. Senterpartiet er tilhengjar av at det skal fastsetjast få og tydelege nasjonale læringsmål. Skuleeigarane må få meir ansvar og større fridom til å organisere, gjennomføre og følgje opp skulekvardagen. Senterpartiet ønskjer ikkje ei utviding av timetalet, og ønskjer heller å fokusere på innhald og kvalitet i undervisninga.

Alle skal ha lik rett til utdanning og skal få utløp for sitt faglege og sosiale potensial. Senterpartiet meiner at opplæringa skal vere tilpassa kvar enkelt innanfor ramma av fellesskapet. Det skal likevel vere rom for å organisere undervisninga ulikt, basert på behovet kvar enkelt elev har for tilpassa opplæring.

God fagleg grunnkompetanse vil vere viktig også i framtidsskulen. Å lære å kommunisere, samhandle, delta og ikkje minst «lære å lære» er viktig. Dette gjer det nødvendig å innrette utdanningsinstitusjonane, faga, undervisninga og tilbodet på nye måtar. Det er viktig for elevane og samfunnet at utdanninga har ei praktisk og tverrfagleg undervisning som tek sikte på djup læring. Læring og undervisning må ha rom for å gå i djupna lenge nok til at elevane lærer seg sentrale emne slik at dei utviklar ei forståing dei kan bruke i ulike samanhengar.

Skulen skal byggje på eit utvida kunnskapsomgrep og gi elevane fleirfagleg kompetanse. Gjennom pedagogisk trygge og fagleg kompetente lærarar skal elevane ha høve til å utvikle ferdigheitene sine og potensialet sitt. Senterpartiet vil leggje vekt på opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og sosial kompetanse.

Senterpartiet har tillit til læraren som profesjonsutøvar og vil gi læraren profesjonelt handlingsrom. Lærarar og skuleleiarar bruker stadig meir tid på rapportering og dokumentasjon. Læraren må få tid til å vere lærar, og Senterpartiet vil prioritere læraren si tid med eleven.

Senterpartiet vil behalde dagens godkjenningsgrunnlag for statsstøtte til privatskular som tilbyr alternativ pedagogikk eller byggjer på eit anna livssyn, men vil stramme inn når det gjeld godkjenning av private profilskular og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Nynorsk og bokmål er likestilte målformer i Noreg. Senterpartiet meiner at begge skrifttradisjonane skal dyrkast og sikrast. Dette krev ein særskild innsats for å styrkje det nynorsk skriftmålet. På ungdomstrinnet og i den vidaregåande skulen skal det vere obligatorisk opplæring i begge målformer med eigen standpunkt karakter og eksamen i både hovud- og sidemål. Dette skal framleis ikkje gjelde yrkesfaga. Det må setjast av tilstrekkeleg med midlar til å utvikle nynorske læremiddel. Senterpartiet vil auke tilskota til kommunar som har store utgifter som følgje av regelen om språkdeling. Senterpartiet vil endre opplæringslova slik at også ungdomsskuleelevar får rett til å høyre til eiga målformklasse og få undervisning i alle fag på sitt eige hovudmål dersom ti eller fleire elevar på trinnet ønskjer eit anna hovudmål enn det den aktuelle skulen bruker.

Grunnleggjande og langsiktig oppbygging av kunnskap må basere seg på ei fri, kritisk og uavhengig forskning. Den nasjonale forskingsinnsatsen våre har betydning for korleis vi utviklar velferdsstaten, og gjer oss konkurransedyktige internasjonalt. Det offentlege har eit særleg ansvar for sikre vilkåra for grunnforskning. Senterpartiet vil arbeide for at forskning og forskarar får gode rammevilkår, og at det blir sett i verk tiltak for å rekruttere til forskingsstillingar.

### **Retten til å bli sett – motivasjon, gjennomføring og rådgiving**

Senterpartiet er uroa over fråfallet i den vidaregåande skulen og særleg innanfor yrkesfaga. For mange elevar er det at dei får anerkjenning for – og utløp for – praktiske ferdigheter ein viktig motivasjon for å lære. Vi må halde fram arbeidet med å gjere heile skuleløpet meir praktisk, variert og relevant for arbeidslivet. Det er ikkje akseptabelt at skulen så einseitig er innretta mot akademiske karriereveggar. Han må førebu dei unge på eit variert yrkesliv.

Alle elevar har rett til å få tilpassa undervisning ut frå sine egne føresetnader.

Vi har over fleire år sett ei tiltakande målstyring i skulen – som elles i offentleg sektor. Dette skaper problem. Det som blir målt, er det som får merksemd. Det som ikkje blir målt, eller ikkje *kan* målast, står i fare for å bli nedprioritert. Senterpartiet fryktar at skulane blir pressa til å konsentrere seg om gode testresultat framfor god undervisning. Det handlingsrommet som «Kunnskapsløftet» var meint å gi skulen lokalt og kvar enkelt lærar, er i realiteten kraftig stramma inn. Dette har vore med på å skape eit omfattande skulebyråkrati.

Det er behov for sterke og faglege team rundt elevane som består av lærar, helsesøster, skulepsykolog, miljøarbeidar, rådgivar og sosionom. Det er særleg eit behov for å satse på skulehelsetenesta og psykisk helse. Rådgiving og karriererettleiing frå eit tidleg tidspunkt er heilt avgjerande for motivasjonen til elevane, auka gjennomføring og gode faglege resultat. Yrkesfaga må løftast fram i rådgivinga.

### **Læraren**

For å sikre eit godt læringsutbytte hos elevane trengst det lærarar som er fagleg og pedagogisk sterke, og lærarar som er tydelege leiingar.

Senterpartiet vil redusere rapporteringsbøra og styrkje tilliten til læraren. Vi vil ha høg kvalitet på grunnskulelærarutdanninga og arbeide for at alle lærarar får rett og plikt til jamleg etter- og vidareutdanning. Kommunane som skuleeigar må sørgje for at ikkje-kvalifisert personale i skulane får tilbod om å ta relevant utdanning og om å få formell kompetanse.

Lærarar som underviser på lærarutdanningsinstitusjonane, må jamleg ut i praksis i skulane. Det er behov for å styrkje faglærarutdanningane framover. Hospitering må bli ein naturleg del av etterutdanninga.

#### **Senterpartiet vil:**

- prioritere auka lærartettleik i småskulen (1. til 4. klasse) .
- at alle som jobbar i skulen, skal ha formell kompetanse, og at talet på ufaglærte skal ned.
- at det skal leggjast vekt på skuleleiing og klasseleiing i grunnutdanning og i etter- og vidareutdanning.
- stille krav til kompetanse for lærarar som skal undervise i praktisk-estetiske fag som kunst og handverk, musikk, mat og helse og kroppsøving.
- at alle lærarstudentar må ha eitt praktisk-estetisk fag som ein del av grunnskulelærarutdanninga.
- at det blir tilbydd etterutdanningskurs for lærarar med kontaktlærarfunksjon.
- at etterutdanning bør gi uttelling i studiepoeng på same måten som vidareutdanning.
- prioritere etter- og vidareutdanning av lærarar.
- reversere kravet om at alle lærarstudentar må ha karakteren 4 i matematikk ved opptak til lærarutdanninga.

### **Grunnskulen**

Senterpartiet meiner at ein sterk fellesskule er viktig. I eit stadig meir mangfaldig samfunn er gode, felles møtearenaer viktig, og barneskulen er kanskje den viktigaste møteplassen. Trivsel og tryggleik er grunnleggjande føresetnader for læring. Senterpartiet vil arbeide hardt for å kjempe mot mobbing. Målet er at alle elevar skal trivast i skulen slik at dei kan utnytte potensialet sitt for læring og utvikling. Mobbetilfelle skal handterast lokalt av skuleleiinga på den enkelte skulen. Berre unntaksvis vil det vere snakk om å flytte elevar, og då er det i prinsippet mobbaren som skal flytte.

Dei siste åra har skuledagen gradvis blitt utvida. Dette bør ha frigjort tid til at meir av øvingsarbeidet kan gjerast på skulen, og redusert behovet for å påleggje elevane lekser. Lekser er eit pedagogisk verkemiddel, og det bør vere opp til kvar enkelt skule og det faglege skjønnet til læraren om elevane skal få lekser.

**Senterpartiet vil:**

- at teori og praksis skal gå hand i hand gjennom utdanninga slik at elevane kan opparbeide seg djup kunnskap og utvikle ferdigheitene sine.
- at dei nasjonale læreplanane fastset tydelege mål, men at det skal overlatast til skulane å avgjere *korleis* måla kan nåast.
- at ei fornying av faga og fastsetjing av kompetansemål bør dreie seg om *fagområde*, ikkje enkelte fag.
- styrkje dei praktiske og estetiske faga.
- føre vidare tilbodet i morsmålsopplæring.
- avgrense testregimet i skulen, og forenkla vurderingsforskrifta, i tillegg til å avvike norsk deltaking i PISA-undersøkinga.
- at dei elevane i ungdomsskulen som ikkje vel eit framandspråk nr. 2, skal få tilbod om arbeidslivsfag.
- styrkje opplæringa i digitale ferdigheiter og IKT i grunnskulen, medrekna koding.
- at det skal vere eit tilbod om leksehjelp leidd av pedagogisk personale.
- at nærskuleprinsippet må gjelde slik at alle elevar får rett til å gå på den skulen som ligg i nærmiljøet sitt, for å unngå lang reisetid eller behov for å flytte på hybel.
- at nødvendig informasjon må følgje elevane når dei går frå barneskule til ungdomsskule og frå grunnskule til vidaregåande skule.
- gjeninnføre skulefruktordninga.
- innføre eit sunt skulemåltid for elevar i grunnskulen som blir utforma i samarbeid mellom heimen, skulen og kommunen. Det skal kunne krevjast ein eigendel.
- sikre skuleelevar tilgang til basseng, og styrkje symjeundervisninga.
- innføre éin time fysisk aktivitet kvar dag for alle elevar.
- styrkje skulebiblioteka i samarbeid med dei kommunale folkebiblioteka.
- styrkje skulehelsetenesta.
- gi alle elevar god og alderstilpassa seksualundervisning, med vekt på respekt for andre og på grensesetjing.
- gi alle elevar rett til gratis leirskule.

**Vidaregåande opplæring**

Senterpartiet vil ha eit breitt tilbod i vidaregåande utdanning over heile landet. Skal alle få eit godt utdanningstilbod – og flest mogleg få høve til å bu heime mens dei går på vidaregåande skule – må det leggjast til rette for dette. Elevar i vidaregåande opplæring som må flytte på hybel for å fullføre utdanninga, skal ikkje kome dårlegare ut økonomisk enn elevar som bur heime.

Senterpartiet meiner at dei studieførebuande programma skal gi ei heilskapleg og solid førebuing til studiar ved universitet og høgskular, med ei sterk fagleg innretning. Senterpartiet vil jobbe for ein inkluderande kultur som fremjar læring for alle elevar.

For å auke kvaliteten i fagopplæringa og hindre fråfall er det nødvendig å auke løyvingane til utstyr ved dei vidaregåande skulane, særleg når det gjeld dei ressurskrevjande yrkesfagutdanningane og realfagsprogrammet. Det er viktig for å gjere utdanningane relevante, og for å kvalifisere elevane til det som vil møte dei ute i bedriftene, både i læretida og etter kvart i arbeidslivet.

For å sikre kvaliteten i fagopplæringa og for å få fleire elevar til å gjennomføre utdanningsløpet, er det avgjerande å auke tilgangen på læreplassar. Tilgangen på læreplassar til yrkesfagelevar må vere klar ved opptak til studieretningane, både for kvaliteten i fagopplæringa og for å sikre fullføring av studiet, med fagbrev.

**Senterpartiet vil:**

- verne om retten til gratis utdanning.
- at alle vidaregåande skular skal tilby fleire vekslingstilbod skule/læretid slik at fleire kan starte læretida allereie frå Vg1.
- at satsane til utstyrsstipend blir justert i samsvar med det reelle kostnadsnivået på dei ulike utdanningsprogramma.
- styrkje satsinga på internasjonalisering blant anna gjennom utveksling.
- bruke ny teknologi, fjernundervisning og liknande for å tilby elevane størst mogleg breidde i valet av fag.
- etablere eit spesielt realfagprogram i kvar landsdel som eit tilbod til elevar som ønskjer å spesialisere seg. Dette må skje i eit samarbeid med næringsliv og forskingsmiljø.
- at fylkeskommunar som er åleine om å gi vidaregåande tilbod som dekkjer eit nasjonalt behov for opplæring, bør få ekstra midlar over statsbudsjettet.
- styrkje skulehelsetenesta slik at ho kjem opp på dei nasjonale måla for talet årsverk per elev. Alle vidaregåande skular skal vere knytte til ein skulepsykolog eller eit tilsvarande tilbod.
- ha ei meir fleksibel praktisering av fråværsreglementet i vidaregåande skule, der det blir teke omsyn til eigenmelding/foreldremelding og vurderinga til rektor.
- styrkje arbeidet mot fråfall ved å styrkje oppfølgingsansvaret til fylkeskommunen.

**Sats på fagopplæring!**

Senterpartiet vil styrkje statusen for yrkesfaga og satse kraftig på å auke talet på lærlingplassar. Målet vårt er å auke rekrutteringa til yrkesfag, skaffe fleire lærlingplassar, betre kvaliteten på fagopplæringa og redusere kostnadene ved å ta fagopplæring. Yrkesfaga er ein viktig arena for det utvida kunnskapsomgrepet der praktisk utøving av faget gir grunnlag for teoretisk forståing. Samtidig som yrkesfaga har mykje praksis, må fellesfaga vere relevante og tilpassa utdanningsløpet.

Mange lærlingar har ein kostnadsulempe som følgje av at dei må bu på hybel i læretida. I 2016 vedtok regjeringa å gjere bortebruarstipendet til ei behovsprøvd ordning. I praksis betyr det at ein påfører bortebuande lærlingar ein dårlegare økonomi enn andre elevar. Senterpartiet meiner dette er dårleg distriktspolitikk, og at det vil ha ein negativ effekt på rekrutteringa av ungdom til yrkesfaga. Senterpartiet vil avvikle behovsprøving av bustipend, slik at dette igjen blir ei universell ordning for bortebuande elevar. I tillegg foreslår Senterpartiet å auke stipendet med 1000 kroner.

**Senterpartiet vil:**

- at det i offentlege anbod blir lagt inn krav om at leverandørar og underleverandørar har lønns- og arbeidsvilkår etter gjeldande hovudreglar i arbeidslivet, at dei har lærlingplassar og at dei er registrerte i norske skatte- og avgiftsregister.
- stille krav om minst tre lærlingplassar per 1000 innbyggjarar i kommunen, og minst tre per 5000 innbyggjarar i fylkeskommunen.
- auke lærlingtilskotet.
- at det blir stilt krav til bedrifter ved inngåing av anbod om at dei må vere lærebedrift, og at dei må ha lærling på oppdragsstaden. Dette må også gjelde utanlandske bedrifter.
- at fylkeskommunane i samarbeid med bedrift og opplæringskontor skal ha hovudansvaret for å følgje opp yrkesfagelevar gjennom heile det fireårige løpet (både læretid og skuletid). Lærlingane skal ha tilgang til oppfølgingstenesta til skulane med sosiallærer, skulehelseteneste og rådgivingsteneste.
- tilpasse fagbrev betre til behova i arbeidslivet. Det inneber eventuelt å endre og avvikle enkelte fagbrev slik at dei betre reflekterer dei yrka og kompetansane som det er etterspurnad etter.
- satse på internasjonal utveksling, også for lærlingar.

### **Høgare utdanning**

Samfunnet er avhengig av kunnskap, forskning og innovasjon. Universitet og høgskular er nøkkelinstitusjonar i arbeidet med å utvikle det norske samfunnet og skal styrast etter ambisiøse målsetjingar. Dei skal sikre både at Noreg har den kompetansen vi treng, og at vi hevdar oss internasjonalt.

Etter strukturendringane i høgare utdanning, der tidlegare høgskular gjennom fusjonsprosessar er blitt universitet, er det berre att ei handfull offentlege høgskular. Senterpartiet ønskjer at særleg profesjonsfaga får gode høve til å utvikle seg framover, uavhengig av om utdanningsinstitusjonen er universitet eller høgskule. Profesjonsfaga skal halde høg kvalitet. Det vil seie at dei skal vere forskingsbaserte, praksisnære og fokusere på behova til arbeidslivet i regionen som dei er plasserte i. Basisfinansieringa av UH-sektoren må reviderast og aukast, og resultatfinansieringa må avgrensast til tema eller område som er av særleg interesse for landet. Det må også utarbeidast ei basisfinansiering til desentralisert høgskuleutdanning.

I både høgskule- og universitetsutdanningane bør praksis og studentinvolvering integrerast sterkare i studieløpet. Studentane må i større grad få ta del i forskings- og utviklingsarbeid undervegs. Innovasjon og entreprenørskap må inngå som ein naturleg del av kvardagen til studentane.

Undervisning må vere like viktig som forskning for vitskapleg tilsette. Evna til å undervise godt bør vege tungt ved tilsetjingar.

Internasjonal studentutveksling som til dømes Erasmus+ og Nordplus fremjar folk-til-folk-samarbeid. Alle studium, uavhengig av om det er profesjonsretta eller ikkje, bør derfor ha tilbod om utveksling og forskingssamarbeid med utanlandske institusjonar integrert i studiet.

Ikkje alle utfordringar i framtidens arbeidsmarknad blir løyste gjennom universitets- og høgskulesystemet. Senterpartiet meiner at yrkesretta fagskuleopplæring må få ei viktigare rolle i utdanningssystemet. Høgare yrkesfagleg kompetanse må verdsetjast på same måten som høgare akademisk kompetanse. Strukturendringane i høgare utdanning tilseier at fagskulane vil styrkje rolla si som tilbydarar av relevant utdanning for regionalt arbeidsliv. Fagskuleutdanninga skal vere ein integrert, men sjølvstendig del av høgare utdanning. Fagskulane må behalde eigenarten sin som relevant og praksisnær utdanning.

Senterpartiet vil styrkje den økonomiske situasjonen for studentane slik at lik rett til utdanning blir reell for alle. Det er derfor nødvendig å reversere dei distriktsfiendtlige endringane i stipendordningane som er gjennomførte dei siste åra. Vi vil gjenopprette kjøpekrafta til studentane og byggje fleire studentbustader.

#### **Senterpartiet vil:**

- auke basisfinansieringa av universiteta og høgskulane, medrekna den desentraliserte høgskuleutdanninga.
- at evne til å undervise blir lagt meir vekt på ved tilsetjingar.
- at studia blir meir praksisnære, og at deltaking i forskning blir ein naturleg del av studia.
- ha meir internasjonal utveksling, både integrert, men også ved at fleire tek heile eller delar av graden utanlands.
- styrkje arbeidet mot fråfall i høgare utdanning.
- sikre god studiefinansiering.
- auke inntekts- og formuegrensa til lånekassa.
- byggje 3000 nye studentbustader årleg til målet om 20 prosent dekningsgrad er nådd.
- at fagskuleutdanning gir studiepoeng.



- at det blir lagt til rette for å utvikle enkelte kombinerte program for fagskule og universitets- og høgskule der det ligg til rette for det.
- sikre betre og fleksible overgangar mellom fagskule og universitet/høgskule.
- at dei offentlege fagskulane framleis skal vere fylkeskommunalt eigde institusjonar.
- styrkje studenthelsetilbodet ved samskipnadene og gi vertskommunar støtte til å opprette allmenlegestillingar for studentar.
- behalde gratisprinsippet for utanlandsstudentar i høgare utdanning.
- styrkje norsk som fagspråk. Tilsette ved norske universitet og høgskular har eit særleg ansvar for å utvikle, halde ved like og formidle eit godt norsk fagspråk.

### **Forsking**

Grunnleggjande og langsiktig oppbygging av kunnskap må basere seg på ei fri, kritisk og uavhengig forskning. Kontakt mellom forskingsmiljøa og samfunnet elles er avgjerande for å sikre praktisk bruk av forskingsresultat i næringsutvikling, forvaltning og samfunnsutvikling. Omfanget av og kvaliteten på den nasjonale forskingsinnsatsen vår vil vere avgjerande for å sikre konkurranseevna vår internasjonalt. Det offentlege har eit særleg ansvar for å sikre vilkåra for grunnforskninga. Senterpartiet vil arbeide for at forskning og forskarar får gode rammevilkår, og for at det blir sett i verk tiltak for å rekruttere til forskarstillingar.

Eit kunnskapsbasert næringsliv føreset at det er eit tett samarbeid mellom universitet, høgskular, forskingsinstitusjonar og næringslivet sjølv. Vegen fram til kommersialisering av forskingsresultat må støttast betre slik at forskninga kan danne grunnlaget for innovasjon og gründerverksemd.

Det vide spekteret i forskingsmiljøa på universitet, høgskular og forskingsinstitutt må haldast oppe og utviklast vidare.

Senterpartiet vil styrkje forskingsinnsatsen for å nå målet om at forskning skal utgjere tre prosent av BNP innan 2030. Vi må utvikle ordningane som medverkar til å utløyse meir forskingsfinansiering frå næringslivet.

### **Livslang læring**

Livslang læring, der vaksne får tilgang til opplæring, utdanning og vidareutdanning, er heilt nødvendig for å sikre ei omstilling i arbeidslivet. Livslang læring er også nødvendig for å fremje god integrering, utvikle demokratiet og kjempe mot ulike former for utanforskap. Senterpartiet meiner det skal leggjast til rette for livslang læring gjennom å styrkje desentraliserte og varierte vaksenopplæringstilbod.

Senterpartiet meiner også at folkehøgskulane, med det pedagogiske tilbodet dei har innanfor rammene av allmenndanning og folkeopplysning, er eit viktig utdanningstilbod som bør takast vare på og utviklast.

#### **Senterpartiet vil:**

- leggje til rette for livslang læring gjennom å styrkje vaksenopplæringstilbodet i regi av frivillige organisasjonar og studieforbund.
- styrkje folkehøgskulane, og medverke til at folkehøgskulane beheld særpreget og eigenarten sin.
- styrkje desentraliserte høgskuletilbod og fjernundervisning, og sørgje for at vaksne framleis skal få høve til læring innanfor det offentlege skuletilbodet elles.



Barn, familiar og likestilling:

## Tryggleik – og fridom til å velje

- Løft eingongsstønadene ved fødsel til 100 000 kr
- To barnehageopptak i året
- Legg grunnlaget for færre omsorgsovertakingar

Senterpartiet vil styrkje familiepolitikken, og gi foreldre tid og rom til å vere foreldre. Barne- og familiepolitikken vår skal medverke til å utjamne sosiale forskjellar, skape god livskvalitet og gi alle barn rett til ein trygg og god oppvekst. Senterpartiet meiner det er ein viktig verdi at familiane kan velje ulike måtar å organisere familielivet sitt på.

Den verkelegheita som barn møter i familiane, barnehagane, skulane og på det frivillige feltet (kultur, idrett og fritid), er avgjerande for om dei får ein god oppvekst samla sett. For mange fell utanfor. Senterpartiet føreslår målretta tiltak for å redusere barnefattigdommen, slik at alle barn er sikra grunnleggjande høve til deltaking og velferd.

Omsorg for og oppseding av barn er ansvaret til foreldra. I tilfelle der foreldra ikkje kan ha dette ansvaret, skal samfunnet sikre barna god, stabil og føreseieleg omsorg.

Senterpartiet vil styrkje og utvide ordninga med heimeassistent for praktisk hjelp i heimen for familiar med stor omsorgsbør eller som mellombels er i ein vanskeleg situasjon.

### **Barnetrygd og kontantstøtte**

Barnetrygda er eit effektivt tiltak for sosial utjamning. Ho er likevel blitt svekt gjennom mange år som følge av ei manglande justering mot pris og lønnsvekst. Senterpartiet vil behalde barnetrygda som ei god og universell ordning, og prisjustere henne.

Småbarnsforeldre bør ha valfridom til å bestemme om dei ønskjer å vere heime når barna er små. Senterpartiet vil føre vidare den målretta kontantstøtteordninga for barn mellom eitt og to år. Det betyr differensierte satsar der mest støtte går til foreldre med barn i aldersgruppa 12–18 månader.

**Senterpartiet vil:**

- behalde barnetrygda som ei universell ordning utan behovsprøving eller skattlegging.
- auke eingongsstønadene ved fødsel til 100 000 kr.

**Kvalitet i barnehagane**

Barnehagane skal byggje på ein grunnleggjande respekt for eigenverdien i barndommen, men også medverke til ein meningsfull oppvekst. Dette må gjelde uavhengig av funksjonsnivået til barnet, kvar barnet bur, og kva bakgrunn barnet har sosialt, kulturelt og etnisk. Senterpartiet meiner læring i barnehagen må skje på premissane til barna og først og fremst gjennom lek.

Den faglege kvaliteten blir sikra gjennom pedagogiske leiarar som får tillit og tek ansvar for innhaldet i barnehagen innanfor ein nasjonalt fastsett rammeplan. Barnehageleiinga må kunne grunngi og dokumentere den pedagogiske verksemda si. Dei tilsette skal kjenne barna og behova deira. Kartlegging og testing skal ikkje innførast for kvart enkelt barn. Senterpartiet er motstandar av å innføre normer for kva mål barna skal nå i barnehagen, til dette høyrer språknorm.

Det er viktig å styrkje kvaliteten på barnehage tilbudet. Det må derfor satsast på kompetansen til dei tilsette, på fleire tilsette per barn og på barnehagane som fysisk anlegg.

Senterpartiet ønskjer ikkje ei utvikling der ein stadig større del av barnehagesektoren er eigd av kommersielle konsern. Barnehagar er eit viktig tilbod til barnefamiliane i landet, og blir finansierte gjennom store offentlege overføringar. Barnehagane skal vere ein del av lokalsamfunnet, og folk og folkevalde skal kjenne leiinga, styret og drifta av barnehagane. Senterpartiet vil arbeide for eit lovverk som sikrar at midlar som er løyvde til barnehagedrift, skal gå til dette og ikkje bli utbytte hos private eigarar.

Det må stillast like krav til private og offentlege barnehagar, blant anna når det gjeld inntak av barn med rett på barnehageplass, inntak av barn med spesielle behov og opningstider.

**Senterpartiet vil:**

- arbeide for jamn og høg kvalitet i barnehagane.
- halde på skiljet mellom barnehage og skule.
- ha to barnehageopptak i året og arbeide for at det blir løpande opptak gjennom året.
- ha gratis kjernetid i barnehagen til alle fire- og femåringar i område med store sosioøkonomiske forskjellar og utfordringar med integrering.
- styrkje arbeidet med å leggje barnehage tilbudet til rette for barn med spesielle behov.
- sikre at tilsette i private barnehagar har lønns- og arbeidsvilkår som svarer til vilkåra for tilsette i offentlege barnehagar.
- ha like forpliktingar i offentlege og private barnehagar når det gjeld inntak av barn med rett på barnehageplass, inntak av barn med spesielle behov, og opningstider osv..
- sikre at tilsette i barnehagane snakkar godt norsk.

**Skulefritidsordninga (SFO)**

Mange av dei minste skulebarna er i SFO etter skuletid. SFO skal vere ein stad for lek og samvær, for kulturelle og fysiske aktivitetar. Senterpartiet vil ikkje gjere SFO til ein del av skuledagen og meiner at SFO bør vere eit tilbod som alle familiar får høve til å bruke. Vi meiner at å delta i SFO vil medverke til sosial utjamning og gi mange barn ein betre start på skuleåra.

For alle barn gir det å vere på SFO språktrening, noko som særleg minoritetsspråklege barn kan ha nytte av. Når barn og foreldre ønskjer det, kan det også bli tilbydd leksehjelp.

**Senterpartiet vil:**

- at SFO framleis skal vere eit frivillig tilbod som blir utforma lokalt. Skuleeigar skal ha ansvaret for forsvarleg bemanning, utdanna personale og tilfredsstillande areal.
- utvikle SFO som eit fritidstilbod, ikkje som ei forlenging av skuledagen.
- innføre gratis kjernetid for låginntektsfamiliar i SFO.
- at «assistentressurs» for elevar med spesielle behov også skal gjelde for SFO.
- sørge for at kulturskuletilbod kan integrerast i SFO-tida, og at det blir lagt til rette for eit auka samarbeid med frivillige organisasjonar – for eksempel idrettslag – om innhaldet i SFO.

**Barnevernet**

Senterpartiet vil styrkje familievernnet for å førebyggje og å hjelpe familiar. Helsestasjonar og familievernkontor er spesielt viktige nøkkelinstitusjonar i det førebyggjande arbeidet. Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade utviklinga og helsa deira, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid. Barnevernet skal medverke til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Der tiltak frå det offentlege er nødvendig, meiner Senterpartiet at det beste for barnet skal vere overordna. Det er viktig at barnevernet hjelper utsette familiar på eit tidleg tidspunkt for å unngå omsorgsovertakingar der det er mogleg. Dersom omsorgsovertaking blir nødvendig, skal løysingar i familien eller slekta til barnet alltid vurderast som det første alternativet. Det må også leggjast vekt på den språklege og kulturelle bakgrunnen til barnet. Ein må prioritere løysingar der søsken får bu saman.

Det er stort behov for fleire fosterheimar. Senterpartiet meiner kommunane må få eit større ansvar for å rekruttere og følgje opp fosterheimar. Med nye oppgåver må det følgje ressursar. Den lokale kunnskapen og nærleiken er ein styrke i rekrutteringsarbeidet og i vurderinga av kva som er til det beste for barnet. Fosterheimsfamiliane må sikrast stabile og likeverdige økonomiske rammer, god opplæring, rettleiing og oppfølging. Fosterheimsomsorga er godt eigna for samarbeid mellom kommunar.

Familiar med minoritetsbakgrunn er overrepresenterte i barnevernssaker. Einslege mindreårige asylsøklarar har same retten til barnevernstenester som andre barn. Senterpartiet vil styrkje den fleirkulturelle kompetansen til barnevernet og rekruttere fleire fosterheimar frå minoritetsgruppene. Senterpartiet meiner at alle som kjem til Noreg og tek del i introduksjonsprogrammet, skal få kunnskap om norske lover som gjeld barn, barns rettar og barneoppseding.

Barn og unge som er under omsorg frå barnevernet, lir oftare av psykiske plager. Senterpartiet meiner samarbeidet mellom barnevernet og helsetenesta må styrkjast for å sikre betre førebygging, oppfølging og behandling. Senterpartiet meiner at barnevernet må styrkje ettervernet, som i dag ikkje er godt nok.

Senterpartiet meiner at dagens praksis med korte kontraktsperiodar for omsorgstiltaka i barnevernet utfordrar retten barna har til stabile rammer rundt oppveksten sin. Senterpartiet meiner at styresmaktene må sikre gode rammevilkår for private ideelle tiltak og institusjonar – og at kontraktane blir utforma slik at dei også tek omsyn til verdifulle mindre aktørar. Senterpartiet meiner at det offentlege sjølv må utføre saksbehandlings- og utgreiingsoppgåver.

Barnevernet bør omorganiseras ved at Barne-, ungdoms og familiedirektoratet blir lagt ned og ansvaret for det statlege barnevernet (gjennom verksemda til Bufetat) blir overført til fylkeskommunane. Ansvaret til kommunane i barnevernet må forsterkast og gjerast tydeleg. Rekruttering og oppfølging av fosterheimar bør bli eit kommunalt ansvar. Fylkeskommunane vil då ha ansvaret sitt knytt til blant anna å sikre tilstrekkeleg kapasitet og drift av barnevernsinstitusjonar.

Noreg har mange omsorgsovertakingar samanlikna med andre land, og prosessane har svakheiter når det gjeld rettstryggleik og habilitet. Sidan omsorgsovertaking er eit verkemiddel som femnar svært vidt, er det avgjerande at dette blir retta opp.

#### **Senterpartiet vil:**

- styrkje rettane til barnevernsbarna.
- ha ordinær domstolsbehandling av omsorgsovertakingar.
- at alle barnevernsbarn som blir myndige, skal få rettleiing og tilbod om ettervern.
- lovfeste at inga omsorgsovertaking skal bli gjennomført utan at barnets eigen familie eller nære nettverk er vurdert som omsorgsalternativ. Det må alltid vurderast om det finst løysingar som gjer det mogleg at barnet kan bli i nærmiljøet sitt.
- styrkje retten som søsken har til å vekse opp saman etter omsorgsovertaking, og leggje betre til rette for fosterfamiliar som tek imot søsken.
- innføre helsefagleg samtale for barn ved omsorgsovertaking for tidleg oppfølging av psykisk helse.
- styrkje rekrutteringa av fosterheimar, inkludert fosterheimar med minoritetsbakgrunn.
- at fosterheimar skal ha likeverdige økonomiske vilkår.
- redusere bruken av tvang i barnevernet. Maktmisbruk skal ikkje skje.
- styrkje rolla til fylkesmennene som tilsynsorgan i barnevernet.
- styrkje den fleirkulturelle kompetansen til barnevernet.
- at barnevernstenester i all hovudsak skal drivast av det offentlege og private ideelle verksemdar, og vil arbeide for rammevilkår som kan sikre dette.
- avslutte bruken av konkurranseutsetjing og anbod i barnevernssektoren. Private ideelle verksemdar er eit viktig supplement, og må sikrast langsiktige avtalar med det offentlege.
- sikre samtalar med og oppfølging av tilsette i barnevernet etter spesielt krevjande saker eller episodar.
- styrkje fylkesmannens tilsyn med det kommunale og statlege barnevernet.

#### **Likestilling**

Senterpartiet meiner likestilling og likeverd er ein viktig føresetnad for at alle skal ha eit verdig liv, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet, livssyn, seksuell legning, kulturell og språkleg bakgrunn. Alle skal ha høve til å ta del i arbeids- og næringsliv og ha innverknad på utviklinga av samfunnet og demokratiet.

Samfunnet skal leggje til rette for at den enkelte får utnytta potensialet sitt, og fremje ordningar som medverkar til å rekruttere kvinner inn i politikk og næringsliv og menn inn på tradisjonelle kvinnearenaer. Noreg har framleis eit sterkt kjønnsdelt arbeidsliv, og Senterpartiet vil endre dette. Lik lønn for arbeid av lik verdi har lenge vore eit grunnleggjande prinsipp, og det må snarast gjennomførast.

LHBTIQ-gruppene, og kvinner og menn fødde i feil kropp, har vunne viktige kampar dei siste tiåra. Likevel opplever mange framleis at dei blir diskriminerte og usynleggjorde i daglegliv og samfunn. Derfor er det ei viktig offentleg oppgåve å vere med på å skape eit meir tolerant og inkluderande samfunn.

**Senterpartiet vil:**

- arbeide mot all diskriminering i arbeidslivet i samband med svangerskap og fødsel.
- leggje til rette for ein heiltidskultur i arbeidslivet. Alle som ønskjer det, bør få tilbod om heiltidsstilling dersom det er mogleg.
- leggje til rette for arbeidstidsreformer for kvinner og menn som gir rom for omsorgsarbeid.
- jobbe for at foreldrepermisjonen blir tredelt, med ein tredel til kvar av foreldra, og den siste tredelen til valfri fordeling mellom dei. 14 veker fedrekvote/pappapermisjon blir gjeninnført som eit steg på vegen til tredelt permisjon.
- gi fedrar sjølvstendig oppteningsrett når det gjeld foreldrepermisjon og pappapermisjon/fedrekvote.
- arbeide for at permisjonsregelverket i større grad tek omsyn til sjølvstendig næringsdrivande og arbeidstakarar som ikkje har høve til å ta ut permisjon samanhengande.
- likestille foreldre juridisk ved samlivsbrøt.
- sikre at mor og far blir behandla likt i barnefordelingssaker.
- styrkje rolla til likestillings- og diskrimineringsombodet.
- sikre betre kjønnsbalanse i topp- og mellomleiarstjaget i høgare utdanning.
- arbeide for at leiargrupper i selskapa der staten har eigardel, direktorat og statsetatar skal bestå av minst 40 prosent av begge kjønn. Kvotering kan takast i bruk for å nå dette målet.
- arbeide for at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent av leiarane på dei øvste nivåa i staten.
- styrkje innsatsen for å rekruttere fleire menn til helse- og omsorgsfaga.
- gå imot forslaga om å slå saman likestillingslova og diskrimineringslovene til éi lov.
- støtte tiltak og planar retta mot å auke aksepten for kvinner og menn som er fødde i feil kropp, og for LHBTIQ-gruppene i alle lokalsamfunn og intensivere arbeidet mot hatkriminalitet.
- leggje til rette for at personar i LHBTIQ-gruppene kan vere seg sjølve i alle aldersfasar, også i møtet med helsevesenet i samband med sjukdom og institusjonsinnlegging.
- ha eit nasjonalt regelverk mot ansiktsdekkjande plagg på norske skular, høgskular og universitet.



Innvandring og integrering:

## Ansvarleg og inkluderande

- Full innsats for god integrering – utdanning, jobb og lokalsamfunn
- Nasjonal kontroll med grensene våre
- Internasjonale konvensjonar må oppdaterast

Vi lever i ei uroleg verd med rekordhøge flyktingtal. Noreg skal i god tradisjon gjere det vi kan for å forbetre ein håplaus livssituasjon for millionar av menneske. Men vi må ha kontroll med eigne grenser og med kor mange som kjem til Noreg, om vi skal sikre god integrering.

I 2015 kom det mange fleire flyktingar til Noreg enn i åra før, og det var nødvendig å setje i verk tiltak for å få kontroll på situasjonen. Senterpartiet meiner at systemet i dag ikkje er rettferdig for dei som treng hjelpa vår mest. Vi vil derfor prioritere kvoteflyktingar gjennom FN. Vi vil også prioritere humanitær hjelp i nærområda for å hjelpe så mange som mogleg.

I andre land i Europa ser vi kva problem som følgjer med høg innvandring og dårleg integrering over tid, også i eit tryggingpolitisk perspektiv. Utanforskap, arbeidsløyse, store sosiale forskjellar og segregering gjer stor skade. Vi har alle eit ansvar for at vi ikkje får tilstandar som dette i Noreg. Det krev at dei som kjem, ønskjer å bli ein del av det norske samfunnet, og at vi bruker tid, ressursar og merksemd på å ta godt imot dei og sikre at det skjer. For at både det internasjonale samfunnet og Noreg skal vere best mogleg rusta til å handtere migrasjonsbølgjer, må Noreg ta eit internasjonalt initiativ til å gå gjennom internasjonale konvensjonar slik at dei kan stå seg over tid. Ei tilpassing av internasjonale konvensjonar til dagens forhold må ikkje svekkje retten til å søkje vern frå krig og forfølgning.

Det er mange faktorar som må vere på plass for at integreringa skal vere vellykka. Integrering er ein tovegsprosess der forholda må leggjast til rette for at dei nykomne innvandrarane skal bli godt integrerte i det norske samfunnet. Det er behov for å leggje om integreringspolitikken. Dei må få høve til å bruke sine eigne ressursar – i arbeidslivet og i lokalsamfunnet. Utfordringane knytte til bustad, utdanning og jobb må løysast. Det er gjennom fast bustad og arbeid vi skaper den beste integreringa.

Dei som får opphald i Noreg, skal integrerast raskt. Busetjing, arbeid eller utdanning er avgjerande for å kome inn i det norske samfunnet så fort som mogleg, lære seg språket og ta del på lik linje med alle andre. Det norske samfunnet utviklar seg i ei meir mangfaldig retning. Det tilfører svært mykje positivt. Samtidig forsterkar dette behovet for nokre felles verdiar og ei felles forståing av det samfunnet vi lever i. Det er nødvendig for å bevare den nødvendige tilliten til kvarandre og unngå at det utviklar seg parallellsamfunn og ekstremisme.

### **Flyktning- og asylpolitikk**

Senterpartiet vil føre ein ansvarleg og anstendig flyktning- og asylpolitikk som byggjer på dei internasjonale forplikingane våre, humane tradisjonar, den nasjonale kapasiteten vår og tilrådingar frå FNs høgkommissær for flyktningar.

Det er viktig at Noreg har ein tydeleg praksis i asylsaker. Dette vil medverke til å redusere talet på asylsøkjjarar som ikkje har behov for vern, og til å forkorte behandlingstida i asylforvaltinga. Alle som søker asyl i Noreg, skal vere trygge på at rettstryggleiken deira blir teken vare på.

Senterpartiet meiner at ventetida på asylmottak må gjerast kortast mogleg. I dag blir mange passiviserte på grunn av lang saksbehandlingstid, og det er lite tilrettelegging for aktivitet. Dette er negativt for integreringa og deltakinga i samfunnet seinare. Arbeidet med integrering må starte allereie når dei kjem til Noreg. Dei som får opphaldsløyve i Noreg, må busetjast raskt. Kommunane må få «økonomiske musklar» til å skape ei god og trygg integrering i det enorme busetjingsarbeidet som no ligg framfor oss.

Senterpartiet meiner at mottaka i langt større grad må rettast inn slik at dei forenkler busetjings- og integreringsarbeidet for dei som får varig opphald. Blant dei områda som bør løftast fram, er aktivitet i ventetida, språkopplæring, skulegang for barn og unge, styrkt kompetanse og innsats knytt til psykiske og fysiske helseutfordringar.

Utlendingsmyndigheitene må organiserast på ein måte som sikrar ei rask og forsvarleg saksbehandling og at rettstryggleiken til kvar enkelt blir teken vare på.

Einslege mindreårige asylsøkjjarar er særleg sårbare, og dei treng trygge og gode oppvekstvilkår. Busetjing av einslege mindreårige krev eit spesialtilpassa apparat i kommunane. Senterpartiet er uroleg for at mange einslege mindreårige asylsøkjjarar forsvinn frå norske mottak. Det er grunn til å frykte at fleire kan vere offer for menneskehandel. I saker om opphald må det leggjast særleg vekt på kva som er det beste for barna.

#### **Senterpartiet vil:**

- at asylsøkjjarar som kjem frå trygge tredjeland, skal få asylsøknadene sine behandla der.
- at saksbehandlingstida må reduserast slik at ventetida i mottak blir så kort som råd. Asylsøkjjarar må få ei rask og rettssikker avklaring på søknaden. Etter at opphaldsløyve er gitt, skal busetjingsintervjuet skje omgåande, og asylsøkjaren skal busetjast så raskt som mogleg.
- returnere dei som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin i Noreg.
- at kommunane må få 100 prosent statleg kostnadsdekning ved busetjing av flyktningar. Det same gjeld for vertskommunar for mottak.
- sikre god førebygging og behandling av psykiske problem og lidingar hos einslege mindreårige asylsøkjjarar.
- intensivere innsatsen mot at einslege mindreårige asylsøkjjarar forsvinn frå mottak, og forsterke arbeidet for å finne og hjelpe dei som er blitt borte.



- heve kvaliteten på norsk- og samfunnsundervisninga for flyktningar. Ho må bli meir praktisk og betre tilpassa det livet flyktningane skal ut i.
- styrkje frivillige organisasjonar som har gode prosjekt og aktivitetar retta mot einslege mindreårige.
- støtte arbeidet i SOS-barnebyar med å byggje ut eit tilbod i Noreg til einslege mindreårige asylsøkjjarar.
- at asylmottak – særleg for einslege, mindreårige asylsøkjjarar – ikkje skal bli plasserte i dei store byane.
- styrkje ordninga med retur støtte.

### **Integrering – tenkje globalt, integrere lokalt**

Den norske busetjingsmodellen basert på frivillig medverknad frå kommunane er det beste utgangspunktet for godt busetjings- og integreringsarbeid. Senterpartiet vil ytterlegare styrkje arbeidet med å skaffe bustader. Mange kommunar manglar bustader for å kunne ta sin del av busetjingsansvaret. Sjølv om bustadtilskotet har auka, er det behov for å auke rammene for Husbankens tilskot til å byggje og kjøpe utleigebustader. Vi må også gå gjennom bustøtteordninga sidan mangelen på bustader gir høge utleieprisar over heile landet.

Fleire rapportar peiker på at språk er ein føresetnad for integrering og jobb, og på at språkopplæringa kan skje meir effektivt enn ho gjer i dag. Bransjenær språktrening ute på arbeidsplassen i tillegg til på skulebenken er viktig for å få til ei optimal språkopplæring i kombinasjon med arbeidstrening.

Innvandrarar som har relevante utdanningar, må få godkjent utdanninga i Noreg så raskt som mogleg. Det må gjerast så enkelt som mogleg å fullføre påbegynt utdanningsløp i Noreg.

Frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet spelar ei nøkkelrolle i integreringsarbeidet. Det frivillige skaper dei gode møteplassane der ein – på tvers av ulikskapane våre – møtest og tek del i meningsfulle aktivitetar. Dette er arenaer for blant anna meningsutveksling, dialog, samhold og deltaking, lågterskeltilbod der folk kan senke skuldrene og sosialisere seg i samspel med andre. Senterpartiet vil styrkje desse aktørane slik at dei kan halde fram med gode og inkluderande tiltak som femnar breitt.

#### **Senterpartiet vil:**

- gjere introduksjonsprogrammet til eit treårig løp, der det siste året vekselvis skal vere på skule og i bedrift, og gjere programmet obligatorisk for familiemedlemmer som er gjenforeinte.
- auke norskundervisninga for asylsøkjjarar frå 175 til 250 timar.
- gi alle asylsøkjjarar rett til språkopplæring når dei kjem til Noreg.
- styrkje språkopplæringstilbodet for arbeidsinnvandrarar.
- setje av tilstrekkeleg med midlar til å utvikle nynorske læremiddel.
- etablere enklare overgangsordningar for innvandrarar med høgare utdanning, slik at dei raskt kan kome inn i yrke dei er utdanna for.
- leggje til rette for at asylsøkjjarar kan ta del i lokalsamfunnet, blant anna gjennom frivillige organisasjonar og arbeid. Tilbodet må fange opp både kvinner og menn.
- styrkje den statlege støtta til integreringstiltak i regi av det frivillige.
- ha ein ny nasjonal handlingsplan mot rasisme og diskriminering.

Justispolitikken:

## Tryggleik i kvardagen



- Meir politi ute blant folk – mindre byråkrati
- Kvardagskriminalitet må prioriterast
- Politidirektoratet må leggjast ned

Senterpartiet vil føre ein justispolitikk som sikrar borgarane tryggleik og rettstryggleik. Vi vil sikre dette gjennom ein justissektor der stikkorda er auka nærleik, meir samhandling og meir førebygging.

Kriminalomsorga skal i størst mogleg grad redusere tilbakefall til kriminalitet. Straffegjennomføringa må verke allmennpreventivt og samtidig setje dei innsette i stand til å møte samfunnet når soninga er ferdig. Senterpartiet ser på førebygging som heilt vesentleg for å skape trygge og gode lokalsamfunn.

Ein rettsstat som fungerer godt, skal sørge for at lovene og rammeverket for samfunnet er like for alle. Senterpartiet har ein visjon om eit ope samfunn bygd på tillit mellom medmenneske.

Oppklaring av alvorleg kriminalitet, til dette høyrer vald i nære relasjonar, må prioriterast høgt i heile straffesaksjeda. Når publikum opplever at desse og andre liknande saker ikkje blir prioriterte og oppklarte, svekkjer det tilliten til politiet og rettsvesenet.

Overvaking og kontroll må kvile på ei etisk og prinsipiell tilnærming og gripe minst mogleg inn overfor innbyggjarane. Overvaking kan berre rettferdiggjeras dersom ho stansar terror eller svært alvorleg kriminalitet. Senterpartiet held på prinsippet om at domstolane skal avgjere om vilkåra for politiovervaking er til stades og er imot ei ny lovgiving som opnar for auka overvaking av lovlydige borgarar.

Senterpartiet vil arbeide for å sikre alle delar av landet god beredskap. Lokalkunnskap og raskt tilgjengelege ressursar er avgjerande når det skjer dramatiske hendingar. Korleis ein situasjon blir forstått lokalt, kan vere avgjerande når avgjerder skal takast raskt i uoversiktlege situasjonar. Alle skal vere trygge for at dei får hjelp når dei treng det, uansett kvar dei er. Forsvaret, med sin fleksible organisasjon, kan spele ei svært nyttig rolle når flaum, uvêr og andre naturkatastrofar eller kriser skjer.

I praksis viser det seg ofte at brannvesenet er den etaten som raskast er ute i felt ved akutte hendingar. Det er derfor avgjerande at lokale brannvesen blir sette i stand til å fylle den krevjande rolla dei har i dag. Brannvesenet skal framleis vere eit kommunalt ansvar.

I alle delar av justissektoren og særleg i grenseområda er det viktig med fleispråkleg kompetanse og tolketenester.

#### **Senterpartiet vil:**

- at vitne i alvorlege straffesaker som menneskehandel/trafficking skal kunne få permanent opphald i Noreg.
- kjempe mot barneekteskap og tvangsekteskap, og arbeide for at kvinner får betre rettsvern ved tvangsgifting.
- auke innsatsen mot vald i nære relasjonar ved å styrkje barnehusa og etablere fleire barnehus for å redusere avstandane, og ved å medverke til at avverjingsplikta blir kjend.
- halde oppe eit desentralisert krisesentertilbod i alle fylka og endre finansieringsmodellen for dei.
- intensivere arbeidet mot hatkriminalitet.
- halde på sexkjøpslova, fordi eit slikt forbod gir eit viktig signal om korleis fellesskapet stiller seg til utnyttinga av sårbare menneske.
- styrkje arbeidet mot menneskehandel/trafficking.
- sikre at utanlandske kvinner som lever i valdelege forhold, kan få opphaldsløyve før det har gått tre år.
- ikkje innføre nye, regionale organisasjonsnivå i brannvesenet.
- passe på at nødnett blir tilgjengeleg for alle relevante aktørar, og at kostnadene knytte til drift av nødnett blir overkommelege for det kommunale brannvesenet og dei lokale aktørane som bruker det.
- styrkje Redningsselskapet som ein viktig aktør i beredskapen langs kysten.
- at norske statsborgarar når dei fyller 18 år, må ta eit aktivt val om å registrere seg som organdonorar eller ikkje.

#### **Politi- og lensmannsetaten**

Senterpartiet vil ha eit lokalt politi som har god kompetanse om lokalsamfunnet sitt, og som kan jobbe førebyggjande i samarbeid med andre organ. At politiet er til stades i lokalmiljøet, set det i stand til å førebyggje og oppdage kriminalitet på eit tidleg tidspunkt. Eit «reparasjonspoliti» vil berre kunne vere til stades når skaden er skjedd.

Erfaringane frå 22. juli 2011 viste at politiet hadde store veikskapar når det gjaldt leiing, kultur og haldningar – og at systemet var rigga på ein slik måte at «ressursane ikkje fann kvarandre». Det er viktig at politi- og lensmannsetaten forsterkar arbeidet med å følgje opp desse læringspunkta. Senterpartiet meiner at alle – uansett kvar dei bur – skal kjenne at tryggleiken deira blir godt sikra av eit nærverande og synleg politi. Senterpartiet vil arbeide for å behalde ein desentralisert lensmannsstruktur for å sikre beredskap og nødvendig lokalkunnskap hos politiet.

Senterpartiet vil ha eit reelt nærpoliti. Derfor må politikrafta aukast i tråd med bemanningsmålet på to tenestemenn per 1000 innbyggjarar innan 2020. Dette målet må gjelde for alle regionar. Auken i talet på politifolk må kome *heile* landet til gode.

Det er ein styrke ved den norske politi- og lensmannsetaten at han både har sivile og uniformerte oppgåver og brei kompetanse. Vi er tilhengjarar av eit politi med eit breitt spekter av oppgåver, frå etterforskning og ordensteneste til utferding av pass og ulike løyve.

Ei effektivisering av politi- og lensmannsetaten må ikkje gå ut over kvaliteten og nærværet. Bruken av ny teknologi vil redusere ulempene ved avstandar og danne grunnlaget for å desentralisere fleire av oppgåvene og ressursane til politiet. Senterpartiet går inn for eit politi der ressursane blir brukte på polititjenester, ikkje på auka byråkrati. Vi vil derfor leggje ned Politidirektoratet og overføre oppgåvene deira til politidistrikta, særorgana og politiavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet.

**Senterpartiet vil:**

- at Stortinget, ikkje Politidirektoratet, skal bestemme kvar det skal vere lensmannskontor, og kvar politiadministrasjonane skal vere lokaliserte.
- sikre eit reelt nærpolitiv ved å styrkje lensmannskontor og politistasjonar over heile landet.
- sikre at krava til responstid blir oppfylte ved kvart enkelt lensmannskontor.
- halde på nemningane lensmannskontor og politistasjonar.
- reversere nedleggingar av lensmannskontor.
- auke politikrafta for å nå bemanningsmålet på to tenestemenn per 1000 innbyggjarar.
- løyve midlar til ei omfattande opprusting av tenestebilane i politiet og utstyret ved lokale lensmannskontor, inkludert IKT-systema.
- at kompetansen og kapasiteten i valdtektssaker og overgrepssaker blir styrkte. Saksbehandlingstida må reduserast og kvaliteten på etterforskinga betrast.
- styrkje samarbeidet mellom politiet, barnevernet og helsearbeidarar i kampen mot overgrep mot barn.
- sikre at politiet slår ned på alle typar kriminalitet, også kvardagskriminalitet.
- gå imot generell væpning av politiet, men føre vidare ordninga med «framskoten lagring» av våpen i tenestebilar.
- redusere rapporteringskrava og detaljstyringa av politiet.

**Straff**

Det beste samfunnsvernet er å hindre tilbakefall hos den kriminelle. Senterpartiet meiner at vi i dag har eit fornuftig straffenivå, særleg etter at dei mest alvorlege brotsverka har fått auka strafferammer dei siste åra, og at foreldingsfristen blei fjerna i valds- og sedskapssaker.

Senterpartiet meiner at forma på og innhaldet i straffa er heilt sentral for korleis straffa verkar på den kriminelle og dermed på tilbakefallsstatistikken. Ulike soningsformer og straffenivå må jamleg vurderast opp mot kriminalstatistikken og kva innverknad dei har på samfunnet.

**Senterpartiet vil:**

- satse sterkare på soning med elektronisk fotlenkje og andre alternative straffereaksjonar der dette styrkjer sjansane for å rehabiliterer den dømde.
- intensivere arbeidet med å utvise utanlandske kriminelle til soning i heimlandet.

*Narkotikapolitikken er omtalt i programmets hovudbolk «Helse og omsorg: Førebygging framfor reparasjon» (s. 65).*

## **Kriminalomsorg**

Hovudmålet med kriminalomsorga er å organisere straffereaksjonar i tråd med dom og leggje grunnen for at det ikkje blir gjort straffbare handlingar på nytt. Senterpartiet meiner det hastar med å styrkje norsk kriminalomsorg. Helsetilbodet i kriminalomsorga er ikkje godt nok i dag, og kriminalomsorga må få styrkt tenestetilbodet sitt og kompetansen sin innanfor det psykiske helsevernet. Dette kan skje i eit samarbeid med både kommune og spesialisthelseteneste.

Unge lovbyrtarar må hindrast i å etablere ei kriminell løpebane. Senterpartiet meiner at unge lovbyrtarar berre unntaksvis må plasserast i fengsel med høgt tryggningsnivå, og at hovudregelen må vere at dei blir plasserte i andre institusjonar. Senterpartiet går også inn for å auke bruken av tverrfaglege tenester og samfunnsstraff. Kostnadene for samfunnet er så store, i tillegg til den personlege belastninga for vedkomande, at Senterpartiet meiner dette er den gruppa som bør prioriterast først i kriminalomsorga.

### **Senterpartiet vil:**

- bygge ut kriminalomsorga og styrkje bemanninga og kvaliteten i tilbodet.
- utvide ordninga med rusmeistringseiningar i fengsel og tverrfagleg spesialisert behandling i fengsel etter «stifinnarmodellen».
- at alle fengsel skal ha avrusingseiningar.
- redusere soningskøane.
- gå inn for at soning med elektronisk kontroll blir utvida til å gjelde fengselsstraffer på inntil ni månader, eller fengselsstraffer der tida som er att fram til forventa lauslating, er inntil seks månader.
- at samfunnsstraff og promille- og narkotikaprogram i større grad blir nytta.
- auke fengselkapasiteten i heile landet. Dette handlar både om å bygge ut eksisterande fengsel og å bygge nye fengsel.
- sikre kvinner betre soningsforhold og fleire eigna soningsplassar.
- halde på dagens trenivåmodell i kriminalomsorga.
- ta vare på også dei mindre fengsla og fengselsavdelingane.
- seie opp avtalen om leige av soningsplassar i Nederland og bruke desse midlane på raskt å bygge opp soningskapasiteten i Noreg.
- styrkje ettervernet i kriminalomsorga, slik at tidlegare straffedømde får høve til å skaffe seg bustad, utdanning, arbeid og sosialt nettverk. Det må særleg gjerast ein stor innsats for å sikre eit bustadtilbod.
- styrkje skule- og utdanningstilbodet under soning.

## **Domstolane**

Senterpartiet vil føre vidare ein desentralisert domstolsstruktur for å ta hand om den lokale rettspleia og sikre folk god tilgang til konfliktløysing. Krav til kompetanse, fleksibilitet og kapasitet kan løysast på ein like god måte i ein desentralisert struktur som i ein sentralisert. Senterpartiet vil stanse trenden der mindre domstolar i distrikta blir tappa for ressursar og utsette for «sniknedlegging».

Domstolane har ei klart aukande saksmengde og fleire kompliserte saker. Derfor er det viktig å gi tilstrekkelege ressursar til sektoren for å sikre ei god avvikling av saker.

Fri rettshjelp er viktig både som ein garanti for rettstryggleiken og som eit ledd i kampen mot fattigdom. Behovet for rettshjelp er stort, særleg for vanskelegstilte grupper i samfunnet. Fri rettshjelp til fleire vil føre til større rettsleg likskap mellom ulike sosiale grupper. Det vil også sikre at ein i større grad fangar opp dei som har behov for rettshjelp også utanfor dei største byane.

**Senterpartiet vil:**

- sikre at domstolane har rammer som gjer det mogleg å ta unna sakstilgangen.
- at kvar domstol skal ha ei stadleg leiing.
- innføre lyd- og biletopptak i alle norske rettssalar.
- behalde juryordninga.
- utvide ordninga med fri rettshjelp til å gjelde fleire saksområde og til å ha ei dynamisk inntektsgrense.
- sikre tilstrekkeleg bemanning og rekruttering ved jordskifterettane.

**Grensekontroll**

Grensekontroll er eit verktøy for å ha effektiv kontroll med kven som kryssar den norske grensa, og kven som er her i landet. Senterpartiet vil seie opp Schengen-avtalen og i staden styrkje det nordiske grensesamarbeidet.

Senterpartiet går inn for å styrkje kraftig innsatsen til tollvesenet langs grensene, slik at grensekontrollen blir meir effektiv enn i dag. Dette må vere ein nasjonal prioritet. Senterpartiet vil ta i bruk nye teknologiske verktøy for å sikre at handhevinga av grensekontrollen blir både smidig og effektiv.

Senterpartiet er oppteke av å stoppe den organiserte kriminaliteten som er ei av følgjene av frie grensepasseringar i Europa. Personar som får innreiseforbod til Noreg, har brote norsk lov, og brot på innreiseforbodet blir som regel oppdaga ved at dei på nytt gjer kriminelle handlingar i Noreg. Vi meiner at vi av allmennpreventive grunnar må slå hardt ned på slik grensekryssande, gjentakande og ofte organisert kriminalitet.

**Senterpartiet vil:**

- at Noreg går ut av Schengen-samarbeidet og gjeninnfører nasjonal grensekontroll.
- halde på den nordiske passfridommen.
- styrkje kraftig innsatsen til tollvesenet ved grensene.
- styrkje løyvingane til strategisk og operativt samarbeid mellom tollvesen, grensemyndigheter og lokalt politi i grenseområda.
- gi tollarane fullmakt til å gi forenkla førelegg for å oppnå ein meir effektiv kontroll med grensekryssande kriminalitet og avlaste politiet for rutineoppdrag.



Kultur og idrett:

## Frivillig innsats er «limet» i samfunnet

- Vi treng eit lokalt kulturløft
- Idretten og frivillig innsats sikrar folkehelsa, skaper meistring og stoltheit
- Mediemangfaldet må sikrast

For å skape gode lokalsamfunn er det nødvendig med eit rikt og variert kulturtilbod. Det må leggjast til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar og kulturuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunne ta del i kunst- og kulturlivet.

Senterpartiet er stolt av at Kulturløftet innebar ei dobling av kulturbudsjettet og eit taktskifte i kulturpolitikken. Statistikken viser likevel at folkebibliotek, kulturskular og fritidsklubbar i liten grad har teke del i veksten. Senterpartiet meiner derfor det igjen er behov for ein ny giv i kulturpolitikken. Dette bør først og fremst skje gjennom eit lokalt kulturløft, og gjennom lokale kulturinstitusjonar og kulturaktivitet. Heile landet må ta del i auken.

Frivillig engasjement har stor eigenverdi fordi det er med på å fylle livet til kvar enkelt deltakar med meining og aktivitet. Frivillig sektor er også ein uunnverleg del av fellesskapet og medverkar til at mange viktige oppgåver i samfunnet blir løyste. I tillegg veks eliteutøvarane og mange opplevingsbedrifter ut av det frivillige feltet. Det er derfor viktig å satse på kultur og frivillig innsats på alle delar av det mangfaldige og breie feltet.

Ein grunnleggjande føresetnad for eit levande og mangfaldig kulturliv er at rammevilkåra er føreseielege. Befolkninga i heile landet må ha tilgang til gode kulturopplevingar. Det bør finnast nasjonale institusjonar for kunst og kultur over heile landet.

Kulturskulen er ein viktig del av den kulturelle grunnmuren. Målet er at alle barn som ønskjer det, skal få tilbod om plass i kulturskulen til ein rimeleg pris.

For å sikre eit levande kulturliv er vi avhengige av gode vilkår for øving og framføring. Nødvendig infrastruktur og lokale lokalt må derfor prioriterast for å sikre talentutvikling og utvikling av lokale kulturmiljø.

Senterpartiet vil styrkje biblioteka som møteplass og kulturarena. Biblioteket er ei kjelde til kunnskap og opplevingar som set folk i stand til å ta aktivt del i samfunnet, og er spesielt viktig som integreringsarena og etterspurt lågterskeltilbod.

Kino er framleis den viktigaste plattformen for å vise og formidle film, og ein viktig kulturinstitusjon i lokalsamfunnet. Det er derfor viktig å vere med på å halde oppe ein desentralisert kinostruktur. Tilskot til regional filmverksemd medverkar til auka konkurranse, større mangfald og betre kvalitet i norsk film gjennom ei maktspreiing og regionalisering av filmpolitikken.

Det er viktig at dei ulike ledda i verdikjeda som tener pengar på å formidle film og audiovisuelt innhald, skal vere med på å finansiere ny filmproduksjon. Dette må også gjelde nye plattformer, blant anna strøymetenester. Innføringa av insentivordninga for film- og serieproduksjonar er viktig og vil kunne gjere Noreg til eit attraktivt produksjonsland for utanlandske filmselskap.

### **Senterpartiet vil:**

- setje i verk Kulturløftet IV og sikre at éin prosent av statsbudsjettet skal gå til kulturformål.
- auke rammene for kulturskulane slik at ventelistene blir kortare, prisane blir modererte og tilboda utvida til fleire kunstuttrykk og sjangrar.
- leggje betre til rette for samarbeid mellom kulturskular og frivillige lag og organisasjonar.
- betre tilskotsordningane for kulturbygg (medrekna regionale kulturbygg) både til øving, framføring og undervisning.
- etablere ei eiga tilskotsordning for kulturbygg eigde av organisasjonar.
- leggje betre til rette for eigna øvingslokale og øvingsutstyr for musikkutøvarar på alle nivå.
- tildele nasjonale oppgåver for regionale kulturinstitusjonar over heile landet.
- styrkje den regionale teatersatsinga.
- ikkje auke kulturmomsen.
- styrkje frivilligsentralane.
- styrkje biblioteka som gratis møteplassar og kulturarenaer.
- støtte opp under og sikre gode og føreseielege rammevilkår for norsk innhaldsproduksjon.
- leggje til rette for filmmiljø og filmproduksjonar utanfor hovudstaden og styrkje filmstøtteordninga som legg til rette for dette.
- sikre finansieringa av Bygdekinoen.
- sikre at både operatørar innanfor strøymetenester og andre sentrale aktørar blir pålagde eit medfinansieringsansvar for film- og dramaproduksjon.
- at opphavsrettslovgivinga og offentlege støtteordningar for audiovisuelle produksjonar skal stimulere til verdiskaping og produksjon av norsk innhald og sikre norske arbeidsplassar.
- bevare fastprisordninga på ny norsk litteratur.
- forsterke dei litteraturpolitiske verkemidla, som innkjøpsordningane og stipendordningane.
- regulere kunstnarstipenda i tråd med pris- og lønnsstigingane.

### **Urfolk og nasjonale minoritetar**

Det norske fellesskapet er mangfaldig. Urfolket vårt, samane, og dei nasjonale minoritetane, kvenar/norskfinnar, skogfinnar, jødar, rom (sigøyningar) og romanifolk/taterar, skal alle kunne ta vare på og utvikle språket sitt, kulturen sin og næringslivet og samfunnslivet sitt. Senterpartiet vil at Sametinget skal ha eit hovudansvar for å utvikle samisk språk, kultur, næringar og rettar på samane sitt eige grunnlag. Senterpartiet vil sikre Sametingets konsultasjonsrett med regjering og storting. Statlege styresmakter må ha klare rutinar som sikrar at konsultasjonsretten blir oppfylt i alle saker som er viktige for den samiske befolkninga.



**Senterpartiet vil:**

- styrkje rammevilkåra for næringsutøving i samiske busetjingsområde.
- arbeide for at reindrifta og andre etablerte næringar skal leve godt side om side.
- sikre tradisjonelle rettar til fiske for befolkninga i dei sjøsamiske områda.
- bevare og vidareutvikle landbruket i dei samiske kjerneområda.
- aktivt støtte opp om det samiske sivilsamfunnet og organisasjonane til dei nasjonale minoritetane.
- styrkje arbeidet for dei samiske språka og dei andre nasjonale minoritetsspråka i Noreg, særleg ved å styrkje Sametinget og det kommunale ansvaret for dette.
- følgje opp handlingsplanen for samiske språk og stortingsmeldinga om samepolitikken. Samisk språkopplæring i skular og barnehagar må styrkjast, og elevar i samiske område må kunne velje å lære samisk i staden for sidemål.
- styrkje kulturminne- og museumsarbeidet for samisk kultur og nasjonale minoritetar, og sikre utbygginga av det sørsamiske kultursenteret på Snåsa, Saemien Sijte.
- arbeide for at det blir utdanna fleire helse- og sosialarbeidarar med samisk språk- og kulturkompetanse, og sikre tilgangen på samiske tolkar ved helseinstitusjonar.

**Kulturminne og museum**

Kulturminne, kulturmiljø, museum og arkiv er viktige delar av det vi kallar den kollektive hukommelsen i samfunnet. Kulturarven kan medverke med kunnskap, forteljingar og opplevingar. Derfor skal samfunnet som heilskap ha ansvaret for å ta vare på den felles kulturarven.

Altfor mange freda og verneverdige kyrkjer i Noreg forfell. Staten må i sterkare grad hjelpe kommunane og andre kyrkjeigarar med vedlikehaldet av kyrkjene.

**Senterpartiet vil:**

- styrkje løyvingane til kulturminnevern slik at nasjonale målsetjingar om vedlikehald og restaurering blir nådd. Det er viktig å inkludere teknisk-industrielle kulturminne og verdsarv i denne satsinga.
- medverke til at Kulturminnefondet på sikt får 300 mill. kroner til utdeling kvart år.
- arbeide for skatte- og avgiftslette for private eigarar av freda og bevaringsregulerte eigedommar. Slike eigedommar skal vere fritekne frå eigedomsskatt.
- at staten må bere ein større del av ansvaret for arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak.
- at staten tek eit særleg ansvar for å restaurere og halde ved like steinkyrkjer frå mellomalderen, freda etter-reformatoriske kyrkjer og særleg viktige kyrkjer frå etter 1650. Det bør opprettast bevaringsprogram for desse kyrkjene etter mønster av det såkalla stavkyrkjeprogrammet.
- opprette eit eige fond for statleg medverknad til vedlikehald av historiske kyrkjebygg.
- sikre musea økonomiske rammer som gjer det mogleg å vidareutvikle utstillingar, formidling og utviklingstiltak.
- samle ansvaret for kulturarvspolitikken i Kulturdepartementet og styrkje fylkeskommunane si rolle i kulturminnevernet.
- innføre ei ordning med gratis inngang på utvalde museum, både statlege, regionale og lokale.
- gå inn for at ein del av avkastninga frå Opplysningsvesenets fond bidrar til å ta vare på kyrkjebygningar og kulturminne. Dette må ikkje gå på kostnad av fondets støtte til kyrkjelydsarbeid.

**Frivillig sektor**

Frivillige organisasjonar er viktige berejmelkar i lokalsamfunnet, dei tilbyr opplevingar og sosiale aktivitetar på tvers av sosiale skiljelinjer, og skaper såleis viktige fellesskapsarenaer. Frivillig sektor er ein viktig pilar i det norske velferdssamfunnet. Frivillige organisasjonar yter betydelege økonomiske bidrag til samfunnet gjennom tenestproduksjon og omfattande ulønt innsats.

Senterpartiet meiner at det manglar ein heilskapleg politikk for det frivillige arbeidet. I tråd med samfunnsutviklinga er det nødvendig å tilpasse regelverk og tilskotsordningar til dagens organisasjonsstruktur. Senterpartiet vil vere med på å sikre driftsgrunnlaget for det frivillige organisasjonslivet og leggje til rette for at organisasjonane skal kunne utvikle verksemda si vidare.

Senterpartiet meiner det er feil å skattleggje frivillig innsats. Derfor er det behov for å forbetre momskompensasjonsordningane for frivillige organisasjonar.

Senterpartiet er uroa for at ein større del av støtta til frivillige organisasjonar blir gjorde avhengige av spelemidlar. I staden bør tilskotsordningane aukast over statsbudsjettet.

#### **Senterpartiet vil:**

- halde fram arbeidet med å forenkla og avbyråkratisere tilskotsordningane for frivillig sektor.
- auke grunnstøtta til barne- og ungdomsorganisasjonane over statsbudsjettet.
- vri tilskotsmidlane slik at ein større del blir gitt som frie midlar. Ein auke i grunnstøtta skal gi organisasjonane eit større handlingsrom til å setje i verk aktivitetar i tråd med eigne prioriteringar og vedtekne planar.
- at alle offentlege etatar og instansar skal bruke Frivilligregisteret i samband med tilskotsforvaltning og kontakt med det frivillige, slik at registeret faktisk blir eit forenklingverktøy.
- ha regelstyrt momsrefusjon for frivillig verksemd, idrettsanlegg og kulturhus eigde av organisasjonar.
- trappe opp beløpsgrensa i ordninga med gåvefrådrag for bedrifter for gåver til frivillige organisasjonar. I tillegg bør det opnast for skattefrådrag for gåver også til lokale lag og foreiningar.
- gi full momskompensasjon ved bygging, utviding og vedlikehald av kulturhus som er eigde av organisasjonar.

#### **Idretten**

Idrettslaga er ofte ein av dei viktigaste møtestadene i lokalmiljøet. Senterpartiet vil føre ein idrettspolitik som stimulerer mange til å vere fysisk aktive, og som samtidig tek vare på dei som har talent til å kunne satse på idretten. Toppidrett og breiddeidrett er gjensidig avhengige av kvarandre. Derfor meiner vi det skal vere rom for å satse på begge delar. Vi vil sikre gode rammevilkår for idretten over heile landet.

Vi ser idrettspolitikken i samanheng med den førebyggingsbaserte tilnærminga vår til helsepolitikken. Derfor er oppbygginga av lågtersketilbod som er utanom den organiserte idretten, som utbygging av turløyper, ballbingar og andre nærmiljøanlegg, ein viktig del av den heilskaplege idretts- og friluftspolitikken.

Mangelen på idrettsanlegg er ein sterkt avgrensande faktor for å få realisert målet om auka fysisk aktivitet i befolkninga og å kome idrettens behov for å tilby aktivitet i møte. Lista over idrettsanlegg – som er godkjende og klare til bygging – er lang og omfattar prosjekt over heile landet.

#### **Senterpartiet vil:**

- føre vidare ein idrettsmodell basert på frivillig innsats.
- bevare einerettsmodellen til Norsk Tipping og gå imot innføring av lisensordning for utanlandske spelselskap.
- gi idrettslag og -foreiningar full momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg.
- auke støtta til nærmiljøanlegg.
- gi alle høve til å utøve idrett og vere i aktivitet ut frå sine eigne interesser og ambisjonar.
- leggje betre til rette for uorganisert fysisk aktivitet i nærmiljøet.

## Kyrkje og livssyn

Religion og livssyn er grunnleggjande dimensjonar i livet til mange menneske. I tillegg til å vere eit trussamfunn er Den norske kyrkja også ein viktig tradisjons- og kulturberar. Senterpartiet meiner at kyrkje, religion og livssyn framleis bør vere ei offentleg oppgåve. Både staten og kommunane spelar ei viktig rolle for å gjere det mogleg for folk å utøve tru og livssyn.

Senterpartiet meiner at staten framleis kan føre ein aktivt støttande trus- og livssynspolitik. Vi meiner at det i eit pluralistisk samfunn som vårt er nødvendig med ein stat som likebehandlar alle innbyggjarane og er med på å gjere retten til trus- og livssynsutøving reell. Mangfaldet av trusretningar og livssyn i befolkninga må reflekterast i politisk, økonomisk, juridisk og institusjonell likebehandling av trus- og livssynssamfunn. Senterpartiet meiner at endringane i kyrkjeordninga, og det at Noreg i større grad har blitt eit fleirereligiøst samfunn, gjer at vi treng å utvikle ein meir heilskapleg trus- og livssynspolitik.

Senterpartiet vil vente på vidare utgreiingar og drøftingar i dei kyrkjelege organa og organisasjonane før det er aktuelt å ta stilling til nye reformer. Spørsmålet om å oppheve kyrkjelova og erstatte lovreguleringane til staten med ei kortfatta rammelov må derfor vente til dette arbeidet ligg føre.

Senterpartiet meiner at Opplysningsvesenets fond skal føre ei ansvarleg forvaltning som gjer sitt til å auke verdiane i fondet og avkastninga til kyrkjelege formål. Det er samtidig avgjerande at dette skjer på ein samfunnsmessig ansvarleg måte, i tråd med sentrale etiske verdiar og i forståing med lokale interesser.

### **Senterpartiet vil:**

- sikre ei økonomisk likebehandling og ikkje-diskriminering av alle trus- og livssynssamfunn.
- halde på ei eiga kyrkjelov for å regulere forholdet mellom Den norske kyrkja og staten.
- at soknet framleis skal vere den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja med status som sjølvstendig rettssubjekt.
- at det framleis skal vere presteneste i kvart sokn, prost i kvart prosti og biskop i kvart bispedømme.
- sikre Den norske kyrkja føreseielege økonomiske rammevilkår som fører vidare det lokale nærværet slik strukturen i dag gjer.
- føre vidare den finansielle ansvarsdelinga mellom staten og kommunane.
- føre vidare lokalsamfunnet sitt ansvar for kyrkjebygg og gravplass.
- halde på begge dei lokalkyrkjelege organa; dei kyrkjelege fellesråda og sokneråda, men gjere arbeidsfordelinga tydeleg. Innverknaden til sokneråda bør styrkjast.
- leggje til rette for auka medlemsinnverknad og ytterlegare demokratisering av Den norske kyrkja.
- at det framleis skal vere mogleg å halde skulegudstenester, men at det må vere frivillig å delta.
- støtte språkkrav og introduksjonsprogram for religiøse leiarar frå utlandet.
- støtte restriksjonar når det gjeld finansiering av trussamfunn frå utlandet.

## **Mediepolitikk**

Senterpartiet meiner det er viktig å sikre eit framleis sterkt allmennkringkastingstilbod i Noreg, med tydelege programforplikingar overfor breie og smale grupper, med nærvær over heile landet.

Senterpartiet meiner at NRK må sikrast føreseieleg og tilstrekkeleg finansiering av allmennkringkastingsoppdraget og inntekter til vidare utvikling som allmennkringkastar med ei sterk regional forankring. Lisensordninga i dag er utdatert. Det trengst ein ny finansieringsmodell som sikrar NRK eit godt finansieringsgrunnlag som allmennkringkastar.

Senterpartiet meiner det er viktig å ha ein kommersiell allmennkringkastar som kan utgjere eit reelt alternativ til NRK. Ein avtale med ein kommersiell allmennkringkastar skal innehalde krav om hovudkontor i Bergen og daglege aktualitets- og nyheitssendingar med utgangspunkt i eigen redaksjon. Meirkostnader ved allmennkringkastingsoppdraget som ikkje kan finansierast kommersielt, må kompensast. Det må etablerast ei føreseieleg finansiering av ei slik kompensasjonsordning.

Produksjonstilskotet til aviser er avgjerande for å sikre eit sterkt mediemangfald over heile landet. Lokalavisene utgjer ein svært viktig del av den norske avisfloraen og representerer sentrale føresetnader for lokaldemokratiet og som nyheitsformidlarar og identitetsberarar i lokalsamfunnet. Avisene opplever svært tøffe tider i kampen om lesarar og annonsekroner. Mange av dei mindre avisene har også kome for kort i den digitale overgangen. Senterpartiet meiner det er fornuftig at pressestøtta no er gjort plattformnøytral og er knytt til innhald og ikkje distribusjonsform.

122 000 nordmenn har problem fordi dei er speleavhengige. Senterpartiet vil derfor føre ein ansvarleg spel-politikk der reklametrykket er dempa.

### **Senterpartiet vil:**

- styrkje pressestøtta.
- innføre ei allmennkringkastingsavgift som alternativ til NRK-lisensen. Ei slik avgift skal vere uavhengig av dei årlege statsbudsjetta.
- at allmennkringkastingsoppdraget til NRK blir sikra gjennom sterke distriktsredaksjonar med nærvær i alle fylka.
- etablere ei kompensasjonsordning for allmennkringkastingsoppdraget som sikrar at ein avtale med ein kommersiell allmennkringkastar med hovudkontor og eigen nyheitsredaksjon utanfor Oslo, blir ført vidare.
- stanse ulovleg utanlandsk spel-reklame på norske plattformer. Det må etablerast ein lovheimel for å kunne blokkere spelstader på internett som er ulovlege i Noreg.



# Utenrikspolitikk og Forsvaret: Norske interesser og internasjonal stabilitet

- Politikk for internasjonal stabilitet og utjamning
- Meir makt til Stortinget, mindre til EU
- Styrk forsvaret av norsk territorium

Det internasjonale biletet er alltid komplekst og prega av fleire trendar. På den eine sida ser vi aukande global uro, forverra trusselbilete, migrasjonar, grensekonfliktar og krigshandlingar, også i nærområda våre. Vi ser auka rivalisering mellom stormakter og større terrorfare. Dette må prege den internasjonale strategien og forsvars- og tryggingspolitikken vår. Men på den andre sida ser vi også at stadig fleire blir løfta ut av absolutt fattigdom, og fleire får tilgang til helse og utdanning. At FN når fleire av tusenårsmåla, viser at innsats nyttar, og at positiv endring er mogleg. Senterpartiet meiner det inspirerer til forsterka innsats.

Auka migrasjon og eit rekordstort tal flyktningar stiller det internasjonale samfunnet overfor store utfordringar. Verda må bruke fleire ressursar på å redusere årsakene til at folk flyttar. Fredsskapande arbeid, klimainnsats, konfliktreduserande innsats og jamnare økonomisk utvikling er viktige tiltak. Rike samfunn som det norske har eit stort ansvar for å kunne medverke på mange område, men vi vil aldri kunne handtere at alle som ønskjer det, vil kunne flytte hit.

Vesten må også lære av dei feila som er gjorde dei siste 15 åra; store flyktningstraumar skapte som ei følge av krigane i Irak, Afghanistan og Libya. Senterpartiet vil vere tilbakehaldne med å støtte nye militære intervensjonar. Noreg kan medverke aktivt til internasjonale operasjonar med FN-mandat, og nødvendig humanitært arbeid.

USA og Storbritannia er framleis våre viktigaste allierte og to av dei landa vi handlar mest med. Brexit vil sannsynlegvis skape ny dynamikk også i Noreg sitt forhold til Europa ved at det oppstår eit alternativ til dagens EØS-avtale. Dette må Noreg følgje svært tett for å kunne utnytte dei moglegheitene som oppstår.

Vesten og Noreg sitt forhold til Russland har forverra seg kraftig etter at Russland annekterte Krim og destabiliserte Aust-Ukraina, noko som er klart i strid med internasjonale reglar. Senterpartiet meiner det er i både Noreg og Russland si interesse å ha meir dialog og samarbeid om felles interesser og eit sterkt folk til folk-samarbeid i Barentsregionen. Noreg og NATO må medverke til avspenning og normalisering. Ei slik utvikling er også avhengig av Russland, og kan ikkje skje på kostnad av folkeretten eller sjølvrådet til andre land.

Målet med utanrikspolitikken er å ta hand om dei nasjonale interessene til Noreg i det internasjonale samfunnet. Dette inkluderer ein sterk norsk innsats for å styrkje folkesuvereniteten, demokratiet og menneskerettane, rettferdig fordeling, ansvarleg bruk av naturressursane og sterk klima- og miljøinnsats. Senterpartiet vil gjennom målretta utviklingshjelp og styrking av sivilsamfunnet motarbeide korrupsjon, forureining, diktatur og vanstyre.

Kjernen i utanrikspolitikken til Senterpartiet ligg i internasjonalt og regionalt samarbeid mellom suverene, demokratiske nasjonalstatar. Ei slik verdsordning føreset også eit sterkt FN for å løyse globale utfordringar. Senterpartiet vil at verdsorganisasjonen FN får høve til å leggje premisane for internasjonal politikk i større grad enn i dag. Organisasjonen må ha høg legitimitet. Det er nødvendig å effektivisere og reformere verdsorganisasjonen, slik at byråkratiet blir mindre og arbeidet mot korrupsjon har høgste prioritet.

Norden har felles historie, lange samarbeidstradisjonar og velferdssamfunn som liknar på kvarandre. I eit Europa der regionane igjen trer tydeleg fram, opnar dette for nye vegar å gå for det nordiske samarbeidet. Senterpartiet er tilhengar av eit sterkare nordisk samarbeid knytt til våre felles interesser og med respekt for sjølvstendet til dei enkelte landa.

Folkevalde bør vere tilbakehaldne med å gi frå seg meir makt til overnasjonale byråkrati, organisasjonar og domstolar. I sum er Noreg i dag forplikta av eit stort tal internasjonale konvensjonar. Det kan vere grunn til å problematisere at desse totalt sett reduserer det politiske handlingsrommet i Noreg, også når avtalane har eit innhald vi støttar. Det er viktig at Noreg har eit sjølvstendig syn på korleis internasjonale traktatar skal tolkast og brukast.

### **Internasjonal handel**

Senterpartiet er uroleg over den maktforskyvinga som i lang tid har skjedd i forholdet mellom statlege styresmakter og multinasjonale selskap – og dermed mellom internasjonal storkapital og folkevalde.

Globaliseringa av økonomien inneber eit press i retning av større forskjellar innanfor landa. Mens dei største kapitaleigarane og internasjonale selskap får fleire investeringsmoglegheiter, opplever vanlege arbeidstakarar ofte hardare kamp om jobbar og press mot lønn og arbeidstakarrettar.

Om vi ønskjer stabile samfunn med små forskjellar, må vi ta vare på det demokratiske fellesskapet i nasjonalstaten. Dette fellesskapet er best sikra gjennom gode offentlege tenester og eit ope politisk system der dei styrande står til ansvar for innbyggjarane. Moglege handelsavtalar som TTIP og TISA vil kunne avgrense retten dei folkevalde har til å styre utviklinga på sentrale samfunnsområde. Avtalane trugar offentleg sektor slik vi kjenner han, og dessutan mat- og miljøstandardar. Senterpartiet støttar ikkje at Noreg inngår handelsavtalar som innsnevrar retten eller høvet dei norske folkevalde har til politisk styring.

Senterpartiet meiner at alle land skal ha rett og plikt til å produsere mat til si eiga befolkning. Dette må også vere posisjonen til Noreg i internasjonale handelsforhandlingar. Senterpartiet vil medverke til at den delen av landbruksimporten som kjem frå dei minst utvikla landa, blir større, føresett at det ikkje går på kostnad av evna desse landa har til å mette si eiga befolkning.

#### **Senterpartiet vil:**

- sikre at utforminga vår av distrikts- og regionalpolitikken, skatte- og avgiftspolitikken, helsepolitikken og alkoholpolitikken, sysselsetjingspolitikken, likestillingspolitikken, landbrukspolitikken, fiskeripolitikken og eigedomspolitikken ikkje skal kunne utfordrast av internasjonale handelsreglar.
- ha ein handelspolitikk som tek utgangspunkt i medlemskapen vår i WTO.
- at handels- og investeringsavtalar ikkje må avgrense det nasjonale og lokale folkestyret, inkludert råderetten over naturressursane. Senterpartiet går derfor imot norsk tilknytning til TTIP- og TISA-avtalen.
- avvise internasjonale investeringsavtalar med investor–stat-tvisteløysingsmekanisme.
- at Noreg arbeider for eit nytt WTO-mandat basert på prinsippet om at alle land har rett og plikt til eigen matproduksjon.
- auke importen frå MUL-land på kostnad av importen frå andre industrialiserte land.

#### **Bistand og utviklingshjelp**

Bistand er framleis viktig for mange land, og utan framleis høg bistand vil verda ikkje lykkast med å nå berekraftsmåla. Noreg bør, som eit rikt land, framleis gå føre i kampen mot fattigdom. Økonomiske forskjellar på verdsbasis kan skape tryggingpolitiske utfordringar. Senterpartiet støttar ein politikk som medverkar til utjamning *mellom* land og *i* land. Senterpartiet meiner at Noreg framleis skal ha ein ambisiøs politikk for utviklings- og nødhjelp.

Norsk bistand må vere basert på sterke faglege vurderingar og brukast der Noreg kan gjere størst forskjell. Norsk bistand bør vere til stades i færre land enn i dag, men satsinga i dei valde landa bør blir større.

Norsk utviklingshjelp bør fokusere på område der Noreg kan bidra med særskild kompetanse, som landbruk, forvaltning av energiressursar, marine ressursar, demokrati og likestilling. Senterpartiet meiner at Noreg må målrette og prioritere bistanden og ta lærdom av det som ikkje har fungert godt i utviklingspolitikken. Ei meir aktiv involvering og styrking av sivilsamfunnet og frivillig sektor vil forsterke dei positive og langvarige effektane av bistanden. Senterpartiet vil ha ein grønn bistandspolitikk som set mennesket i sentrum, og som rettar seg særleg mot barn, unge og kvinner. Det er nødvendig å leggje vekt på arbeidet for utdanning og betre helse i all bistand.

Senterpartiet meiner at norsk bistand kan effektiviserast betydeleg slik at ein større del av midlane når fram til dei som treng dei – og mindre forsvinn i administrasjon og til drift av organisasjonar eller statar. Vi går inn for å forsøkje meir direkte hjelp der midlar blir delte ut på individnivå, for eksempel gjennom mikrokredittordningar. Det vil gjere enkeltindivid meir sjølvstendige og skape lokal etterspurnad.

Folketalet i utviklingsland aukar sterkt. Ei sær viktig oppgåve i norsk bistandspolitikk blir derfor å motverke svolt. Ingen andre næringar kan måle seg med landbruket når det gjeld å skape sysselsetjing og gi økonomiske ringverknader for dei aller fattigaste. Noreg har høg kompetanse og modellar for organisering innanfor landbruket som fungerer godt, noko utviklingspolitikken i større grad enn i dag bør dra vekslar på. Senterpartiet vil styrkje «klimasmart» landbruk som ein del av utviklings- og klimapolitikken.

Tilgang på grunnleggjande infrastruktur som vatn, avløp og renovasjon er avgjerande for å betre helsa i befolkninga i mottakarlanda. Saman med tilgang på grunnleggjande helsetenester, kunnskap og informasjon om familieplanlegging, prevensjon og tilgang på sikker abort medverkar dette til auka livskvalitet. Noreg må ta ei meir aktiv rolle i arbeidet for å hindre barneekteskap og vald og overgrep mot kvinner og barn.

#### **Senterpartiet vil:**

- at Noreg skal løyve minst éin prosent av BNI til utviklingshjelp. Hovudmålsetjinga i stortingsperioden 2017–2021 må vere å oppfylle berekraftsmåla, og særleg retten til vatn.
- at norsk bistandspolitikk blir brukt aktivt i arbeidet med å sørgje for at det blir produsert nok mat til den veksande befolkninga i verda. Det må samtidig satsast på «klimasmart» landbruk for å redusere utsleppa.
- utnytte og initiere klimasmarte energiløysingar med blant anna solenergi.
- arbeide mot byråkratiseringa som trugar krafta i og fornyinga av bistandsarbeidet.
- arbeide for at kvinner over heile verda får rett til å ta sine egne val og bestemme over sine egne liv.
- jobbe aktivt mot barneekteskap, og mot vald og overgrep mot kvinner og barn.
- jobbe for å få fram samanhengen mellom betre familieplanlegging, meir berekraftig folketalsutvikling og stabil økonomisk vekst.
- støtte opp om ordninga med nettverkskreditt for kvinner både nasjonalt og internasjonalt.
- at bistandsarbeid etter ein katastrofe også må fokusere på at kvinner og barn i slike situasjonar er særleg utsette for menneskehandel og trafficking.
- fremje internasjonal lovgiving for «allemannsrett» til naturressursar.
- gjeninnføre ordninga med ein eigen bistandsminister i Noreg.

#### **EU/EØS**

EU gir folkestyret dårlegare kår. Unionen minner no meir om ei føderal statsdanning, basert på liberalistiske prinsipp og fri flyt i den indre marknaden. Krisene som er no, for eksempel knytte til euro- og Schengen-samarbeidet, viser veikskapar i EU-systemet som Senterpartiet har åttvara mot gjennom tiår. Prisen det europeiske samfunnet har måtta betale for auka integrasjon og fri flyt, er større ulikskap og dårlegare kontroll med arbeidsmarknaden og viktige ressursar. Den politiske og økonomiske integrasjonen har også svekt folkestyret og det politiske handlingsrommet.

EUs politiske og økonomiske union går ei uviss framtid i møte, og nasjonalstatane blir stadig oftare løfta fram som alternativ til fjernstyring frå Brussel. Den britiske folkerøystinga om EU-medlemskapen har skapt ein heilt ny dynamikk i Europa, og kjem truleg til å skape eit nytt rom for moglege alternativ til EUs mål om ein stadig tettare union. Noreg må offensivt utnytte dei moglegheitene som den nye situasjonen skaper. Om det blir mogleg, bør Noreg aktivt samarbeide med Storbritannia om å skape ei alternativ tilknytning til EU der både marknadstilgang og nasjonal råderett er sikra.

Senterpartiet meiner at Noreg må gå imot å gi frå seg suverenitet til EU gjennom EØS-avtalen. Samtidig femnar ein medlemskap i EU endå vidare enn EØS, blant anna når det gjeld landbruks-, fiskeri-, finans-, utanriks- og forsvarspolitikk. Medlemskap i EU vil verke negativt inn på alle desse politikkområda.

Senterpartiet vil erstatte EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtalar med EU for å sikre interessene våre. Vi vil ta Noreg ut av Schengen-samarbeidet og gjeninnføre nasjonal grensekontroll. Så lenge Noreg er ein del av EØS, vil Senterpartiet arbeide for ein aktiv bruk av reservasjonsretten og



utnytte dei høva avtalen gir for å ta vare på norske interesser.

#### **Senterpartiet vil:**

- vere ein garantist mot norsk EU-medlemskap og gå imot alle forsøk på å fremje ein norsk søknad om EU-medlemskap.
- erstatte EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtalar med EU. Det norske folket skal sjølve påverke avgjerda om Noreg skal vere medlem av EØS, og vi har eit framtidig mål om ei folkerøysting om EØS-medlemskapen til Noreg.
- redusere den norske EØS-kontingenten.
- at norske bidrag til økonomisk og sosial utjamning i Europa skal frikoplast frå EØS-avtalen og skal utformast på grunnlag av nasjonale prioriteringar.
- bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen aktivt slik at Noreg reserverer seg mot direktiv og forordningar som trugar grunnleggjande norske interesser eller omsynet til at folk skal vere trygge når det gjeld arbeid, helse, miljø og sikkerheit.
- avvise regelverk som ikkje er EØS-relevant.
- arbeide for eit tettare samarbeid med Storbritannia i EU- og EØS-spørsmål. Noreg må opne for britisk medlemskap i EFTA.

#### **Forsvar og tryggingpolitikk**

Målet for forsvars- og tryggingpolitikken vår er å hevde norsk suverenitet og sikre nasjonale interesser. Senterpartiet er tilhengjar av eit folkeforsvar som er til stades i heile landet. Hovudoppgåva til Forsvaret er å trygje norsk territorium, medrekna havområda våre.

Senterpartiet meiner at Noreg framleis skal basere forsvars- og tryggingpolitikken på medlemskapen i NATO og eit aktivt arbeid i FN. Eventuelle norske militære bidrag i utlandet skal vere utløyst anten av vedtak i NATO eller FN. Prioritering og ressursbruk ved utanlandsopphald skal ikkje gå på kostnad av primæroppgåva til Forsvaret.

Noreg må ha eit nasjonalt og sjølvstendig forsvar med eigna kapasitetar på land, i lufta og på sjøen. Forsvaret må hevde norsk suverenitet over territorium, naturressursar og – i siste instans – ved grensene. Senterpartiet meiner at investeringa i nye kampfly ikkje må gå ut over løyvingane til dei andre forsvarsgreinene.

Landforsvaret med sine soldatar på bakken spelar hovudrolla i dei fleste konflikter. I omstillingsarbeidet til Forsvaret er det avgjerande å vidareutvikle Hæren til å bli ein moderne landstyrke som kan fylle den viktigaste funksjonen sin – førstelinjeforsvaret. Det er strategisk viktig å sikre nærværet og kampkrafta i dei to nordlegaste fylka våre.

Berebjelken i folkeforsvaret er verneplikta. Senterpartiet meiner at verneplikta gir ein demokratisk basis for Forsvaret som sikrar rekrutteringsbasen, og meiner det er nødvendig å auke talet på personar som gjennomfører verneplikta.

Eit heimevern som fungerer godt, er særleg eigna til å møte endringane i eit uoversiktleg trusselbilette. Dette krev at Heimevernet må vere landsdekkjande og desentralisert. For å styrkje rekrutteringa vil Senterpartiet innføre HV-utdanning på seks månader. Senterpartiet støttar «geografisk utskrivning» slik at Heimevernet blir styrkt i *heile* landet. Senterpartiet går inn for ein investeringspakke (utstyr og våpen) til Heimevernet og vil auke løyvingane til drift og øvingar. Sjøheimevernet må haldast ved lag.

Senterpartiet meiner det ligg til Stortinget å vedta eventuelle norske militære bidrag i utlandet.

Ordninga i dag med konsultasjon i Stortingets utvida utanriks- og forsvarskomit e sikrar ikkje ei tilstrekkeleg, demokratisk forankring.

Åtak i det digitale rommet er ei veksande utfordring og har g tt fr    vere eit sp rsm l om digital informasjon til   ha store konsekvensar for enkeltmenneske, n ringslivet og samfunnet. Noreg m  utvikle kunnskap som set oss i stand til   analysere om hendingar kjem av driftsproblem, h rverk, organisert kriminalitet eller hybrid krigf ring. Det m  skje gjennom   arbeide p  tvers av sektorar med h g grad av informasjonsdeling og tett samarbeid internasjonalt og mellom sivile og milit re.

#### **Senterpartiet vil:**

- sikre eit sterkt forsvar som er rusta for hovudoppg va si, nemleg   forsvare norsk territorium.
- f re vidare basar i tr d med prioriteringane v re i Langtidsplanen for Forsvaret 2017–2021.
- auke l yvingane til Forsvaret til to prosent av BNP innan 2024.
- sikre ei langsiktig finansiering av Forsvaret som m ter forpliktingane v re i Nato.
- vere atterhaldne med   inkludere fleire medlemsland i Nato.
- ha eit forsvar basert p  ei allmenn verneplikt.
- styrkje alle forsvarsgreiner, men leggje s rleg vekt p  H eren og Heimevernet.
- redusere Forsvarets stabs- og administrasjonskostnader til fordel for operativ verksemd.
- vurdere nye m tar   organisere forsvarets eigedommar og logistikkforvaltning p , slik at det blir meir effektivt og m lretta.
- auke Heimevernet til 50 000 soldatar.
- gjenopprette ei eiga utdanning for Heimevernet.
- framleis prioritere   auke ressursane til  ving og trening av Heimevernet, og auke det  rlege inntaket av vernepliktige ved   innf re ei HV-utdanning p  seks m nader, om n dvendig ved hjelp av «geografiske utskrivng» som sikrar eit landsdekkjande heimevern.
- gjenopprette Sjøheimevernet og f re vidare Kystjegerkommandoen for betre   ta hand om n rkystforsvaret i landet.
- sikre H eren eigen helikopterkapasitet.
- byggje cyberforsvaret vidare til ei sterk og innovativ eining som f rebyggjer og avsl rer cyberkriminalitet. Eininga skal arbeide tett saman med norske offentlege og private verksemder, og internasjonalt for   gjere Noreg til eit av digitalt sikraste landa i verda.
- arbeide for eit tettare nordisk forsvarssamarbeid blant anna n r det gjeld ressursovervaking, deltaking i internasjonale operasjonar, materiell-innkj p,  vingar, skytefelt og utdanning.
- seie nei til norsk deltaking i internasjonale operasjonar utanfor Nato dersom det ikkje ligg f re ei klar forankring i FN-pakta og eit klart FN-mandat.
- at Noreg prioriterer ein nordisk styrke i FN-regi framfor   delta i den nordiske milit re innsatsgruppa i EU.
- styrkje ettervernet for veteranar og familiare deira.
- at internasjonale operasjonar som Noreg tek del i, blir grundig evaluert.
- at Noreg skal arbeide for ein internasjonal, bindande avtale som forbyr atomv pen.
- at Noreg m  arbeide for auka samkvem, handel og samarbeid med Russland i nordomr da.



Senterpartiet